

Årsrapport 2009

Fylkesmannen i Rogaland

Innhold

Kapittel 1 - Om embedet	Side 3
Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer	Side 8
Kapittel 3 - Resultatområder	Side 15
Kongehuset	Side 15
Miljøverndepartementet	Side 16
Landbruks- og matdepartementet	Side 26
Kunnskapsdepartementet	Side 59
Barne- og likestillingsdepartementet	Side 75
Justis- og politidepartementet	Side 77
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 82
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Side 86
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 88
Statens Helsetilsyn	Side 104
Samferdselsdepartementet	Side 110
Utenriksdepartementet	Side 111
Kultur- og kirkedepartementet	Side 111
Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Side 112

Kapittel 1 - Om embetet

1.1 Tilstanden i embetet og fylket – generelt

Innleiing

Fylkesmannen i Rogaland legg med dette fram årsrapport for 2009 i samsvar med rapporteringskrav i embetsstyringsdokumenta og i tildelingsbrev for 2009.

Rapporten er fylkesmannens tilbakemelding med omsyn til aktivitetar og oppnådde resultat i 2009 i høve til dei mål og forventningar departement og direktorat har stilt til embetet i tildelingsbrev for 2009. Vi viser elles til særskilde rapportar på ulike saksfelt.

Rapporten gjev først ei tilbakemelding på administrative tiltak og statistikk. Deretter er det i kap.1 og 2 gitt kort ”tilstandsrapport” og rapport på overordna politiske føringar for rapporteringsåret. Kap. 3 inneheld rapport på dei enkelte resultatområda.

1. Økonomiske rammer og administrative føringar

1.1 Organisasjon

Embetsleiinga har i 2009 bestått av kst. fylkesmann Harald Thune og ass. fylkesmann Arild Michelsen. Avdelingane er leia av følgjande personar:

Administrasjonsavdelinga: Henriette Hagen / frå 15. mai Torjus Waaga.

Forvaltningsavdelinga: Grete E. Øvernes

Helse og sosialavdelinga: Fylkeslege Pål Iden

Utdanningsavdelinga: Sølv Ona Gjul

Miljøvernnavdelinga: Marit Sundsvik Bendixen / May Britt Jensen frå april 2009

Landbruksavdelinga: Jon Ola Syrstad til juni 2009 – deretter Anfinn Rosnes

Embetet har ca. 160 tilsette.

1.2 Budsjett og rekneskap

På same måte som i 2008, hadde Fylkesmannen i 2009 eit meirforbruk. Men det var redusert frå ca. 850.000 til ca. 280.000. Vi er altså på rett vei, men ein må tilstrebe ennå betre økonomistyring framover. For dei konkrete tala viser vi til rekneskapsrapporten.

Når det gjeld økonomiforvaltninga i embetet, tek embetet tek embetet utgangspunkt i den sentrale budsjettfordelingsmodellen, når vi fordelar tidelinga mellom dei ulike avdelingane (fagområda). Dette gir oss ein betre innsikt i korleis departement og direktorat finansierar saksfelte sine. Vi ser at dette vil føre til ein viss grad av intern omfordeling, men dette vil skje over tid i tråd med våre eigne prioriteringar. Vi ser med det også hvilke departementsområde som vi kan karakterisere som underfinansiert samanlikna med andre. Deler av miljøområdet, til dømes planarbeid o. a. kan beskrivast slik. Aktivitetane på kontinentsokkelen er også kraftig underfinansiert. På tross av at dette er erkjent i Helsedirektoratet har det ikkje ført til auka bevilgningar, korkje i 2009 (eller 2010). Det vil måtte få konsekvensar for satsinga vår på dette feltet framover.

1.3 Embetsoppdrag og rapportering

Fylkesmannen i Rogaland har rapport i samsvar med tiledelingsbrev og embetsoppdrag. Vi kan framleist konstatere at krav og forventingar til rapportering er ulikt mellom departementa og det er å håpe at dette kan bli betre samordna.

1.4 Administrative føringer

Når det gjeld saksbehandlingstida så vil vi i hovudsak vise til dei einskilde resultatområda.

Vi har vore særlig bekymra for saksbehandlingstida på byggesaksfeltet. Stor turnover i stillingane har gjort at vi heller ikkje i 2009 har nådd målsettinga om 3 måneders saksbehandlingstid.

Saksbehandlingstida i saker etter utdannings- og barnehagelovgjevinga har stort sett vore innanfor fristen i forvaltningslova. Det blir rutinemessig sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli noko lenger. I 2009 vart slik melding sendt i 15 saker, dei fleste galdt klager på spesialundervisning. Det er ei prioritert oppgåve å behandle klagesakene på utdanningsfeltet så raskt som råd, sidan desse sakene mest alltid gjeld individuelle rettar for barn, unge og vaksne.

Grunna prioriering av tilsynsoppgåver, tidkrevande leiarskifte , høg klageprosent, store vanskelege og tidkrevande saken innan akvakultur og avfallshandtering har sakshandsamingstida innan forureiningssaker blitt altfor lang. Me har ikkje ein systematisk oversikt, blant anna fordi me tilstrebar at sakshandsamarane skal vera bransjespesialiserte. Eit overslag er likevel at gjennomsnittleg sakshandsamingstid på eit utsleppsløyve er over eit halvt år. Rogaland har og flest klagesaker i landet innan forureining. Tilsyn og stor mediemerksemad gjer og menge tips og avdekkar forhold som må følgjast opp. Det går ut over den vanlege sakshandsamingskapasiteten innan forureining.

Svært lang sakshandsamingstid i klagesaker i SFT/Krif aukar dette problemet for vidareutvikling av verksemndene og for tilliten til forureningsstyresmaktene samla

Forvaltningsreforma

Overføring av oppgåver byggjer på eit allereie tett og godt samarbeid mellom Fylkeskommunen og Fylkesmannen. Overføring av oppgåver innan vilt, fiske , friluftsliv og landbruk går godt og me legg vekt på god og jamn kontakt med fylkeskommunen både på leiar, mellomleiar og sakshandsamarnivå. Det er og etablert eit godt samarbeid innan arbeid med innføring av vanndirektivet og akvakultursøknader. Overføring av oppgåver frå vegvesenet til Fylkeskommunen er ein storutfordring. Me må prøve oss litt meir fram for å finne gode former på samhandlinga innan samferdsle med både vegvesenet og fylkeskommunen. Fylkesmannen i Rogaland har gjennom mange år arbeidd tett i lag med Fylkeskommunen innan td. planarbeid og førebyggjande helsearbeid. Fleirtalet av fylkestinget er kritiske til for tett band mellom FK og FM. Fylkesmannen si haldning er at me vil samarbeida så tett med Rogaland Fylkeskommune som det politiske fleirtalet der legg opp til.

Miljøtiltak

Handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar er godt etablert i fylket. Fylkesmannen v/ ass. fylkesmann er leiar av styringsgruppa og Rogaland Fylkeskommune er knutepunkt.

I samanheng med nytt Statens Hus i Rogaland arbeidar ein systematisk for å bli sertifisert som miljøfyrtårn.

1.5 Elektronisk forvaltning

Nettarbeid

Vi arbeider stadig med å utvikle nettstaden vår, ikkje minst i når det gjeld å se denne i samanheng med det øvrige kommunikasjonsarbeidet. Embetets kommunikasjonsrådgjevar, som blei tilsatt hausten i 2008, har mellom anna jobba mykje med å utvikle ein kommunikasjonsstrategi for embete.

Kart og stadfesta informasjon

Gis-kompetansen ved embetet er i stadig endring. Vi har ikkje hatt tilsett GIS-koordinator i 2009, men fleire medarbeidarar tok høgskulenivå GIS-utdanning. GIS-koordinator er på plass frå januar 2010. I tillegg har ein GIS-rådgivar som er tilsett 60% på forvaltningsavdelinga (temakart innan beredskap og kommuneplan) og 40% på landbruksavdelinga (temakart, Geovekst). Drifta av Temakart Rogaland var i 2009 sett ut til ekstern konsulent (www.temakart-rogaland.no). Det er uklart korleis innsynsløysinga for kartdata blir organisert framover; temakart-portalen er tungdriven og blir moglegvis utfasa over tid.

Sakshandsamarar sin GIS-kompetanse er stadig i fokus, og ein del har fått heva kompetansen gjennom kortare og lengre kurs. Geodatautvalet har fungert som møteplass i embetet, men utan å integrere Utdanningsavdelinga og Sosial- og helseavdelinga tilfredsstillande i arbeidet med kartfesta informasjon. Elles verkar utvalet som ein nyttig arena for kartfokusert samhandling mellom avdelingane.

Grunnlagsdata, temadata/plandata og biletdata er tilgjenglege for saksbehandlarane og allmenta gjennom internettportalen Temakart Rogaland.

1.6 Leiing, organisasjon og styring

Fylkesmannen har kontinuerleg fokus på organisasjon og leiing. Det er eit mål å tilstrebe ein flat organisasjon og dei fleste avdelingane er organisert i såkalla sjølvstyrte lag. De fleste avdelingane har ei leiingstruktur med leiar/nestleiar i det vi vil kalle eit integrert leiarskap. Tiltak retta mot leiarskapet i embetet vil difor bli retta mot begge desse leiarskikta.

Personalpolitikk

Fylkesmannen i Rogaland arbeidar for å vere bevisst i sin løns- og personalpolitikk. Vi merker fortsatt eit stort press på lønnsnivået, fortsatt ein noko for høg turn-over (ca. 10%) og få søkerar til mange av stillingane. Vi ser at vi må møte utfordringane med å behalde og rekruttere medarbeidarar med høgare lønn, noko som utarmar budsjetta våre.

IA og sjukefråver

Fylkesmannen i Rogaland er IA-verksemrd. I 2006 vart IA-avtalen fornya og embetet har laga ny handlingsplan frå 2007. Første handlingsplan blei langt på veg innfridd og vi hadde ønska nedgang i sjukefråværet i avtaleperioden. Sjukfråveret viste ei kraftig auke i 2008, til bortimot 7 %. Sjølv om ein del av dette kan forklara i ikkje-arbeidsrelatert langtidssjukefråver, var dette langt frå tilfredstillande. Både AMU og leiargruppa har hatt fokus på det i 2009 og vi ser nå ein nedgang i samle sjukefråver frå nevnte 7 % til under 5 % i 2009.

Lærlingar

Embetet hadde ein lærling, innafor kontorfaget, i 2009.

Likesstilling

Fylkesmannen har totalt sett rimeleg god balanse mellom kvinner og menn i arbeidsstokken, med ein overvekt av kvinner. Det er likevel store variasjonar avdelingane mellom. Dei siste åra har det vore sett særskilt søkjelys på lønnskilnader og talet på kvinner i leiande stillingar.

Tabellane nedanfor viser nokre viktige samanhengar.

Tab. 1 Lønnsfordeling mellom kvinner og menn avdelingane mellom (gjennomsnittlig ltr.)

	Adma	For-valtnings	Miljø	Landbruk	Helse- og sosial	Ut-danning
Kvinner	44,2	54,6	59,4	52,8	57,8	58,2
Menn	51,3	55,4	60,1	60,2	67,4	58

Som ein ser her er det vesentlige skilnader mellom avdelingane. Men denne statistikken gir ikkje heile biletet, då dei ulike avdelingane har ulik grad av variasjon i stillingstyper. I samanlignbare stillingstyper er lønnskilnadane mindre, men det er også slik at i dei lågaste stillingstypene (sekretær, konsulent o.l.) finn ein for ein stor del kvinner.

Tab. 2 Utvikling gj. snittlig lønstrinn kvinner og menn i embetet samla sett

	2004	2006	2007	2008	2009
Kvinner	41,7	47,6	49,5	52,3	54,4
Menn	51,8	55,3	56,6	58,2	59,5

Lønnsauken er større for kvinner enn for menn i heile perioden. Tek ein berre saksbehandlarane med er skilnaden i gjennomsnittslønn vesentleg mindre, 56,5 for menn og 54,2 for kvinner.

Tab. 3 Kjønnsfordeling embete i %

	Topp-leiing	Adma	For-valtning	Helse-og sosial	Miljø	Land-bruk	Ut-danning	Totalt
Kvinner	0	73	56	74	36	50	65	59
Menn	100	27	44	26	64	50	35	41

Tab. 4 Kjønnsfordeling leiande stillingar i tall

	Topp-leiing	Adma	For-valtning	Helse-og sosial	Miljø	Land-bruk	Ut-danning	Totalt
Kvinner	0	1	1	1	2	0	1	6
Menn	2	1	1	1	1	2	1	9

Tab. 5 Deltidstilsette fordelt på kjønn i tall

	Topp-leiing	Adma	For-valtning	Helse-og sos.	Miljø	Land-bruk	Ut-danning	Totalt
Kvinner	0	2	4	4	0	2	0	12
Menn	0	1	0	1	1	0	1	4

Tab. 6 Nyrekuttering i 2009 kjønnsdelt

Kvinner	Menn
14	13

Eksternt likestillingsarbeid

Med forankring i Handlingsplan for likestilling har utdanningsavdelinga deltatt på likestillingskonferanse i Bergen med ein delegasjon på 4 førskolelærarar/styrarar frå Rogaland. Det er dessutan tildelt midlar til utviklingsprosjekt til ein kommune for å utarbeide ein brosjyre om arbeidet med likestilling i barnehagen og dei vaksne sitt medvit om eigne haldningar. Brosjyra er spreidd i heile fylket. Vi har informert om handlingsplan, brosjyre og aktuelle konferansar på nett.

"Menn i barnehagen" er ein viktig del av rekryteringsarbeidet for å få nok førskolelærarar til Rogaland. I samband med dette er det planlagt tiltak og for å prøve å få i gang MIB –nettverk, og utprøving av andre tiltak for å rekrytere fleire menn. Rogaland er med i nettverk under leiing av Høgskolen Sogn og Fjordane. Vi har ikkje hørt noko frå dei, og på eige initiativ har vi etterspurd tiltak frå HSH. Vi vil bli kalla inn til eit møte, men veit ikkje når.

På grunnopplæringsfellet nemner vi informasjonstiltak på nettsidene våre om m.a. analysar av nasjonale prøver/eksamen, ny forsking om kvifor jentene gjer det best på skolen og gutane er overrepresenterte i statistikk over spesialundervisning og fråfall. Elles tar vi med at vi vel kvinner som sensorar i realfaga om vi kan og at vi brukar førelesarar av begge kjønn på eigne arrangement.

1.2 Rapportering på ressursbruk

1.2.1 Embetet som helhet

Departement	FMRO	Sum	
		1510 Fagdep.	
Kongehuset	30	62	30 62
Miljøverndepartementet	1036	266	1036 266
Landbruks- og matdepartementet	1226		1226 0
Kunnskapsdepartementet	640	212	640 212
Barne- og likestillingsdepartementet	94		94 0
Justis- og politidepartementet	388		388 0
Kommunal- og regionaldepartementet	449		449 0
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	125	73	125 73
Helse- og omsorgsdepartementet	254	173	254 173
Statens Helsetilsyn	612		612 0
Samferdselsdepartementet			0 0
Utenriksdepartementet	14		14 0
Kultur- og kirkedepartementet	21		21 0
Fornyings- og administrasjonsdepartementet	2	0	2 0
Administrasjon	989	0	989 0
Embetsledelse	90	0	90 0
Sum:	5970	786	5970 786

1.2.2 Det administrative området

Område	FMRO	Sum	
		1510 Fagdep.	
Embetsledelse (FM og ass. FM)	90	0	90 0
Administrativ ledelse (adm sjef el. tilsvarende)	45	0	45 0
Arkiv	264	0	264 0
Regnskap og lønn	238	0	238 0
Personal	45	0	45 0
IKT	152	0	152 0
Informasjon	75	0	75 0
Ekspedisjon/forværelse	102	0	102 0
Statens hus (vaktmester, kantinge, sentralbord, renhold mm)	68	0	68 0
Landsdekkende oppgaver på administrativt område			0 0
Sum:	1079	0	1079 0

Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornying av offentleg sektor

Samordning er viktig. Embetet arbeider mykje med dette etter to aksar: intern samordning og ekstern samordning. Arbeidet prioriterast fordi vi ser nytta av dette, ikkje minst i dialog med kommunane, effektiviteten det gjer organisasjonen vår og kunnskapsaukinga som følgjer av dette.

Områda vi har arbeidd mykje med i 2009 er kommuneretta tilsyn, KOSTRA og bruk av skjønsmidlar, opplæring i ny plan- og bygningslov. Arbeidet med pandemi har og vore sentralt.

KOSTRA –tall er viktige og brukast mykje. Vi har ei samling i året med alle kommunane kor data blir presentert og problemområde diskutert. Høsten 2009 oppretta vi eit Kostra-/statistikk- forum for å auka kompetansen og bruken av tilgjengelig offentlig statistikk i embete. Representantar fra alle avdelingar deltar.

Vi er også aktive når det gjeld informasjon og dialog med kommunen både via nettsidene og direkte kontaktar.

Prosjektskjønsmidlar blir aktivt brukt for å stimulere kommunen til vidare utvikling og modernisering

Planarbeidet i embetet er også samordna med at fleire avdelingar arbeider saman i et planforum med ein koordinator som bind alt saman. Vårt fylke er eit stort planfylke og embetet ser på dette som ei kjerneoppgåve. Det brukast difor mykje ressursar på feltet.

2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

På helse- sosial og barnevernsfeltet har arbeidet særleg hatt fokus på de store nasjonale satsingane som *Omsorgsplan 2015*, med kompetanseløftet, legetenester i sjukeheimar, demensplan og investeringstilskot for kommunale plassar med heildøgnspleie- og omsorg, *NAV-reforma og kvalifiseringssordninga* med presisering av det kommunale ansvaret, *rusreforma* med presentasjon av ny rusrådgjevar og fylkesmannen si rolle, *Folkehelsefeltet* med særleg vekt på universell utforming og helseaspekt i kommunal planleggjing, *Opptrapingsplan for psykisk helse* med vekt på kommunen si rolle når planperioden er over og psykiatrisatsinga er over i ei driftsfase der kommunen må vidareføra satsinga innan si eiga økonomiske ramme.

Tilsyna mot helse- og sosialtenesta i kommunane er godt samordna, og ein del tilsyn blir gjort som felles tilsyn mot både helsetenesta, barnevern og sosialtenesta.

Det landsomfattande tilsynet med *barnebustader* vart gjennomført i 4 kommunar i Rogaland i 2009.

Volumkrava som vert stilt til embetet med omsyn til talet på tilsyn, er vanskelege å oppfylle. I 2009 mangla vi fire tilsyn på å oppnå dei tilSAMAN 34 tilsyna som er sett som krav for Rogaland når det gjeld planlagde tilsyn på helse- og sosialsektoren. Alle dei landsomfattande tilsyna som var forventa, har blitt gjennomført i Rogaland, både mot kommunehelsetenesta, sosialtenesta og spesialisthelsetenesta.

I tillegg vart det gjennomført eit uanmeldt tilsyn i spesialisthelsetenesta, og ei større kartlegging av barselomsorga som omfatta både kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

Helsetilsynet i Rogaland har også utført tilsyn med ulike installasjoner i petroleumsverksemda, etter plan og på nivå med tidlegare år.

Behandlinga av klagesaker etter helselovene, sosialtenestelova og barnevernlova har hatt høg prioritet, og ved utgangen av 2009 er saksmengda under kontroll.

Fylkesmannen har vore aktiv i rettleiing av kommunane i forhold til pleie- og omsorgstenester, og det har vore særlege tema som kommunane har vore opptekne av, som kompetanseutfordringane, IPLOS, demensutgreiing og spørsmål knytt til investeringstilskot for heildøgns pleie- og omsorgsplassar. .

Opplæring av kommunar, helseforetak, fastlegar, tannhelsteneste og ansvarlege i kommunane kring *nytt kapittel 4A i Pasientrettighetsloven*, har helde fram i 2009, og Helsetilsynet i Rogaland har i 2009 handsama eit stort antal saker på dette nye saksfeltet.

Folkehelsearbeidet er i god gjenge. I 2009 har hovudfokus vore retta inn mot "Helse i plan". Fylkesmannen har vore aktiv pådrivar i forhold til dei ulike handlingsplanane i folkehelsearbeidet og har i 2009 arbeidd tett saman med fylkeskommunen overfor partnarskapskommunane.

Fylkesmannen har etablert nettverk og kontaktar med kommunane og med dei statlege aktørane i NAV-samarbeidet. Me har avsett ein heil stillingsressurs i prosjektorganisering under NAV-fylke. Fylkesmannen bidrar dessutan med omfattande opplæring rundt om på NAV-kontora og sit i styringsgruppa for gjennomføring av NAV i Rogaland. I 2009 har fokus særleg vore retta mot kvalifiseringsprogrammet, og Fylkesmannen har vore pådrivar i kommunane og NAV-kontora si rekrutteringa av brukarar inn i denne nyordninga.

2009 har ellers vært prega av det beredskapsarbeidet som pandemisituasjonen førte med seg.

Fylkesmannen i Rogaland har hatt ei viktig rolle som bindeledd mellom nasjonale Helse-, beredsakaps- og smittevernmyndigheiter, og kommunane i fylket. I denne rolla har me gjennom eit tett samarbeid mellom beredskapsavdelinga og helse og sosialavdelinga tatt hand om det store behovet for rådgjeving ut til kommunane og befolkninga og me har samstundes sørga for ai samla rapportering tilbake til dei sentrale statlege styresmaktene.

Sjølv om dette vart eit svært krevjande arbeid i 2009, er det vårt intrykk at taklinga var vellukka i Rogaland, og me ser no fram til ei systematisk evaluering av det arbeidet som vart gjort.

2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

2.3.1 Samarbeid og samordning

Fylkesmannen har gjennom generell informasjon og rettleiing saman med spesifikke tiltak, motivert til heilskap og samarbeid når det gjeld barn og unge. I Utdanningsavdelinga sin kontakt med barnehagefagleg og skolefagleg ansvarlege og med PPT er slike spørsmål jamleg på dagsorden. Vi har også kontakt med Bufetat og barnehabiliteringa og har m.a. hatt foredrag om regelverket for grunnopplæringa på interne seminar for deira tilsette. Elles er betre samordning ei konkret målsetjing i prosjektet "Dei utfordrande barna". Dette prosjektet vart gjennomført med fire kommunar i "første runde i 2005-2007 med Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen som prosjektleiar. Prosjektleiing og fagleg ansvar er no lagt til UiS v/Senter for Afferdsforskning, og prosjektet er vidareført med fire nye kommunar i 2008-2009. Det er gjort avtale med SAF/UIS om vidareføring i ytterlegare to år. Oppstarten er utsett fordi den eine av dei fire kommunane ikkje har fått på plass avtale med deltarbarnehagane og -skolane enno. Fylkesmannen deltar i styringsgruppa og delfinansierer prosjektet. Elles nemner vi at Utdanningsavdelinga medverkar i samband med planarbeid (kommuneplanar, fylkesdelplanar, reguleringsplanar) som andre avdelingar i embetet har hovudansvar for. I 2009 har vi også medverka i embetet sine oppgåver knytte til pandemien. Dei konkrete tiltaka er nærmere omtalte i kap 3.

2.3.2 Barnehage

Fylkesmannen sine oppgåver er knytte til gjennomføringa av målsetjingane i Barnehageløftet, med full dekning, god kvalitet og låg pris som sentrale mål, og med informasjon, rettleiing, motivasjon og tilsyn som viktige strategiar. Rogaland har hatt stor utbygging av barnehagar i dei siste åra, og alle kommunane nådde målet om full barnehagedekning ved utgangen av 2008. Men Rogaland er eit vekstfylke, og mange kommunar har med auka etterspurnad etter barnehageplassar, framleis behov for vidare barnehageutbygging. Etter det vi veit så langt, vil kommunane kunne oppfylle retten til plass også ved neste hovudopptak. Fylkesmannen held seg jamt orientert om dette gjennom ulike former for områdeovervaking. Dei regelmessige nettverksmøta med dei barnehageansvarlege i kommunane blir aktivt brukte for å medverke til at kommunane oppfyller rett til barnehageplass.

Fylkesmannen har også i 2009 prioritert informasjon og rettleiing om kommunen sitt ansvar som barnehagemynde. Det er m.a. arrangert saksbehandlarsamling for barnehagefagleg ansvarlege i kommunane om kvalitetsmeldinga vurdert mot ein forskingsrapport om førskolelærarmangelen i Rogaland. Dei tre nettverka i fylket (pluss eitt nettverk på det spesialpedagogiske området) er ein viktig arena for dialog og erfaringsutveksling, og det har vore tre til fire møte i kvart nettverk i 2009. Regelverk (m.a. pedagognormen, ny rettleiar om det spesialpedagogiske feltet), kompetanseutvikling og implementering av rammeplanen har vore gjennomgangstema også dette året. Frå kommunane si side er det uttrykt sterkt ønske om vi skal oppretthalde deltakinga vår i desse nettverka. Vi nyttar også nettsida aktivt til informasjon om nasjonale mål og om regelverket, og førespurnader pr telefon og e-post blir prioriterte for å medverke til at regelverket blir kjent og følgt. På bakgrunn av kontakten med kommunane både gjennom informasjons- og rettleatingsarbeid og gjennom tilsyn, er det inntrykket vårt at dei jamt over er rimeleg godt medvitne om kva ansvaret som barnehagemynde inneber. Men det er variasjon både når det gjeld kapasitet og kompetanse i kommuneleddet, og det er ofte forvaltningskompetansen det skortar på. Nokre kommunar styrker no bemanninga på kommunalt nivå på barnehagefeltet, men vi kjener også til kommunar som fjerner barnehagefagleg ansvarleg og delegerer alt til styrarane. Barnehagekonferansen vart også i 2009 arrangert 28. mai og hadde hovudtittelen *Den fleirkulturelle barnehagen, ein møtestad for mangfold*. Konferansen er årleg, og er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, UiS og Utdanningsforbundet Rogaland. Det var 230 deltakarar på konferansen.

Kvalitetsutviklinga blir stimulert ved tiltak knytte til kompetansestrategien, kompetansemidla og kvalitetsmidla. Mål og forventningar til kommunane vart veklagde på samlinga med kommunane nemnt ovanfor.

Kompetansemidla er tildelte til kommunane etter søknad med framlagt kompetanseplan for 2009 og rapport for bruk av midla i 2008. Frå rapportane ser vi at dei prioriterte områda i strategiplanen frå KD er godt ivaretatt, alle barnehagane i kommunen har deltatt i kompetansehevingstiltak og alle yrkesgruppene i barnehagen har deltatt på eit eller fleire tiltak. Midlar til å betre språkforståinga for minoritetsspråklege barn er etter søknad tildelte til 8 kommunar. Kvalitetsmidla er i stor grad nytta til prosjekt i kommunar, til nettverk og samlingar med kommunane, og til eigne prosjekt og konferansar. Midla blir også nytta til å stimulere til arbeid med nasjonale strategiar og satsingsområde. Etter vår vurdering er kvalitetsmidla viktige for å ivareta pådrivarrolla og initiere utviklingstiltak i sektoren.

Fylkesmannen har leia regional prosjektgruppe for rekruttering av førskolelærarar. Gruppa er samansett av deltakarar frå UH-sektoren, alle kommunale nettverk og lærarorganisasjonane. Gruppa har initiert fleire tiltak og delteke med innspeil og forelesing på nettverk for andre regionale grupper i satsinga. Behovet for fleire førskolelærarar i regionen er stort, og vi kan ikkje vente å sjå resultat før om 3-4-år. Men vi ser ein tendens til at talet på søkerar til utdanninga går opp og talet på dispensasjonar går ned. Vi deltok også med innlegg på ein konferanse i regi av UiS om utfordringar i Rogaland som utdanningsregion, og markerte her at rekruttering av førskolelærarar er ein ”kritisk variabel” både for barnehagefeltet og for næringslivet i fylket.

Fylkesmannen har i 2009 ført tilsyn med fem kommunar etter systemrevisjonsmetoden. Tema for tilsyna har vore kommunen som godkjenningsmynde og kommunen sitt tilsyn med barnehagar. Det er mellom anna gitt avvik på at fleire av kommunane ikkje grunngir vurderingane som ligg til grunn for vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova, og at kommunen ikkje sikrar at alle lovbestemte vurderingar er gjorde før vedtak vert fatta. Vidare er det gitt avvik på at kommunane ikkje fører tilsyn med barnehagane i det heile, eller at tilsynsrutinane ikkje dekkjer alle krava i lova. I ein kommune vart det ikkje gitt avvik. Vi nemner også her at det er ført tilsyn med opplæringslova § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp i ein kommune, sjå resultatområde 31.1. Det er vidare gjennomførst skriftleg tilsyn med kommunen si saksbehandling av dispensasjonar frå kravet om førskolelærarutdanning for styrar og pedagogisk leiar etter barnehagelova §§ 17 og 18. Tilsynet vart påbegynt i 2008. Halvparten av kommunane har fått melding om tilsynet og har levert dokumentasjon våren 2009, den andre halvparten fikk brev og frist for dokumentasjon hausten 2008. Alle kommunane har fått særskilde rapportar i løpet av våren 2009. Det vart gitt avvik i eit fleirtal av kommunane. Avvika var mellom anna knytte til manglande offentleg utlysing av den konkrete stillinga, manglande vurderingar og grunngiving av vedtaka, og tilsidesetjing av vilkåret om at det ikkje har meldt seg kvalifisert søker. Elles tar vi med at vi held fram med å hente inn vedtak om godkjenning i alle kommunar for å sikre at det ligg føre gyldige vedtak.

2.3.3 Grunnopplæringa

Nasjonalt tilsyn vart gjennomført som føresett våren 2009 i 4 kommunar og ein privatskole. I tillegg er det i 2009 ført tilsyn med systemrevisjon som metode som følgjer: tilpassa opplæring og spesialundervisning – 3 kommunar, elevane sitt psyko-sosiale miljø – to kommunar, vaksne sin rett til grunnskoleopplæring – ein kommune. Det er gjennomført skriftleg tilsyn med rett til særskilt språkopplæring - tre kommunar. Ved alle tilsyn der det er gitt avvik, har skoleeigar fått ein rimeleg frist til å melde frå om korleis avviket vert følgt opp. Alle har svart innan fristen. Tre kommunar har frist for å sende melding om at avvika er lukka til ulike datoar i 2010.

Det har også vore naudsynt å følgje opp tilsyn frå 2008. I ein kommune var ingen av avvika det var sendt varsel om, retta. Tilsynet galdt tilpassa opplæring og spesialundervisning, og det vart gjennomført nytt tilsynsbesøk i kommunen. Det vart konkludert med tre avvik og sendt varsel om pålegg. Endeleg rapport vart sendt like over nyttår 2010 og konkluderte med pålegg om retting av to avvik. Oppfølging med Rogaland fylkeskommune etter tilsyn med opplæring i institusjonar etter barnevernslova der det vart gitt 4 avvik, er av kapasitetsmessige omsyn utsett til 2010 (og er no i gang).

Elles nemner vi at det vart gjennomført ei kartlegging i alle kommunane sin praksis med å omdisponere inntil 25% av timetalet i fag. Kartlegginga vart gjennomført ved at kommunane vart bedne om å svare på spørsmål og å sende inn dokumentasjon. Alle kommunane har svart.

Kartlegginga viser at ordninga blir lite nytta, og at ho ofta blir nytta feil der ho er nytta. Tilbakemeldinga til kommunane er gitt i eige brev frå Fylkesmannen den 10.12.09.

Tilsyna i 2009 er planlagde og gjennomførde med utgangspunkt i tilgjengelege ressursar i avdelinga. Det er vanskeleg å vurdere om tilsynsarbeidet samla sett er tilstrekkeleg, men graden av avvik ved gjennomførte tilsyn kan indikere at skoleigarane framleis har for låg kunnskap om lovverket og for dårleg forvaltningspraksis. Dette treng ikkje innebere at elevar ikkje får oppfylt rettane sine, men vi er framleis urolege for mellom anna rettar knytte til reglane i § 2-8, kap 5 og § 9a -3. På bakgrunn av erfaringane med tilsynet knytt til minoritetsspråklege elevar sine rettar etter § 2-8, har vi valt å vidareføre arbeidet i 2010 med tilsyn i fire kommunar. Vi har vurdert at det er nødvendig å gjennomføre intervju for å kome "tettare på", og vi vil derfor bruke systemrevisjon som metode.

Avdelinga har hatt relativt stor utskifting av personale i løpet av 2009, med vakanse i utskiftingsperiodane. Det er uråd å rekruttere personale som kan delta i tilsynsarbeid straks, og for ei lita avdeling er det krevjande å byggje nødvendig kompetanse. Den samla belastninga gjer at effektiviteten i arbeidet blir redusert, og også tilsynsaktiviteten blir berørt av dette.

Informasjons og rettleiingsoppdraget er todelt, med både planlagde tiltak og arbeid knytt til førespurnader utanfrå. Mengda av førespurnader pr telefon og epost er i periodar svært stor, både frå dei som arbeider med og i skole og frå føresette. Her er det stort spenn i behovet til dei som vender seg til oss, frå ønskje om enkeltopplysningar om regelverket til behov for rettleiing i kompliserte saker som krev arbeid over tid. Informasjons- og rettleiingsarbeidet er krevjande, men også viktig: Det styrkjer medvitnet om nasjonale prioriteringar i utdanningspolitikken hos skoleigarane, og det gir grunnlag for å sikre kvaliteten i grunnopplæringa. Det er uråd for oss å måle effekten av verksemda, men vi meiner vi ser resultat på ulike vis, t.d. ved at ein kommune grip fatt i konkrete forvaltningsutfordringar etter eit kurs, eller ved at enkeltsaker kan bli løyste gjennom ein rettleiingsprosess utan å bli ei "sak". Elles får vi tilbakemeldingar om at deltakarane opplever både utdanningskonferansen og andre samlingar som viktige møteplassar for dialog og refleksjon. I tillegg får Fylkesmannen gjennom dette arbeidet sjølv viktig informasjon om tilstanden i sektoren, noko som er ein vesentleg del av grunnlaget for å vurdere behovet for tilsyn.

For å spisse merksemda mot temaet for det landsomfattande tilsynet i 2010, valde vi å setje fokus på elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø og mobbing på utdanningskonferansen vår i november 2009. Konferansen fekk tittelen "Saman om mobbing", den eine dagen handla om regelverket og den andre om praktisk arbeid mot mobbing. Om lag 150 deltok. Vi nemner også at dei to foreldrekonferansane som vi arrangerer i samarbeid med KS og FUG, hadde fokus på læringsmiljøet til elevane dette året. Ved nokre tilsyn vart det etter førespurnad frå kommunen gjennomført samling for alle rektorar, PPT, m. fl. i tilknyting til sluttmøtet med gjennomgang av regelverk og lovforståing på tilsynsfeltet. Etter vårt skjøn er slike samlingar svært nyttige - deltakarane er motiverte og "læringsutbytet" godt fordi gjennomgangen blir relatert til deira eigen praksis. Vi har elles deltatt med innlegg og foredrag etter ønskje frå kommunar, m.a. om skoleigarrolla og kva den inneber på opplæringsfeltet. Av kapasitetsomsyn vart det ikkje arrangert eigne regelverksamlingar med tema knytte til tilsynsaktiviteten dette året. Det skal gjennomførast fire slike samlingar i 2010. Hausten 2009 vart det prioritert å gjennomføre heildagssamling om den nye vurderingsforskrifta.

2.3.2 Likestilling

Etter initiativ frå Fylkesmannen i Rogaland, oppretta Stavanger kommune i 2008 eit prosjekt for å rekruttera og behalda menn i helse- og omsorgstenesta. Prosjektet vart støtta med midlar knytt til Omsorgsplan 2015. Prosjektet er vidareførd i 2009 i ei litt ny form, og det er mellom anna inngått samarbeid med NAV for å rekruttera menn som kan ha interesse for å arbeida i helse- og omsorgstenesta.

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Rogaland er eit planfylke som inneber stort fokus og stor aktivitet på feltet. Dette gjeld både regionale planar og kommuneplanar, på reguleringsplanar og mange klagesaker. Fylkesmannen legg mykje ressursar inn på feltet og er aktivt med i dei fleste prosessane både i fylkesplanar og kommuneplanar. Vi deltar i oppstartsmøta, meklingar og drøftingar. Vi legg vinn på å være tilgjengelige for kommunane og på å bli betre på å samordna oss internt. Fylkesmannen er aktiv i bruk av heimesida, og har lagt ut fleire artiklar. I 2009 er det vidare etablert ein eigen nettportal, kor ein fokusere særskilt på "Ny plan- og bygningslov": <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=55823>

Mykje innsats og arbeid er lagt ned i å formidle innhald og endringar i ny planel i plan og bygningslova i 2009. Dette vil halde fram i 2010 saman med kurs i ny naturmangfaldlov.

Tema på årleg førjulsmøte med KS og rådmenn/ordførarar var blant anna ny planlov og ny naturmangfaldlov.

Endra krav til strategisk planlegging og miljøutgreiing i kommuneplan/reguleringsplan er krevande og det vil ta tid før kommunane inkl fylkeskommunen – og fylkesmannen - har funne ei god og effektiv form på dette som tilfredstiller lovkrava og er så fleksible som intensjonen i lovendringa.

2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Det er under utarbeidning ein Regionalplan for landbruk i Rogaland. Dette planarbeidet blei starta opp etter initiativ frå Fylkesmannen. Mykje av arbeidet med planen er lagt til fylkesmannen. Planprogrammet blei godkjent i oktober 2009. Føremålet med regionalplanen er mellom anna at den skal vere eit styringsverktøy for utviklingstiltak, prosjekter og verkemiddelbruk på regionalt og kommunalt nivå. Planen skal avklare det regionale handlingsrommet sett i lys av den nasjonale politikken, og skal gi prioriteringar innanfor det regionale handlingsrommet. Planen skal også bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland. Det skal utarbeidast ein handlingsplan der ulike tiltak blir prioritert.

Ei sentral oppgåve for fylkesmannen er å få kommunane til å sjå at kommunen er ein landbrukspolitisk aktør. Utgangspunktet er at våre 26 kommuner oppfattar dette oppdraget ulikt - mykje kokar ned til dei lovpålagte og forvaltningsmessige oppgåvene. I regionalplan landbruk vil det bli stort fokus på korleis kommunane kan styrke seg som landbrukspolitisk aktør. I så måte er sjølv planprosessen viktig - her blir kommunane involvert både i arbeidsgrupper, prosjektgruppe, delaktige på relevante høyringsmøte og som innspelar til planprogram og vonleg høyring av framlegg til endeleg plan.

Fylkesmannen arrangerer årleg todagars samling for landbruksforvaltninga - kor første dag blir nytta til landbrukspolitisk konferanse kor m.a. også mange politikarar deltek. Dag to er meir knyta til landbruksfaglege/politiske/forvaltningsmessige tema.

Samarbeidet med KS er i utvikling. Vi opplever at ressurssituasjonen i KS Rogaland har vore relativt stram. Situasjonen no er endra - slik at utgangspunktet for samarbeid er betre. I november 2009 tok fylkesmannen initiativ til møte mellom KS (sentralt og Rogaland), Innovasjon Norge (sentralt og Rogaland), Rogaland fylkeskommune og fylkesmannen - med dagsorden om å finne aktuelle samarbeidsprosjekt. Og det er konkludert med to samarbeidsprosjekt;

- **Inn på tunet.** Eit IPT-prosjekt i RUP er i gong - og KS og fylkeskommunen blir no knyta opp til dette prosjektet. Vidare skal prosjektet også ta inn i seg "IPT-løftet". Sentrale stikkord i prosjektet er kvalitetssikring, kundefokus/lønnsomhet og informasjonsretta arbeid om IPT til kommunane spesielt.
- **Bionergi** - her vil ein fokusere på kommunane som kunde av fornybar energi. Også svært relevant i høve til kommunane sitt arbeid med energi- og klimaplanar.

Fylkesmannen har ansvaret for framdrifta i gruppene.

Røynslene frå dei fem åra med tildeling av tilskot i Regionalt miljøprogram syner at programmet er målretta og effektivt. Programmet blei revidert i 2009, og dette er omtala under resultatområde 22.3.

Etableringa av pilotprosjektet ”meir miljøvennleg spreiing av husdyrgjødsel” har vor ei viktig aktivitet innan

miljøsatsinga i landbruket, i samarbeid med Aksjon Jærvassdraget.

Fylkesmannen har ambisiøse mål i handlingsplan for økologisk landbruk, men det viser seg framleis vanskeleg å få auka produksjonen i rogalandsjordbruket. Her står vi føre ei stor oppgåve.

Fylkesmannen har vore pådrivar og koordinert Rogaland sin del av oppfølgingsarbeidet i samband med Melding om kystskogbruket, som ni fylkeskommunar frå Rogaland til Finnmark står bak. Både skognæringa og fylkeskommunen har aktivt deltatt i dette arbeidet. Fylkesmannen er også viktig medspelar i fylkeskommunen sitt arbeid med utarbeiding av "*Handlingsplan for skogbruket*".

Rogaland har ingen nasjonalparkar og heller ingen område som er med i Nasjonalparkplanen. Me har likevel 15% av arealet vårt verna og det er generelt sett krevande område å forvalte med kompleks eigarstruktur, mange besökande, mange dispensasjonssøknader og mange bruksintereser i og nær verneområda. Ekstra midlar frå DN som har gjort oss i stand til å styrke skjøtselstiltak i verneområda. Det er ikkje minst viktig for naturvernet og Fylkesmannen sitt omdømme

Me har starta opp arbeid med marint verneområde på Jærkysten.

Målkonfliktar mellom klimaskogsatsing, ivaretaking av kulturlandskap, jordvern og biologisk mangfold, er tydelege i Rogaland. Til dømes vil mange gjengroingsområde i vårt klima vil ha varmekjær lauvskog som klimaksskog om dei får tid til å utvikle seg naturleg, og ein bør til bømes vurdere om gran er rett "klima-treslag" på slike lokalitetar.

Fylkesmannen i Rogaland har lagt ned eit stort arbeid for å ivareta biologisk mangfold i 2009 gjennom blant anna

- ny kartlegging og kvalitetssikring av kommuekartlegging av naturtypar
- skjøtsel i verneområde blant anna fjerning av framande artar slik som rynkerose, lupin og sitkagran
- handlingsplanar for truga artar
- uttalar og motsegner i planarbeid
- uttalar og samråd innan akvakultur for å verne villaksen
- deltaking i arbeid med regionalplan for villreinområde SVR
- prosjektkoordinator for Åkerrikseprosjektet
- sekretariat rovviltnemnda
- arrangør landsamling framande artar
- støtte til utstillingar om naturmangfold og deltaking på arrangement med foredrag og god kontakt med lokal presse om dette temaet
- samarbeid med landbruksavdelinga om RMP og SMIL- midlar
- stimulering til Arvesølv-prosjekt i kommunane

2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har frå og med april og ut året 2009 hatt stort fokus på pandemi, noko som har medført at svært mykje ressursar har gått med til dette. Som ein konsekvens har andre oppgåver vorte redusert i forhold til verksemndplanen. Dette gjeld tilsyn, arbeid med Fylkes-ros og øvingar

Fylkesmannen og kommunane har som ein konsekvens av svineinfluentaen, hatt ei praktisk øving i pandemihåndtering i 2009. Fylkesmannen har og i 2009 hatt god og jevnleg kontakt med andre sentrale statlege instanser, i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

Fylkesmannens eigen kriseorganisasjon hadde i 2009 øvelse/seminar.

Fylkesmannen har medverka til vidareutvikling av kommunalt kriseplanverk. Me har og hatt fokus på samfunnstryggleik i samband med opplæring i 2009, for kommuner og regionale planaktører i plandelen av ny plan- og bygningslov. I arealplanlegging har Fylkesmannen delteke på fleire oppstartsmøte i samband med rullering av kommuneplanar og har informert mykje om krav og forventningar til kommunane og kva for tryggleiksmessige konsekvensar den einskilde kommune står overfor. Vi har gitt motsegn på grunn av manglande ivaretaking av ROS-omsyn. Det er likevel slik at tallet på motsegner når det gjeld ivaretaking av ROS-omsyn, er redusert frå forrige år.

Fylkesmannen har gjennomført rettleiingsmøter med kommunar, og hatt nettvekstmøte for å styrke og vidareutvikle samarbeidet. Fylkesmannen har frå hausten 2009 arbeidd mykje med klima og energi. Vi har bygd eigen kompetanse og gått nærmere inn på kommunale klimaplaner med fokus på samfunnssikkerhet.

I 2009 starta Fylkesmannen arbeidet med ein detaljROS for klima.

Kapittel 3 - Resultatområder

Kongehuset

00.1 Kongelige besøk

Besøk i 2009

14.5.2009 - HKH Kronprinsen - EVS24 - 1 dag

20.8.2009 - HKH Kronprinsen - Den nasjonale konferansen om Fairtrade og etisk handel i Sauda + Filmfestivalen i Haugesund. Kronprinsen måtte overnatte 1 natt.

1-3.9.2009 - HHKKHH Kronprinsparet - Fylkestur Rogaland - besøkte kommunene Utsira, Vindafjord, Gjesdal, Bjerkreim, Eigersund, Sokndal og Lund

8.11.2009 - HM Kongen - Vigsling av ny biskop i Stavanger domkirke

Hvert besøk fra Kongehuset er krevende. Vanligvis bruker Fylkesmannen og en saksbehandler flere dagsverk hver i f.m. hvert av besøkene

Men Fylkesbesøket fra Kronprinsparet var særdeles krevende. Ved siden av Fylkesmannen selv og assisterende Fylkesmann, har 2 sakbehandlere brukt flere ukesverk på dette ene besøket.

00.2 Tildeling av ordener og medaljer

I 2008 blei det i Rogaland tildelt ein St. Olavs Orden, to Kongens fortenstmedalje i gull og 19 Kongens fortenstmedalje i sølv. Fortenestmedalje samla er det tildelt 22 i 2009. Fylkesmannen i Rogaland har eit menypunkt på nettstaden med informasjon om fortenstmedaljar og St. Olavs Orden.

Ressursrapportering

63.1 Kommunalrett

Lovlegkontroll

Det er ikkje stilt krav om saksbehandlingstid. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore ... mnd. Fylkesmannen har dessutan i stor utstrekning svart på spørsmål frå kommunar og publikum. Det er registrert inn ... skriftlige spørsmål knytt til lovlegkontoll.

To av lovlegkontrollsakene har vore særleg tidkrevande. Den eine gjalt kontroll av eiendomsskatteregulativet i Hjelmeland kommune. Utfall: Kommunens vedtak blei opprettholdt. Den andre gjaldt kontroll av gebyrregulativet i Sandnes kommune knytta til gebyr for ulovlege byggjetiltak. Utfall: Kommunens vedtak blei oppheva ved inngangen til året. Kommunens arbeid med å få på plass eit nytt vedtak som er i tråd med regleverket har krevd mye oppfølgingsarbeid fra Fylkesmannens side. Dette arbeidet er ennå ikke avsluttet.

Resultatområde	FMRO	Sum
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 00.1 og 00.2	30	62

Miljøverndepartementet

Resultatområde 01 Naturen mangfold og friluftsliv

01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

Fylkesvise verneplaner

Ingen pågående planer.

Utvidet skogvern

Planlagt oppstart for fredning av et enkelt barskogsområde i Suldal kommune. Rapport fra SABINA er laget. Videre arbeid utsett til det blir barmark igjen.

Nasjonalparkar og større verneområde

Forvaltningsplan for Jærstrendene er klar for trykking. Høyringsprosessen har vore særskrivende.

Fylkesmannen i Rogaland har gitt ein fagleg vurdering av verneverdiar i Prekestolområdet der Naturvernforbundet har sett fram forslag om Nasjonalpark.

Me avventar sentral handsaming av ny forvaltningsmodell for større verneområde. Nye forvaltningsorgan må sikrast ein god tilknytning til kommunar og statleg naturvernforvaltning i Rogaland.

Me deltek v/viltforvaltar i arbeidet med regionalplan for villreinområde SVR.

Marin verneplan

Oppstartsmelding sendt, godt oppstartsmøte gjennomført, men med relativt liten deltaking. Offentleg høyring gjennomført og konstruktive innspel frå dei to kommunane, fiskeridirektoratet og friluftsrådet mottatt. Konfliktpotensialet synes lågt. Samordning med fiskeridirektoratet på regionnivå er gjennomført. Godt bildemateriale frå området tilgjengeleg frå tidlegare arbeid med taretråling . (Oppsummering høyring oversendt DN 1.feb).

Forvaltning og naturoppsyn i verna område

Arbeidet har hatt uvanlig stor aktivitet i 2009 grunna auka øyremerkte midlar og ny fast tilsett medarbeidar. Det vert lagt opp til konkurranse om utføring av oppdraga og det er etablert eit nettverk av utførarar i form av friluftsråd, SNO, frivillige lag/organisasjonar, kommunalt driftspersonell, bygdeservice-selskap og andre lokale tilbydarar. Dette er eit stort framsteg i arbeidet med forvaltning av verneområde.

SNO i Rogaland er styrka ved ny stilling i indre Ryfylke, men situasjonen med ein tilsett for Jæren/Sør-fylket held ikkje i lengda ut frå gitt arealpress og praktiske oppgåver.

Kartlegging og overvåking av biologisk mangfold

Kvalitetssikring og nykartlegging er vidreført som planlagt, samordna med naturtypekartlegging for å styrke kunnskapgrunnlaget for frivillig skogvern. Vellukka konferanse om naturtypekartlegging for kommunane m.fl. i februar, bla. evaluering av kunnskapsstatus. Er no å jour med kvalitetssikring og import i naturbasen og oppdatering av portalen "Temakart Rogaland". Utspel/opplegg for å få inn naturtypedata frå naturinteresserte på nett. Metodemessig vanskeleg å lage dekningskart. Mykje areal gjenstår med 1.generasjonskartlegging av mangefull kvalitet. Me treng minst like stor innsats i 2010. Kvalitetssikringsarbeid ift. vilt er gjennomført

Ivaretaking av viktige areal for biologisk mangfold

Innanfor verneområda , er skjøtselplanarbeidet inkl. fjerning av framande artar prioritert. Gjennom uttalar planarbeid og søknader om landbruksveg/nydyrkning bidreg Fylkesmannen noko. Det er ein utfordring å få kommunar og grunneigarar til å inkludera viktige områder for verdifullt biologisk mangfold i areal-, og miljøplaner.

Motorferdsle i utmark

Er ikkje eit stort problem i Rogaland, men helikoptertrafikken er aukande. Manglende kommunal vilje til en restriktiv politikk, også i verna områder. Køyring med 4-juling i terrenget er og aukande. Truleg lite medvit om forbod. Køyring med bil på frosne vatn er registrert gjennom avisoppslag. Vidare er vannscooter og konkurranseregula båtarrangement i skjærgården ein veksande utfordring.

Kulturlandskap

Miljøvernavdelinga bistår L-avd. i arbeidet med ”Utvalgte kulturlandskap i jordbruksområdet”. Ordning i RMP (Regionalt miljøprogram) for ekstensivt beite og redusert overgjødsling i/ved verna våtmarksområde. Oppfølging av nasjonal handlingsplan for slåttemarker er igongsett, samordna med fylkesdekkende ”arvesølvprosjekt” for å betre kjennskap til - og skjøtsel av kystlynghei og naturbeitemark. Kulturmarkstyper er prioritert i naturtypekartleggingene. Mange nye naturbeitemark-områder med verdi A og en rekke rødlisterarter er kartlagt, bl.a. på Ryfylkeøyene. Av handlingplanene for trua planter er fire fra naturbeitemark, ein av dem delvis fra slåttemark. Tidligere kartlagde områder med slåttemark er i mange tilfelle for dårlig dokumentert for oppfølging i nasjonal handlingsplan. Grunneiermotstand har hindra oppfølging.

01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser

Generell viltforvaltning og tilskuddsforvaltning - vilt

Faste oppgåver, søknader om skadefelling, løpende kontakt med publikum og kommuner med veiledning. Tilskott utbetalt så snart det let seg gjøre. Arbeidsgruppe som skal bidra til ein god oppgåveoverføring etter forvaltningsreforma er etablert med Fylkeskommunen på leiarnivå. Viltforvaltar og andre fagfolk blir trekt inn etter behov og det er lagt vekt god kontakt på saksbehandlernivå.

Forvaltning av hjortevilt

Håndtering av søknader om forlenga jakttid på hjort for 4 kommunar. Informasjonsarbeid. Seminar om kommunal viltforvaltning i desember 2009.

Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk

Faste oppgaver, behandling av søknader etter lakse- og innlandsfiskeloven med forskrifter.

I samband med regulering av fiske for perioden 2010 til 2014 har FM vurdert gytebestandsmål og andre nødvendige førebuingar i 2009 for nyregulering.

Fylkesmannen i rogaland har lagt ned betydelige ressurser i oppfølging av St. prp. Nr. 32 (2006-2007). Problematikken knyttet til lakselus og rømt oppdrettslaks er særlig vektlagt. Fylkesmannen har rådd frå auka biomasse av oppdrettslaks i Ryfylke grunnet lakselus og rømt oppdrettslaks. Mykje ekstraarbeid er i 2009 knytt uttale til mange søknader om utviding av lokalitetar for lakseoppdrett og oppfølging av lakselus-situasjonen.

Forvaltningsreforma har og krevd oppfølging på dette området frå vår side i 2009, på grunn av overføring av koordineringsansvar etter akvakulturlova til Fylkeskommunen. Me har deltatt i møter med oppdrettsnæringa i lag med fiskeridirektoratet, mattilsynet og fylkeskommunen om overføring av oppgåver. (Det er påpeikt frå næringa og dei andre offentlege aktørane at Fylkesmannen i Rogaland har for lite kapasitet til å halde ein god og konstruktiv dialog med næringa for å bidra til ei bærekraftig utvikling innan havbruk. Leiar for Fiskeridirektoratet, region Sør, Siri Meling, ba i 2009 om eige møte med Fylkesmann Thune, for å påpeike dette. Dette gjeld både i forhold til villaks og sjø-aure og i forhold til utsleppsløyver).

Kalking

FM følgjer opp og koordinerer kalkinga i fylket. FM har særlig fokus på effektkontroll og optimalisering av de nasjonale kalkingsprosjekta. For dei lokale kalkingsprosjektene er behov for kalking simulert og nødvendige endringar gjort.

Rovviltforvaltning

Faste oppgaver i forbindelse med sekretariatsarbeid for rovviltnemnda i region 1. Håndtering av skadefellingssøknad og andre oppgaver ifm rovvilt og erstatning i fylket.

Forvaltning av truga arter

Fylkesmannen i Rogaland har nasjonalt koordineringsansvar for handlingsplanen for åkerrikse. Oppfølging av andre nasjonale handlingsplaner der Rogaland har viktige forekomstar: *Elvemusling, hubro og stor salamander*. I 2009 har me og forebudd oss til å overta koordineringsansvar for handlingsplan for 7 karplanter og *svarthalespove*. Feltarbeidet for handlingsplaner for 8 trua karplantarter er under avslutning, handlingsplanene kan først ferdigstilla på nyåret.

01.3 Fremmede arter og GMOer

I 2009 er det sammenstilt eksisterende kunnskap og laget utkast til en foreløpig plan for feltet. Tilsetting av saksbehandler (3år eng.) i september. Etablering av referansegruppe og annet nettverk for videreutvikling og iverksetting av plan tidlig i 2010. Fm i Togaland har bistått DN med landssamling på Sola 21.22.09.09. Nylig utspill/opplegg for å få inn data om svartelistearter fra naturinteresserte på nett.

01.4 Friluftsliv

Generelt:

Innan resultatområdet er fordeling av av midlar til ulike friluftstilak prioritert, samt vurdering av aktuelle sikringsobjekt. Viktige prosjekt i 2009 har vore Vibrandsøy og Vigdel (forsvareigedom). Vidare kontakt ovafor fylkeskommunen i forhold til overføring av friluftsoppgåver er sikra både på leiings- og sakshandsamarnivå. Denne byggjer på etablert god regional dialog inkl. fylkesdelplanarbeid.

I kommuneplan og reguleringplanarbeidet er friluftsliv, strandsone, landskap og omsyn til barn og unge viktige vurderingsmoment. Til dømes er 66 % av frårådingar til dispensasjoner frå reg.plan er relatert til natur- og friluftsomsyn. Av motsegner til reguleringplanar er 49 % knytt til natur- og friluftsomsyn.

Me registerer ein auka pågang av saker i sikra område der me skal ivareta grunneigarrollen - mange søknader om tiltak i og nær sikra friluftsområde.

Allemandsretten:

Det er ein del spørsmål som me svarar på av juridisk og anna karakter.

Stimulerings/motiveringstiltak:

Me har fordelt statlege midlar etter søknader. Søkjer å stimulere/motivere gjennom anna arbeid td. planarbeid, naturinformasjonsarbeid m.m.

Sikring og ivaretaking av attraktive friluftsområde:

Stor pågang av søknader, særleg frå friluftsråda. Særleg mange gode prosjekt i regi av Friluftsrådet Vest i år.

Resultatområde 03 Rent hav og vann og giftfritt samfunn

Generelt

Det er fremdeles svært stor aktivitet på dette feltet. Tilsynsaktiviteten medfører at mange bedrifter må følges opp tettere enn ventet. Det medfører at vi i år ikke får utført så mange tilsyn som vi beregnet. Bemanningen er nok ikke tilrettelagt for å kunne håndtere alle sakene. Håndtering av saker etter forurensningsloven både når det gjelder utslipp til luft, sjø og grunn medfører ofte protester og klager på vedtak. Rogaland er et tett befolket fylke med et stort konfliktnivå knyttet til støy, støv, forsøpling og utslipp til vann.

Vi har fortsatt store utfordringer knyttet til aktørene på avfallssektoren. Her er det mye penger i å unndra seg tiltak.

Arbeidet med vannrammedirektivet er prioritert.

Oppgaveprioritering er nå revidert. Arbeidet med støysaker etter forurensningsloven er tatt opp igjen etter brev fra SFT.

Har, med godt oppmøte , gjennomført kurs for kommunenes saksbehandlere på avløp.

03.1 Helhetlig hav- og vannforvaltning

Rapport på spesielt oppdrag:

03SO1 : Vi har deltatt i høringsprosessen. Har samordnet våre uttalelser internt.

03SO2: Det er laget en overvåkingsplan for Figgjo-vassdraget.

03SO3: oppdrag utført

03SO4: oppdrag utført

03SO5: Vi har sendt innspill til gjennomføring av forvaltningsreformen. Rogaland fylkeskommune ble regional vannmyndighet i Rogaland.

03SO6: opplæring utført

03S07 : oppdrag utført

03S08: Oppdrag utført

03S09: ikkje fullført komplett

03.2 Overgjødsling og nedslamming

03SO11 oppfølging av avløpsaksjonen 2008 . Oppfølging avløpsaksjonen pågår. Vi følger opp Akkreditering av prøvetaking og registrering av driftstid på overløp. Melding til SFT om dette er sendt.

Rapporter spesielt på oppdrag 03SO13: Skipsverft. Behov for oppfølging og justering av objekt for pålegg. Dialog med SFT pågår.

MOB-land kartlegging er ikkje gjennomført i Rogaland.

Flytt frå 3.1

03.3 Oljeforurensning

Mob kartlegging ikkje gjennomført på land.

03.4 Miljøgifter

Faste oppgaver:

Særlig utfordrende sak med mye medieoppmerksomhet knyttet til opphogging av utrangerte oljeinstallasjoner i Vats har i 2009 tatt svært mye av arbeidskapasiteten vi har på dette området. Lokale reaksjoner fra fiskere og miljøvernorganisasjoner på utsipp av miljøgifter til fjorden.

Arbeidet med opprydding i Stavanger Havn, er i gang fra kommunen sin side, men sliter noe med ansvar, fremdrift og avgrensing.

Ikke videre framdrift med tiltaksplan Karmsundet i 2009

Mudring/dumping:

Bedret fokus og praksis på undersøkelse av grunn og søknad om utslippsløyve ved utfylling/mudring i sjø. Vi har særlig arbeidet opp mot Vegvesenet i dette og det gir resultat.

03SO12P: kontrollaksjon galvanobransjen gjennomført

03SO13P: For 4 store prioriterte skipsverft er oppdraget utført. Det er behov for justering av ytterligere påleggsobjekter ut fra forelding, rettsikerhet, likebehandling m.m. (Det er dialog med Klif om dette og det er avtalt synfaring på aktuelle lokaliteter i Karmsundet og Stavanger havn).

03SO15: Grunnforurensing:

Etter publisering ble vi klar over via grunneiere som kontaktet oss, at dataene i grunnforurensingsdatabasen for Rogaland ikke er korrekte. Det går særlig på feil i gårds- og bruksnr og koordinater. Utbygging på utfyllin i eldre havner, har ført til at svært mange får registrert grunnforurensing på eiendommen sin og reagerer på dette. Vi har ikke kapasitet til å følge dette opp. Det burde vært løst gjennom et samarbeid med kommunene og Statens Kartverk.

03RA3: Vi har ingen lokaliteter i prioritert 1 og 2.

03.5 Avfall og gjenvinning

Faste oppgåver:

Det har vore svært mykje medieoppslag om avfallsbransjen i Rogaland i 2009, jamfør Vatssaka og flerie av sorteringsanlegga i Stavanger. Tilsyn med avfallsbransjen, avdekkar omfattande avvik som krev mykje oppfølging inkludert behov for justering av løyve. Bransjen er under utvikling og har store forbetringspotensiale. Samla sett er sakshandsamingstida innan avfall for lang.

03SO18P: har deltatt i landsdekkande avfallstilsyn, deponiene er kontrollert og avfallsleverandørene vil bli kontrollert i 2010.

03SO19P: oppdrag gjennomført. Bruk av PCB lysarmatur kontrolleres også i andre kontrollaksjonar td. lokale aksjonar ovafor bilverkstader. Mange funn.

03SO20P: Dårleg drift på eit avfalls forbrenningsanleg avdekkja gjennom tilsyn.

03SO22P: Ale deponi som skal ha vidare drift har fått løyve.

03SO23P: Noe merarbeid knyttet til endring av veileder for deponi av organisk materiale.

03SO24P: Krav til avslutning av deponi er gitt.

03RA5 Avfall fra skip: Det er ikke sendt ut ny purring til havnene på manglende avfallsplaner.

03RA6 byggavfall : 16 kommuner har fulgt opp krava og har plassert ansvar og vedtaksmynne internt i kommunen, 4 kommuner følgjer opp krava, men har enno ikkje plassert ansvaret formelt, 2 kommuner kjenner til forskrifter og planlegg oppfølging, - og Eigersund kommune har ikkje svart.

03RA7 Deponier – se eget skjema.

Resultatområde 04 Et stabilt klima og ren luft

Regional og kommunale klimaplanar prioritert. Plankoordinator hos forvalningsavdelinga har gjort det meste av dette arbeidet.

Lokal luftkvalitet og støy

Vi har oppgradert vår kunnskap om støy og har utpekt saksbehandlere som skal ta dette temaet spesielt

04.1 Klimaendringer

(sjå resultatområde 06)

04.4 Lokal luftkvalitet og støy

Vi har oppgradert vår kunnskap om støy og har utpekt saksbehandlere som skal tar dette temaet spesielt. Dette er også fokusert i planarbeid.

Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling

06.1 Ansvar for at nasjonal politikk formidles og ivaretas

Gjennom uttaler til planer har embetet fokus på oppfølging av kjøpesenterpolitikken og på å sikre samordning av utbyggingsmønster og transportsystem. I regional arealplanlegging f.eks gjennom Revisjon FDP Jæren, Konseptvalgutredningen for transportarbeidet på Jæren, Transportkorridor Vest) har FM fokus på energi- og klimahensynet, bl.a. på miljøvennlige utbyggingsmønstre og transportløsninger.

Den såkalte Ikea- saken har vært en viktig prinsipsak for embetet i forhold til dette temaet. Vi har fremmet

innsigelse til Ikeas planer om å flytte og har anbefalt overfor departementet som nå har saken til behandling om å ta innsigelsen til følge.

Hensynet til barn og unge blir tatt opp på alle oppstarts møter med kommunene. Her vises det til RPR og informeres om barnetråkk. Fagavdelingene følger dette aktivt opp i uttaler til reguleringsplaner.

Embetet har hatt høyt fokus og brukt mye ressurser på veiledning av kommunene i forbindelse med iverksetting av ny plan- og bygningslov. Det er avholdt 2 samlinger a' to dager for hele fylket i mars 09. I desember ble det avholdt en samling for planansvarlige med oppsummeringer fra departementets samling i november med anledning til å ta opp spørsmål. Det har også blitt innledd et samarbeid med Statens kartverk der det blant annet er avholdt møte med de kommunene som har kommet lengst med utforming av kommuneplan etter nytt regelverk, for å diskutere problemstillinger og søke felles løsninger. Koordinator har reist til flere kommuner og holdt innlegg om den nye plandelen. Tema blir også berørt på alle møter med kommunene i kommuneplanprosessen. I tillegg har det vært stor pågang med konkrete spørsmål som enten sendes på epost eller tas opp per telefon. Embetet har laget en egen nettside der det er lagt ut eksempler og informasjon innen ulike emner.

Fylkesmannen har i 2008 og 2009 deltatt aktivt i arbeidet med regionalplan for klima og energi i Rogaland. Planen har et særleg fokus på bl.a energiproduksjon, energibruk og utslipp fra industrien, fra primærnæringa, fra bygg og anlegg og fra areal og transport og på klimatilpasning. Planen blei sendt på høyring i juni 2009. Kommunane har ventet på denne planen og har kome seint i gang med det kommunale planarbeidet på klima- og energiområdet. I 2009 hadde kun 2 kommunar en energi- og klimaplan, mens 4 kommunar hadde et planprogram eller forslag til kommunedelplan på høyring

Det er gjennomført en konferanse med tema "Bruk av statistikk og levekårsdata i kommuneplanarbeidet". Målsettingen med tiltaket var å øke forståelsen for levekårsdata som grunnlag for kommunalt planarbeid. Dette er et tiltak av Helse i planarbeidet.

Både Statlig planleggingsretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommune og Enova sin tilskuddsordning har ikke fokus på klimatilpasningaspektet. Fylkesmannen mener at klimatilpasning bør være en naturlig del i kommunale energi- og klimaplaner og har ekstra fokus på at dette blir tatt med i det kommunale og regionale planarbeidet. Avvik: FM har i 2009 ikke klart å oppdatere Miljøstatus i Rogaland på klimaområdet

06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist

Veiledning ny pbl. Se om dette punktet under 6.1.

Avvik: Vurdere juridisk holdbarhet av kommuneplaner med bestemmelser. Ressurser til dette arbeidet er fjernet for å fokusere på behandling av byggesaker.

Det er gjennomført 16meklinger i 2009. I flertallet av sakene er det oppnådd enighet lokalt. Det er videre gjennomført seks befaringer med Miljøverndepartementet i saker som er oversendt til departementet for avgjørelse.

Embetet prioriterer uttale til kommuneplanprosessene høyt. Vi opplever at den nye plandelen medfører mye ekstraarbeid i form av uttale til planprogram og økt bruk av KU og ROS. Kravet til statlige myndigheter om tidlig inngripen og forutsigbarhet er også arbeidskrevende. Det er fremmet innsigelse til alle kommuneplaner som har vært på høring. I to tilfeller er kommuneplanen returnert uten realitetsbehandling på grunn av manglende konsekvensutredning.

06.3 Samordning av statlige interesser

Ved utlopet av 2009 er Fylkesmannen registrert som deltaker i 17 ulike regionale planer under utarbeidelse/revisjon. For de største planene med flere deltakere fordelt på ulike arbeidsgrupper. Rogaland fylkeskommune har iverksatt arbeid for å få igangsatt planforum i Rogaland. Embetet har gitt innspill til dette arbeidet.

Internt er det gjennomførte et omfattende organiseringssarbeid for å sikre bedre intern samordning mellom de ulike fagavdelingene og forankring av sakene hos ledelsen.

06.4 Kart og geodata

Oppfyller GIS-strategien i hovedtrekk, har opprettet geodatautvalg hos FM. Flere har tatt GIS-tilleggsutdanning, men manglende tid til praktisering og stor gjennomtrekk i GIS-koordinatorstilling har vanskeligjort oppbygging av nødvendig kompetanse. Dette har også hindret nødvendig oppdatering av Temakart-portalen. Ny teknisk løsning for Temakartportalen er valgt. Vi deltar i prosjekt med kommunene m.fl. om digitale kommuneplandata, rasterdata på plass. Når det gjelder vektordata for K-plan og reg.plan gjenstår mye. Ny GiS-koordinator ble tilsatt i 2009 og har tiltrådt tidlig i 2010.

Adm sitt ansvar . sjekk om denne teksten dekkar

Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

07.2 Kunnskapsoppbygging og miljøinformasjon

Miljøstatus og Forurensning

Miljøstatus: Arbeid med oppdatering og videre utvikling er nedprioritert grunna kapasitetsproblem.

Forurensing: Seksjonen har brukt mykje tid på å heve kvaliteten på dataene. Eigenrapporteringa hos verksemndene har vore komplisert og ressurskrevande både for dei og Fylkesmannen. Verktøy innan avfall bør vidareutviklast.

07SO2P - Ein del eldre løyve sletta , særleg innan fiskeforedling. Noko arbeid igjen med å sjekke ut nedlagde verksemder.

07SO3P - alle tilgjengelige er lagt inn

07SO4P: ujamt på bransjane på kor oppdatert dette er. Er stort sett komplett unntatt grus- og pukkverk.

07SO5P: deponigass - nokre usikre data

07SO6P : alle kontrollar og tillatelsar er lagt inn til og med 2005. Også godt i gang med tidlegare år. Me har lagt inn heile saksgangen og det er brukt mykje ressursar på dette. Dette vert søkt gjort fortløpende i nye løyve, og eldre ved tilsyn og forespørsel m.m.

07SO7P - ulikt kvalitetsnivå mellom bransjar. Relativt komplett tilbake til 2005.

07SO8P - Energiforbruk vert lagt inn ved nye søknader.

Sikre at miljøhensyn blir formidlet, forankret og integrert i alle sektorer av samfunnet - blir gjort gjennom planarbeid og kontakt med kommunar, fylkeskommune, verksemder, publikum og ikkje minst gjennom brei pressedekning . God utviking i mediearbeid.

07.3 Virkemidler og prosesser

Generelt

Talet på tilsyn har gått ned i 2009 frå året før grunna mykje oppfølgingsarbeid frå 2008. Nokon av sakene har vore særskompliserte , td. Q-marine og ei sak som er anmeldt innan farleg avfall.

07SO11 - ikkje ferdig med plassering av utsleppsleppsløyver i risikoklassar i alle bransjar, td pukkverk, asfaltverk. Me planlegg lokale tilsynsaksjonar på dei aktuelle bransjane og gjere risikoklassifisering i samband med dette.

07SO12 - har deltatt i alle landsdekkande og regionale forventa aksjonar

07SO13 - Tilsynsplan laga men ikkje sendt inn.

07SO14 - Intern tilsynskalender, samkjørt med embedet ellers og til dels med med mattilsynet og fiskeridir på oppdrett, er laga for 2010. Planen er ikkje registrert i Forurensing, men kontrollar vert registrert etter kvart.

Tilsyn:

07SO15P - Det er brukt minst 2,2 årsverk på tilsyn etter forurensingslova

07SO16P - kommunalt tilsyn på avløp gjennomført - rapporterionsfrist mars 2010.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMRO	Sum	
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.			
Resultatområde 01	254	100	254 100
Resultatområde 02	0	0	0 0
Resultatområde 03	100	67	100 67
Resultatområde 04	13	13	13 0
Resultatområde 05	0	0	0 0
Resultatområde 06	369	369	369 0
Resultatområde 07	300	99	300 99
Sum:	1036	266	1036 266

Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

21.1 Jordbruk

Utfordringar i Rogaland på jordbruksområdet, og Fylkesmannens utfordringar med gjennomføring av aktivitetar og tiltak på jordbruksområdet

Som eit stort husdyr- og tomatfylke står Rogaland føre spesielt store utfordringar på energi- og miljøområde. Husdyra produserer store mengde gjødsel, bruker til dels store mengde energi og den energikrevjande tomatproduksjonen er basert på ein ikkje-fornybar ressurs.

Fylkesmannen har arbeidd aktivt for at biogassanlegg må vere ein av strategiane for styrking og utvikling av Matfylket Rogaland. Dei mest husdyrtette områda har i dag knapt med eller mangel på spreieareal og er med det

også ekstra sårbar for evnt. tiltak i kjømda av vassdirektivet eller andre skjerpa miljøkrav. For region Jæren vil truleg desse utfordringane vere viktigaste kriterium for framtidig konkurranseskraft. Og Jæren skal vere viktige for Rogaland (og landet) også i framtid – Jæren representerer ein motor for landbruket i fylket og det er stor produksjonsvilje i den regionen. Men for å oppretthalda eller auke produksjonen i våre sentrale jordbruksområde, må ein ta klima- og miljøutfordringane på alvor. Biogassanlegg kan vere eit av bidraga frå husdyrbruket til reduksjon av klimagassar og legge til rette for meir fornybar energi. I tillegg vil biogassanlegg gi grunnlag for produksjon av gjødsel- og jordforbetringsprodukt. Målet bør også vere at kan lagast gjødselprodukt av生物resten til erstatning for kunstgjødsel, også for sal til andre område i landet. Vidare vil biovarmen frå anlegga kunne brukast til oppvarming av dei mest energikrevjande husdyrbygga. Biogassanlegg basert på husdyrgjødsel og anna organisk avfall blir ikkje lønsame utan økonomisk støtte utanfrå. Ved årsskifte 2009/2010 er fylkesmannen i prosess med fleire biogassprosjekt; Hå Biopark AS (kombinert anlegg matavfall/husdyrgjødsel, stort anlegg), Bioenergi Finnøy AS (i hovudsak gjødselbasert, samarbeidsprosjekt, middels stort) og Årdal Bio AS (gjødselbasert, gardsbasert). Desse tre anlegga arbeider i forprosjektfase (beslutningsgrunnlag). I tillegg til desse er det også fleire initiativ på gang.

Matfylket Rogaland er ei svært viktig næringspolitisk satsing. Fylkesplanen og fleire regionale planar har mat som ei av hovudsatsingane. Måltidets Hus blei offisielt opna i 2009 og huset, med dei mange spanande matmiljøa, arbeider aktivt med å finna dei gode arbeidsformene. Fylkesmannen arbeider aktivt for at også primærnæringane skal finne sin plass i Måltidets Hus generelt, og med prosjekt i NCE Culinology spesielt.

Potet

Tal dekar med potet i Rogaland har gått ned frå 10 020 daa i 2001 til 9 229 daa i 2008. Ut ifrå arealet er Hå og Klepp dei største potetkommunane, med 2 492 daa og 2 843 daa i 2008. Ser man på tal daa med potet per bruk, så finnes dei største driftseiningane i Hå (80 daa) og Stavanger kommune (46 daa). Total produksjonen har vore relativt stabil i Rogaland i perioden 2001 til 2008, rundt 27 000 tonn. Vi er no i den gode situasjonen at etterspurnaden etter lokalproduserte poteter aukar, i all hovudsak pga at Hoff utvidar sin produksjon av skrellepotten. Det blir stimulert til auke av potetarealet gjennom eige prosjekt (sjå seinare).

Sau

Det er optimisme i sauehaldet i fylket. Vi konstaterer at sauetalet i Norge har gått noko ned dei siste åra og at langtidsprognosane tilseier underdekning av sau og lam. Rett nok ser det for 2010 ut til å bli balanse, men med eit lengre perspektiv meiner vi at det er rom for meir sau i Rogaland. Fylkesmannen i lag med sauennæringa og slakteria starta i 2009 opp det 3-årige prosjektet *Auka produksjon i sauehaldet i Rogaland*. Dette kvalitets- og kompetanseprosjektet har som mål å auke både avdråtten og tal sau. Etter oppstarten 1.oktober 2009 har vi hatt 6 info-/fagmøte rundt i fylket. 600 bønder møtte opp og prosjektet er godt motteke.

Husdyrkonsesjon- svin og fjørse

Det blei behandla tre søknader om husdyrkonsesjon. Jæren Purkering fekk konsesjon for navet med 450 avlspurker. Purkeringen har ni satellittar. Vidare blei det gitt konsesjon for omlegging til 29.343 høner, og dette var innafor tidlegare innvilga konsesjonseiningar. Dessutan blei det gitt mellombels konsesjon med 9.700 høner for utprøving av kraftfør.

Veksthus

Oppvarma veksthusareal har vore relativt stabilt i Rogaland dei siste åra og var i 2009 på om lag 360 dekar (tomat/agurk). Men nye arealet har blitt teke i bruk i 2.halvår 2009 (registrerast først i 2010) – kan hende ein auke på vel 20%, noko som viser at veksthusnæringa er på offensiven. Innan tradisjonelle veksthusproduksjonane som tomat, agurk og blomster skjer det for tida ei sterk strukturrasjonalisering. Ein reknar med at tomatgartneri framover bør vera minst 5-10 daa for å halda oppe konkurranseskrafta i ein internasjonal marknad (import). Dette gjer at mange av dei eksisterande, mindre veksthusa innan få år blir tatt ut av tomatproduksjonen.

Siste åra har vist at det er marknad og betalingsvilje for spesialtomater. Rogaland kan generelt vanskeleg konkurrera på volum og må derfor arbeida aktivt med utvikling av produksjons-metodar som sikrar god smak og kvalitet på produkta.

- smakstomater (mange ulike sortar)
- helsetomater (sortar dokumentert innhald av positive bioaktive stoff)
- snack-agurkar

Norsk ”lysproduksjon” av agurk har fått fotfeste og har vist seg konkurransedyktig i høve til import – betre smak

og betre grønnfarge enn importagurk.

Dei siste åra har ein også lykkast med produksjon av tomat i utvida sesong ved hjelp av lys.

Det vil truleg vera potensiale for auka lys-produksjon av tomat, bl.a. fordi kvaliteten blir god og fordi ein utnyttar veksthuset større del av året. Dersom ein får god avling, gjev dette lågare produksjonskostnader pr kg tomat enn ved tradisjonell produksjon. Meir intensiv produksjon vil kunna gjera mindre veksthusanlegg konkurransedyktige. Vidare vil det å vera i marknaden heile året truleg vera ein viktig faktor for konkurranseevna til næringa framover.

Heilårsproduksjon krev store investeringar og er ein fagleg krevjande produksjon. Tett oppfølging av rådgjevingstenesta og FoU-miljø vil vera avgjerande for å lykkast her.

Blomster

Blomsterprodusentane i Rogaland står framfor minst like store utfordringar som grønsaksprodusentane ettersom dei ikkje har tollvern i det heile.

Strukturrasjonalisering, spesialisering og energiøkonomisering er gjennomgåande tema innan denne bransjen. Mest mogleg miljøvennleg produksjon (biologisk plantevern, bruk av fornybar energi m.v.) vil vera viktige strategiar i høve til import.

Mjølk

Situasjonen for mjølkeproduksjonen i fylket er stort sett som for 2008. Framleis er utfordringane størst i distrikta våre – fleire her enn i dei sentrale jordbruksområda sel kvota og det er mindre byggeaktivitet. Både i regionane Haugalandet og Ryfylke, og kommunane Rennesøy/Finnøy er det i dag eigne mjølkeprosjekt. Desse tre prosjekta har som hovudmål å halde oppe mjølkeproduksjonen i regionane. I 2010 startar det også opp tilsvarende prosjekt for region Dalane. Prosjekta blir godt motteke og det er bra aktivitet. Trass at mjølkekvetane framleis renn sør og sørvest i fylket, meiner vi at prosjekta har effekt. I Regionalplan landbruk vil denne problemstillinga er av dei meir sentrale temaa. Vidare har vi *Folkefføset på Jæren* som starta opp i 2008. Vi ser klart at dette prosjektet skaper mange gode prosessar ved m.a. å sjå muligheter i å utvikle eksisterande driftsbygningars eller finne smarte modellar for nye løysingar til levelege kostnadjar.

Frukt og bær

Auka profesjonalisering og spesialisering går sin gang innan bærnæringa. I 1999 hadde vi 110 dyrkarar av frukt eller bær i fylket delt på 1803 dekar og produsentane kan i det store og heile delast i to typer; dei som satsar profesjonelt med større areal basert på utanlandsk arbeidskraft og dei som driv småskala på mindre areal, basert på eiga arbeidskraft. I dag er det rom for begge desse ”driftsformene”.

Rekruttering og likestilling

Kva er rekrutteringsutfordringane i det rogalandske landbruket? Vi har ikkje klare svar på det. Isolert sett ingen mørke skyer på området – gardsbruka bli overtatt. Men det viktige spørsmålet er jo om kva som skjer med produksjonen vidare på gardane. Stadig fleire paktar bort jorda, men bur på garden. Så langt har det vært stor nok produksjonsvilje i vårt landbruk til at vi held oppe eller aukar produksjonen. Men framover er vi usikre. Regionalplan landbruk vil fokusere på problemstillinga.

Når det gjeld likestilling har ikkje kvinnene auka sin posisjon i det tradisjonelle landbruket. I 2006 var om lag 13% av bøndene i fylket kvinner. Ikkje dei store endringane frå tidlegare år. Ulike ”kvinnovasjonssatsingar”, med også fokus på landbruksnæringar, er konkrete tiltak som vonleg også vil gi fleire kvinnelege bønder.

Oversikt om hvordan midlene over kapittel 1144 post 77 til rovviltkompensasjonen er benyttet.

Ingen midlar til Rogaland. Dette er ei ordning for dei delane av landet der konfliktane knytt til rovvilt er størst.

Beskrive utviklingen i beitebruk og utarbeide tapsstatistikk

I statistikken for organisert beitebruk for 2009 går det fram at Rogaland er det fylket som har lågast tapsprosent

med 4,01% for lam og 2,24 % for sau. Til samanlikning er det fleire fylke der tapsprosenten er tre gonger høgare. Det kan og nemnast at mange sauebønder i Rogaland har dyra på ”heimebeite” slik at andelen som er organisert er relativt låg.

Fylkesmannen i Rogaland har sekretariatfunksjonen for rovviltnemnda i Region 1 (Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane). Landbruksavdelinga samarbeider med miljøvernnavdelinga om dette arbeidet.

Erfaringane med veterinærtenestene

Kommunane har etablert veterinærtenester som dekker alle kommunane i fylket. Så langt ein kjenner til fungerer ordninga med at kommunane har ansvar for dekning av veterinærtenestene rimelig greit. Nokre kommunar gir tilbakemelding på at det har medført ein del ekstra arbeid som ikkje blir kompensert av administrasjontilskotet. **Tapsstatistikk sau på utmarksbeite**

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)	% tilslutning til org. beitebruk i fylket		Tapsprosent		Total tapsprosent	
		Sau	Lam	Sau	Lam	2008	2007
FMRO	40262	62279	22			2,24	4,01
Sum	40262	62279	22			0	0

21.2 Skogbruk

Utvikling og utfordringar på skogsområdet

Som ei direkte og lokal oppfølging av Kystsaksmeldinga vedtok Fylkestinget i 2008 at det skulle utarbeidast ein ”Handlingsplan for skogbruket i Rogaland”. Handlingsplanen blei samrøystes vedteken i Fylkestinget i desember, der det blei gjennomslag for dei prioriterte tiltaka i tråd med Kystsaksmeldinga. Hovudutfordringa framover blir å prioritere ressursbruk inn mot dei viktigaste tiltaka og omsetje dette i praktisk handling. Landbruks- og matdepartementet (LMD) har vidareført tilskotsposten for kystsaksmeldinga i budsjettet. Det er både oppmuntrande og motiverande for det vidare arbeidet.

Skogbruket i Rogaland har lenge hatt svak verdiskaping, men planteskog av gran og sitkagran gir no god og stigande avkastning. Rogaland er dessutan det desidert største juletrefylket i landet, med sterkt satsing på edelgranartar. Førstehandsverdien i skogbruket utgjer 33 mill. kroner, inkludert juletre, som utgjer 11 mill kroner (tal VSOP). Dette er ein kraftig auke (over 50%) samanlikna med 3 – 5 år tilbake, trass eit år med lågkonjunktur.

Avverking

Hogstaktiviteten heldt seg høg også i 2009, med sluttresultat på 84 000 m³. Dette er det nest høgaste hogstnivå som er registrert i Rogaland. Dette er høgt samanlikna med tidlegare år, og spesielt ut frå at gjennomsnittsprisen har gått relativt mykje ned frå om lag 300 kr/m³ (gj.snitt siste 5 år) til 260 kr/m³ i 2009. Gjennomsnittleg avverkingskvantum dei 5 føregåande åra er 65 000 m³. Siste hogstrekord var i 2008 med 111 000 m³.

Det uheldige er at det er planteskog av ung gran og sitkagran som blir avverka. Gran utgjer heile 70 % av all innrapportert hogst. Dette betyr at granskogen i fylket blir kraftig overavverka. Vi ser likevel ein markert auke i hogsten av furu, med over 20 000 m³, som er ei tredobling samanlikna med tidlegare år. Dette er ei heilt nødvendig dreiling av hogstaktiviteten for å unngå ytterlegare overavverking av gran. Samstundes frigjer hogst av furu mykje god mark for planting av treslag med vesentleg større verdiskaping og CO₂-binding. Ein tydeleg tilskotsprofil for bruk av taubanetilskot i furu- og lauvskogen har også medverka til større hogstaktivitet på desse i utgangspunktet marginale areala med stort produksjonspotensiale ved rett utnytting.

Det er isolert sett bra med høg avverking, men når vi ser at over 70 % av grantømmeret går til massevirke, er det grunn til å ropa eit varslo. Dette er ikkje ei berekraftig utnytting av dei beste skogareala og den beste skogen med tanke på optimal verdiskaping og størst mogleg CO₂-binding.

Hogststatistikken og stikkprøvar i samband med kontrollar og andre oppdrag, viser at fleire store hogstar også i 2009 er gjennomført i skog som på langt nær er hogstmoden. Dersom denne trenden held fram, vil det føre til at tilveksten av kvalitetsskog og hogstpotensialet i framtidsskogen går kraftig ned. Skog og landskap har på spørsmål sagt at med ei tilsvarende overavverking, og med berre 50% av hogstarealet foryngja, vil det kunne føre

til at balansekvantumet om få år må reduserast med 25%. Samanliknar vi med tal frå siste landskogtaksering, høgg vi no dobbelt så mykje gran som vi burde ut frå normal alder på hogstmoden skog. I tillegg blir store areal på dei beste bonitetane avskoga/omdisponerte. (sjå under skogkultur for meir utfyllande info).

Slik reglane i skogbrukslova no er utforma, er det er svært utfordrande å hindre denne utviklinga i eit husdyrfylke. Omdisponeringsparagrafen er tatt bort, og det er ingen restriksjonar på hogst av ungskog. Lovendringane, saman med redusert kompetanse og kapasitet i kommunal skogforvaltning, vil over relativt kort tid redusere skogbruket si evne til verdiskaping og CO₂-fangst.

Fylkesmannen vil difor på nytt be Landbruks- og matdepartementet å vurdera lovendringar som gjer det mogleg å hindre at bønder så lett skal kunne ta ut av produksjon framtidig verdiskaping på kvalitetsskog og CO₂ binding grunna ulike, ofte kortsiktige gevinstar. I arealpolitikken og ressursvernet elles i landbruket har det i lang tid vore ført ei restriktiv linje, der kortsiktige gevinstar må stå tilbake for det langsiktige og samfunnsganglege. Det bør vurderast om ikkje skogbruket som ei langsiktig næring skulle ha det same vernet.

Hogst i eldre felt på god bonitet, over 70 år, viser jamt over høg tømmerkvalitet. Det er ikkje uvanleg med skurtømmerdelar på 70 – 80 %. Utfordringa framover blir å halde att på hogsten av gran, medan aktiviteten i furu og lauvskog bør aukast vesentleg inntil planteskogen kjem med full tyngde i perioden 2025 – 2040. Det er ingen tvil om at skogreisinga med gran (og sitkagran) som hovudtreslag er blitt ein suksess, både i kvalitet, produksjon og økonomi. Med enda betre kunnskap om kva proveniensar som er best eigna, lovar dette godt for neste generasjon skog med tanke på optimal verdiskaping og CO₂-binding.

Skogkultur

Vi ser, som nemnt ovafor, ei urovekkande utvikling i haldningane til å sikra framtida med kvalitetsskog og høg CO₂-binding. I 2009 gjekk planting etter barskoghogst ned frå 640 daa til 610 daa. Dei siste 8 åra er det i gjennomsnitt planta 500 daa etter barskoghogst.

Dette betyr i praksis at det skjer ei avskoging på dei beste skogareaala med den beste skogen. Ut frå hogststatistikken og enkle analyser kan vi slå fast at minst halvparten av granarealet går ut av skogproduksjon, eller at arealet gror til med lågtproduserande lauv. Skogplanting er blitt ein heilt marginal aktivitet. Det blei i 2009 planta totalt 1120 dekar mot 870 dekar året før. Utviklinga er positiv, men ut frå at vi hadde to mindre prosjekt Aksjon skogkultur, hadde vi forventa høgare investeringsnivå. I enkelte område kan noko av forklaringa vere mangel på planter av rett proveniens.

Manglande forynging og hogst av ung skog fører til ei elendig utnytting av skogressursane og store CO₂-utslepp på areal som kunne bunde og lagra klimagass over lang tid. Slik sett er dagens skogsdrift i Rogaland verken berekraftig eller klimavennleg.

Med rekordstor hogstaktivitet dei siste 5 åra er det oppstått eit stadig større avvik mellom snauhogd areal, og det som faktisk blir tilplanta og fornya. Ei nøktern vurdering av plantebehovet gitt dagens hogstnivå, inkl. etterslep på 10 000 daa, tilsvarer ein årleg aktivitet på minimum 3500 – 4000 daa dei første åra for å komme ajour.

Aktivitet planting siste 5 år

- 2005→ 790 daa
- 2006→ 980 daa
- 2007→ 980 daa
- 2008→ 870 daa
- 2009→ 1120 daa

Sjølv dei siste åra med gode rammevilkår for skogkultur, stor politisk velvilje, fokus på miljø/CO₂-binding, har ein ikkje klart og komme tilbake på tidlegare nivå før merkeåret i 2003 – med bortfallet av tilskot til skogkultur. I distrikt utan sterkt skogbruksmiljø viser det seg å vere tungt å heve interessa og dermed investeringslysta i langsiktige tiltak etter ”knekken” i 2003. I tillegg kjem følgjene av eit nedbygd offentleg tiltaksapparat for skogbruk. Skognæringa på Vestlandet har førebels heller ikkje økonomi til å betale eit privat tiltaksapparat. Det er difor få eller ingen med kompetanse som kan drive rettleiing og motivering til eit næringsretta og berekraftig skogbruk.

Investeringane i ungskogpleie er små i forhold til behovet. Over tid aukar etterslepet, og aktiviteten burde vore 3–4 gonger høgare for å sikre rimeleg kvalitet, produksjon og CO₂-binding. Vi ser også her ei positiv utvikling og

ein auke i investeringane i høve tidlegare år. Betre organisering og tilbod om bruk av utanlandsk arbeidskraft frå næringa og ut mot kommunane/skogbruksjef er nok litt av forklaringa på aktivitetsauken. Det finst utanlandsk arbeidskraft som kunne vore utnytta enda betre, men dette fordrar at kommunane skaffar rasjonelle oppdrag.

Aktivitet ungskogpleie siste 5 år

- 2005 → 2300 daa
- 2006 → 1700 daa
- 2007 → 1600 daa
- 2008 → 2200 daa
- 2009 → 2500 daa

Skogsvegbygging

Vegbyggingsinvesteringane er ikkje store, totalt ferdigstilt 13 km. Dette er ein liten auke frå 2008, då det beli ferdigstilt 10 km. I perioden 2004 – 2009 er det ferdigstilt berre vel 2 km med nyanlegg bilveg, medan ombygging hadde eit omfang på 2,4 km. Det er ferdigstilt flest traktorvegar med i alt 10,2 km i 2009.

Den låge vegbyggingsaktiviteten er i samsvar med tilskotsrammene fylket har, saman med ei skogfondsordning som har liten effekt i furu- og lauvskogområde i kyststrok grunna låg driftsnetto. Manglande rettleiingsapparat og kompetanse innan vegplanlegging er også hemmande på investeringslysta, og for framdrifta i ein del prosjekt der det allereie er sett av midlar. Vi har fokus på framdrift av vegprosjekt ut mot kommunane jamleg, utan at dette så langt har gitt resultat.

Vi har vore inne i ein periode med høgkonjunktur i byggje- og anleggsbransjen i fylket, men dette ser ut til å snu, og ein ser at prisen har gått relativt mykje ned i enkelte område.

Oversikt siste 5 års periode

- 2005 → 6,1 km
- 2006 → 6,7 km
- 2007 → 4,4 km
- 2008 → 9,7 km
- 2009 → 13,0 km

I eit fylke der skognæringa er under oppbygging, er det svært langt att til eit forsvarleg utbygd vegnett.

Vegbygging er ei grunnlagsinvestering på linje med sjølve skogreisinga, og difor er tilskotsrammer og andre offentlege vilkår avgjerande for tempoet i å gjera skogareala tilgjengelige for drift. Det er svært positivt at det no er politiske signal om ei omfordeling av tilskotsrammer til fylke med store investeringsbehov, og at dette har resultert i ei litt større tilskotsramme.

Vi ser framleis at apparatet og kompetansen for å mobilisere/få fram gode vegprosjekt er kraftig nedbygd. Det blir ei stor utfordring å byggje dette opp igjen, dersom aktiviteten skal aukast i tråd med både nasjonale signal og tilrådingane i "Kystsogmeldinga". Ei heving av vegtettleiken vil vere heilt avgjerande for ei forsvarleg og berekraftig utnytting av skogressursane generelt, og dei ressursane skogreisingarsbeidet over tid har bygd opp spesielt. Med nokre få unntak er kompetansen på vegplanlegging låg i kommunane. Dette betyr at vi ikkje får fram dei beste vegløysningane i alle kommunane. Det er også naturlig at kompetansen er liten på området når aktiviteten er så avgrensa. Fylkesmannen har kompetanse, men ikkje kapasitet. Vi arbeider med å få på plass ein vegplanleggjar som kan vere til hjelp med prosjektering av større veganlegg. Utfordringa er mangel på arbeidsgjevarar som vil/kan ta ansvar over tid.

Vi er i gong med utarbeiding av hovedplanar for skogsvegar og vil ha fullt trykk på dette i 2010. Med bakgrunn i ressurssituasjonen hos Fylkesmannen er vi avhengig å kjøpe inn ressursar for å kunne hjelpe kommunane i arbeidet, og ikkje minst for å kunne innfri tidsplanen i eit av fellesprosjekta i oppfølginga av Kystsogmeldinga, der alle kystfylka må vere i mål med dette arbeidet i løpet av 2011.

Taubane og hest

Utbetalingane her har auka frå 147 000 kr i 2008 til 530 000 kroner i 2009. Det er tatt ut i alt 4000 m³ med taubane som er ein firdobling av aktiviteten. Dette er i all hovudsak furu- og lauvdrifter.

Rogaland har ein klar tilskotsprofil, der vi ønskjer aktivitet i furu og lauvskogen, medan hogst av gran med taubane i prinsippet skal vere sjølvberande. Satsane for furu og lauv er på 160 kr/m³ med banestrekking over 150

meter.

Miljøtiltak i Skog

Dette ikkje utbetalt tilskot til miljøtiltak i 2009.

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog er rapportert gjennom Skog og landskap si nettbaserte rapporteringsløysing. Skogbruksplanlegginga følgjer hovedplan for skogbruksplanlegging i fylket frå 1999. Arbeidet med revisjon av hovedplan for skogbruksplanlegging har heller ikkje kunne få prioritet i 2009.

Andre tiltak i skogbruket

Her er det løyvd midlar til prosjektretta satsingar på ekstra skogkultursatsing med oppsökjande verksemd/rettleiing – totalt 360 000 kroner. Dette er i tråd med liknande og tidlegare prosjekt på ekstra skogkultutsatsing. Etter å ha vurdert desse prosjektsatsingane nærmare, ser vi at enkelte kommunar er flinke til å dokumentere behov, men at det manglar ein del på å få omsett behova til konkret handling/investeringar. Fylkesmannen har difor no tatt initiativ til betre oppfølging frå kommunane si side. I tillegg er det løyvd litt midlar til generell informasjon og sponsoring av Aktivt skogbrukskurs.

Spesielle midlar til kystskogbruket

LMD har oppretta tilskotsposten ”Spesielle midlar til kystskogbruket”. Løyvinga for 2009 var 10 mill. kroner til fordeling på ni fylke. Løyvinga skal gå til å dekke tidlegare ordningar til bl.a. virkesomsetning og kompetansehevande tiltak. Resten kan nyttast til nye tiltak.

Rogaland fekk tildelt 1 mill. kroner. Av dette er 370 000 kroner løyvd til dei ”gamle” ordningane. Resten er nytt til felles prosjekt i regi i Kystskogbruket, bl.a. ”Taubaneprosjektet”, ”Vegprosjektet” og til konkrete investeringar i infrastruktur m.m.. Det er rapportert særskilt og meir utfyllande til SLF om bruken av desse midlane.

Fylkesmannen er svært glad for at denne tilskotsposten er oppretta. Ved å nyttja delar av denne løyvinga til felles prosjektsatsingar langs kysten, vil vi kunne oppnå større kostnadseffektivitet og synergieeffektar. Behovet for utgreiing og tilrettelegging er stort i kystskogbruket, og det er difor særskilt positivt at løyvinga for 2009 blei dobla.

Korte distriktskurs

Avsett ramme for 2009 var på kr 70 000, og heile ramma er løyvd fullt ut til skogdagar, korte kurs og generell informasjon. Dette er svært kjærkomne og nødvendige midlar til kurs og informasjon for område mest utan rentemidlar og næringsstøtte. Vi ser auka kompetanse verkar motiverande og aktivitetsfremjande. I tillegg gir kunnskap betre effekt av investeringsmidlane.

Kontroll

Kontroll med skogbrukstiltaka skjer bl.a. gjennom den godt innarbeida miljø- og resultatkontrollen for skogkultur, vegbygging og skogbruksplanlegging. Vi har heller ikkje i år hatt kapasitet til å gjennomføre vedlikehaldskontroll av skogsvegar.

Resultatkонтroll av skogsvegar med tilskot

Kommunane har ansvaret for å gjennomføre resultatkontroll på alle ferdigstilte skogsvegar med tilskot. Fylkesmannen blir ofte invitert av kommunane til å delta på kontroll av større veganlegg, men vi tek også sjølv initiativ til å vere med på kontroll, spesielt av store skogsbilveganlegg. Alle resultatkontrollane blir rapportert gjennom fagsystemet SVEG, der alle skjema er lagt inn digitalt for 2009. Resultatkонтrollen på skogsvegar med tilskot ser ut til å vere ei oppgåve kommunane stort sett tek på alvor, men manglande kompetanse set grenser for kvaliteten på arbeidet.

Resultatkонтroll av forynging og miljø

I vårt fylke er vi pålagt å kontrollere 20 felt, derav 10 plantefelt frå 2008 og 10 på hogstfelt frå 2007. Vi gjennomfører kontrollen i samarbeid med kommunen, der også miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen er invitert.

Resultata viser at det er få merknader på miljøvurderinga av hogsttiltak. Få avvik kan til dels forklaast ut frå ofte små hogstflater i vårt fylke, men også eit oppegående entreprenørkorps som er oppdatert på å ta nødvendige miljøomsyn.

Når det gjeld kulturtiltak var resultatet også i år dårlig, - der litt i underkant av halvparten av felta (9 av 20) ikkje var tilfredsstillande forynga. Av desse 9 felta var 7 ikkje forsøkt forynga, medan resterande (2) var tilplanta, men med delvis avgang grunna beiteskader, dels dårlig utført plantearbeid og konkurranse frå anna vegetasjon. Av dei felta som var tilfredsstillande forynga var fleirtalet godt under tilrådde verdiar for tettleik, men innafor minstekravet i forskrifta. Ei positiv endring mot tidlegare år er at vi registrerte at det allereie var bestilt planter på 5 av felta som ikkje var forsøkt forynga.

Nytt av året er at kontrollen skal fange opp hogsttidspunkt for skogen. Konklusjonen er at storparten av grana blir høgt for tidlig. 8 av i alt 13 hogstfelt med gran er hogd for tidlig. (1 i h.kl. 3, 7 i h.kl. 4 og 5 h.kl. 5.)

I år blei i alt 3 hogstfelt som var plukka ut, ikkje teke med i kontrollen fordi dei var omdisponert til andre formål. Vi har tidlegare i samband med revisjonen påpeika at dette er eit punkt som burde vore med som ein del av den nye resultatkontrollen. Dette for å få ein peikepinn på kor store areal over tid som går ut av skogproduksjon.

Denne stikkprøven gir ikkje noko fullstendig oversikt over foryngingstilstanden i fylket, men sett i samanheng med liten planteaktivitet, analysar frå plantestatistikken og stor hogstaktivitet, stadfester dette den uheldige utviklinga med avskoging av våre beste skogareal og at granskogen blir høgt for ung. Kontrollskejema er rapportert og lagt inn i digitalt fagsystem.

Pyntegrønt

Pyntegrøtnæringa, og då særleg juletrepoduksjonen, har gjennom ei årrekke arbeida målretta mot innanlands- og utanlandsmarknaden. Fokus på kvalitet og profesjonalitet hos enkelprodusentar, samt eit aktivt og dyktig rettleiingsapparat, har gitt resultat. Fleire nye marknadskanalalar, spesielt mot utlandet, gir grunn til optimisme i næringa og gode utsikter for dei som tør å satse. Etterspurnaden aukar og næringa treng fleire profesjonelle produsentar.

Rogaland er det førande juletrefylke med optimale produksjonsforhold. Høg kompetanse i forsøksringsystemet er og ein viktig faktor for den positive utviklinga vi ser i juletrenæringa. Med dei marknadsutsiktene ein no ser, finst det eit stort potensiale for ytterlegare vidareutvikling av juletre- og pyntegrøtnæringa i fylket, både mot innanlands- og utanlandsmarknaden.

Fylkesmannen har i 2009 i samarbeid med næringa og Innovasjon Norge fått på plass retningsliner for BU-støtte til investeringar til nyetablering og vidareutvikling av rasjonelle driftseiningar/plantasjar for juletrepoduksjon. Responsen på ordninga har vore god med 15 til 20 aktuelle søknader som var på gang før jul, frå både godt etablerte produsentar og nyetablerarar.

Fylkesmannen har over fleire år arbeida målretta for å få salet rapportert gjennom virkesdatabasen, og for å nytta skogfond til investeringar. Begge delar har lukkast rimeleg godt, og juletredyrkarane er no langt flinkare til å nytta skogfond enn den tradisjonelle skognæringa i fylket. I 2009 er det innrapportert 92 000 juletre for sal, mot nokre få tusen berre få år tilbake.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Samarbeid med regionale aktørar innan næringsutvikling

Mykje av det offentlege utviklingsarbeidet i Rogaland skjer i partnarskap. For oss er dei viktigaste samarbeidspartnerane på fylkesnivå Rogaland fylkeskommune og Innovasjon Norge. I tillegg har fleire satsingar karakter av kommuneoverbyggande/fylkesdekkande, slik at partnarskapet ofte blir utvida med prosjekteigarar, universits- og forskingsmiljø og interkommunale selskap. Tilhøva ligg godt til rette for regionalt samarbeid i Rogaland - det er tradisjonar for det.

Fylkesmannen sin inngang i partnarskapet er *livskraftig landbruk og levande bygder*. Vår hovudregel er at vi skal kunne sjå ein bonde i det meste vi er med på. Det betyr ikkje at vi melder oss ut i saker som ikkje ligg nær bonden eller bygda. Vi arbeider aktivt med at primærlandbruket – dvs bøndene – skal få større merksemd i partnarskapet. Årsaka til for lita merksemd om bonden sine utfordringar kan ha med at ein regionalt opplever å ha lita påverknad på landbrukspolitikken og/eller at landbruksnæringa er for komplisert og samansett. I Rogaland representerer jo primærdelen i landbruksnæringa over 4.700 enkelt verksemder. Men vi reknar med at bonden får større merksemd framover, både ved at fylkeskommunen frå 2010 også har fått konkrete landbruksoppgåver og at arbeidet med *Regionalplan for landbruket i Rogaland* skaper større merksemd om bonden.

Fylkesmannen brukar over 60% av BU-midlane på prosjekt forankra i Regionalt Utviklingsprogram (RUP). Den største enkeltsatsinga er VRI-Rogaland, med særskilt satsing på energi, mat og maritime næringar. I 2009 nytta vi kr 600.000 på VRI. Fylkesmannen er med i styringsgruppa for samhandlingsdelen, men vi slit med å få bonden på dagsorden, eller satsingar i verdikjeda som skal gi bøndene auka del av verdiskapinga. Vidare har det vore vanskeleg å få til kopling mellom VRI energi og VRI mat. I Rogaland er det mest fokus på gass-, vind- og vasskraft og når det gjeld mat går det meste på stasingar temmeleg langt vekke frå forbrettet. Liknande utfordringar har vi også på andre regionale satsingar.

Kompetanseoppbygging

Etter- og vidareutdanning av bønder; totalt 10 søknadar (19 i 2008) blei tildelt økonomisk støtte med BU-midlar til EB-kurs i 2009 og det blei utbetalt totalt kr 206.741,- (kr 377.971,- i 2008). 2009 er siste år fylkesmannen administrerer EB-ordninga og fylkeskommunen vil frå 2010 ha ansvar for m.a. kompetanseretta tiltak ovanfor bøndene. Fylkesmannen vil i ”overgangen” vere i tett dialog med fylkeskommunen, med mål om å få lagt gode strategiar for fylkeskommunen sitt kompetanseretta arbeid ovanfor landbruket.

Forprosjektet *Kompetansesenter for landbruket i Rogaland* er no nær avslutning, men vi har enno ikkje fått sluttrapport og med det kva forprosjektet har konkludert med. Bakrunnen for at fylkesmannen tok initiativ til prosjektet, var å få til eit fylkesdekkande kurs- og kompetansesenter, basert på dei kompetanseressursane som allereie er i fylket. I 2009 har Stavanger-regionen v/Greater Stavanger teke initiativ til å få etablert eit kompetansesenter for landbruket, primært ved å bygge på dei fagressursane som er i landbruksparken på Særheim i Klepp kommune og Øksnevad vgs. Fylkesmannen er også involvert i dette initiativet.

Studiet *Prosjektretta nærings- og bygdeutvikling* (10 eller 15 stp) blei avslutta seinhaustes 2009. 24 studentar gjennomførte dette studiet, som er kome i gang ved eit samarbeid mellom landbruksavdelingane hos fylkesmennene i Rogaland, Hordaland, Aust-Agder og Vest-Agder, Utviklingskompetanse as og Høgskulen i Volda. Tilbakemeldingane frå studentane er gode. LMD får tilsendt eigen rapport om studiet.

Når det gjeld *Regionale forskingsfond* er fylkesmannen gjennom regionalt partnarskap med å legge strategiane. Det er viktig at regionale forskingsmiljø retter større merksemd mot dei utfordringar og muligheiter vi har i Matfylket.

Bruken av BU-midlene

Strategi for landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland 2010 blei i 2009 laga i partnarskap med faglaga, fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Strategien er ei enklare justering av strategien for 2007 – 2009 m.a. på grunn av prosessar som går med relevante regionalplanar og at det vil bli laga ny stortingsmelding om landbruks- og matpolitikken.

Strategien prioriterer dei grovförbaserte produksjonane og distrikta. Også miljøretta utbyggingstiltak i samband med vassdirektivet har nå prioritert – investeringar som må til for å oppretthalde konkurranseskrafta i husdyrproduksjonane. Helst ser vi at det blir eigne midlar for denne type tekniske miljøtiltak.

Innovasjon Norge sine BU-midlar

Som nemnd har distrikta i fylket prioritering på BU-midlane, ved at om lag 70% av tilskotsmidlane og rentestøtta bør løvvast til andre regionar enn Jæren. Når det gjeld prioritering mellom tradisjonelle og nye næringar, er ambisjonen at 30% av tilskota og 20% av rentestøtta bør gå til nye næringar.

I 2009 vart alle BU-midlane brukt opp. Dette innkluderer særskilte øyremerka midlar til egg, ekstraordinære midlar i samband med jordbruksforhandlingar og inndregne midlar frå prosjekt som ikkje vart fullført i tråd med løvvinga. For 2009 vart BU-midlane frå Landbruks- og matdepartementet tildelt fylkene til forvaltning ut frå det som går fram av strategien ”Ta landet i bruk!”. I Rogaland er det stor investeringsvilje innafor tradisjonelt jord- og hagebruk, og dermed stor søknadspågang, slik at alt av BU-midlar utan problem kunne ha blitt nytta på denne satsinga.

Nøkkeltal for bruken av bedriftsretta BU-midlar i Rogaland 2009;

- Totalt tilskot (ramme + inndratt) 43 057 000 (100% disponert)
- Totalt rentestøtte (ramme + inndratt) 72 770 000 (100% disponert)

Både fylkesmannen og Innovasjon Norge vore opptekne av å sikre kontinuitet i satsinga på nye næringar. I strategi for landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland 2007-2009 er det av denne grunn føreteke ei prosentmessig fordeling av BU-midlane mellom nye næringar og tradisjonelt landbruk. Denne fordelinga er i fylkesmannen sitt brev av 19.03.2009, til Innovasjon Norge Rogaland oppretthaldt på om lag 30% av tilskotsmidlane og 20% av rentestøtta skal gå til utvikling av alternative næringar.

Prosjekt innafor nye næringar har fått løyvd mindre av dei totale rammer for BU-midlane i 2009 enn budsjettert, henholdsvis 25% og 14% for tilskot og rentestøtte. Dersom vi ikkje tek omsyn til ekstra løyving til tradisjonelt landbruk og til omstilling innan eggproduksjon, utgjer imidlertid nye næringar 42% av tilskotsmidlane og 20% av rentestøtta.

For å oppfylla regjeringa sine mål om prioritering av distrikta, er det i strategien også lagt til grunn ei fordeling av BU-midlane mellom sentrale områder (Jæren) og meir utkantprega områder i fylket (Dalane, Ryfylke og Nordfylket) ved at om lag 70% av BU-midlane skal nyttast utanom dei sentrale områda på Jæren.

Som det nøkkeltala under er dette oppnådd i underkant for tilskotsdelen av midlane, medan Jæren har fått løyvd noko meir av rentestøtta enn det som er lagt til grunn. Men pga. den ekstra løyvinga vart det også opna opp for ein større del til Jæren.

- Tilskot, % utanom Jæren 68,3%
- Rentestøtte, % utanom Jæren 59,7%

Når det gjeld fordeling av BU-midlar mellom dei 4 regionane i fylket, er det ikkje uventa at Jæren har fått tildelt mest rentestøtte. Dette fordi denne regionen har flest gardsbruk, og har mange store tunge prosjekt som utløyser rentestøtte. Tilskotsmidlane er derimot noko meir jamt fordelt, jfr tala under;

% vis fordeling av tilskota, mellom regionar;

- Jæren 30%
- Nord-Rogaland 25%
- Ryfylke 28%
- Dalane 14%
- Rogaland 3%

Omrøstningsmidlar til eggproduksjon

I 2009 vart Rogaland tildelt tilskotsmidlar på kr. 3.000.000 øyremerka til omstilling i eggproduksjonen i samband med ny forskrift for hold av høns og kalkuner.

Fylkesmannen i Rogaland ga føring om at prioritering skulle vera ei fordeling 70/30 på respektivt distrikt/Jæren. Vidare skulle det gis prioritet til frittgående høner (aviar), økologisk produksjon, samt at kvinner og ungdom skulle gis prioritet.

Det vart opna opp for å bruke litt meir enn dei opphavlege kr. 3.000.000 til denne omstillinga i samband med ekstraløyvinga for 2009. I alt vart det løyvd kr. 4.280.000 til 20 eggprodusenter. Fordelinga mellom distrikt og Jæren vart hhv. 65% og 35% i beløp, og fordelinga mellom aviar og miljøbur vart hhv. 67% og 33% i beløp. Det var ingen økologiske produsentar, men 1 søker under 35 år.

Fylkesmannen sine BU-midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak

Løyvingsfullmakta for 2009 var på kr 5.820.000,- og det blei inndratt kr 315.650,- slik at den totale ramma blei kr 6.135.650,-. Ramma blei nytta på 47 enkeltsaker og EB-ordninga (10 saker). 4 saker er avslått.

Fordelinga av midlane i 2009 på strategiområde i prosent. Tala for 2008 i parentes.

• Praktikantordninga	0	(1)
• Mat	29	(28)
• Økologisk matproduksjon og – forbruk	9	(4)
• Trevirkje	0	(0)
• Bioenergi	4	(7)
• Reiseliv og opplevingsproduksjon	21	(18)
• Inn på tunet	5	(3)
• EB-ordninga	4	
• Andre produksjonar	28	(39)

• Sum	100	(100)
-------	-----	-------

%-vis fordeling av midlane på regionnivå;

- Jæren 2%
- Haugalandet 8%
- Dalane 0%
- Ryfylke 13%
- Rogaland 77%

Nokre av dei viktigaste enkeltsakene;

Fleire mjølkeprosjekt

Ei stor utfordring i Rogaland er at mjølkekvoteane renn frå distrikta til dei mest sentrale jordbruksområde. Fylkesmannen har gjennom RUP løyvd kr 150 000 årleg til kvart av desse 3-årige prosjekta; (1) Rennesøy og Finnøy kommunar, (2) Haugalandet og (3) Ryfylke. Haugalandprosjektet fekk si siste løyving i 2008, men har grunna god økonomi i prosjektet aktivitetar ut i 2010. M.a. har prosjektet vinteren 2009/2010 køyrd ein eigen mjølk-/storfeskule. Prosjektet for kommunane Rennesøy og Finnøy fekk si siste løyving i 2009. Også her satsast det godt både på den formelle biten ved "Mjølkeakademiet" (modulbasert kompetansebygging) og individuell oppfølging. Mjølkeprosjektet Ryfylke (kommunane Forsand, Strand, Hjelmeland og Suldal) kom først skikkeleg i gong hausten 2009 med ei grunnleggande kartlegging og spørjeundersøking hjå alle mjølkeprodusentane. I 2010 vil det også bli starta opp eit mjølkeprosjekt for region Dalane.

Kva effekt og måloppnåing får så desse prosjekta? Ved oppstart er ofte måla både konkrete og ambisiøse, av typen "halde oppe eller auke produksjonen av både mjølk og storfekjøt...". Så ser vi relativt raskt at måla på kort sikt ikkje vil nåast. Mykje av grunnen for dette er at Rogaland er ein omsetningssone for kjøp, sal og leige av mjølkekvote. Ei anna viktig årsak er at det har vore bra med anna arbeid dei siste åra – noko som har gått ut over den arbeidsintensive mjølkeproduksjonen. I tillegg kan ein peika på utfordringar knyta til manglande offentlege investeringstilskot, rekruttering, svakt utgangspunkt med lite produksjonsgrunnlag (små kvotar, lite arealgrunnlag, lite framtidsretta bygningar) og andre drivkrefter av teknologisk og økonomisk art. Dette til trass – får vi klare tilbakemeldingar om og bevis for – at mjølkeprosjekta er til nytte ved at situasjonen utan desse prosjekta ville vore verre.

VRI-Mat (BU-støtte kr 600 000)

VRI-Rogaland har særskilt satsing på energi, mat og maritime næringar. I 2009 nyttar vi kr 600.000 på VRI. Fylkesmannen er med i styringsgruppa for samhandlingsdelen, men vi slit med å få bonden på dagsorden. Slik det ser ut ved utgangen av 2009, blir vonleg 2010 eit år med fleire konkrete prosjekt innan VRI-Mat som også har synlege effektar for primærleddet.

Mat&Natur – inkubator (BU-støtte kr 100 000)

2009 er andre året fylkesmannen, via RUP, gir støtte til Mat&Natur – inkubatoren. Inkubatoren er en del av inkubatoraktivitetene i Ipark (Innovasjonspark Stavanger). Ipark er godkjent som en del av SIVA sitt pilotprosjekt for inkubatoraktivitet retta mot nye næringsområde. Mat&Natur- inkubatoren har i 2009 blitt knyta nærmere opp til Måltidets Hus og NCE Culinology, samt til næringshagane i fylket.

Skape.no – etablerarsenteret for Rogaland (BU-støtte kr 150 000)

Skape.no blei ved utgangen av 2009 avslutta som RUP-prosjekt. Ein har nytte dei 3 prosjektåra til å utvikla gode kvalitetstilbod. 2009 nyttar ein spesielt til å køyra gode involverande prosessar med alle kommunane og offentlege næringsutviklingsorgan i fylket. Og resultatet er bra – ved byrjinga av 2010 er alle kommunane med – slik at vi no har eit senter for heile fylket. Skape.no arbeider no etter ein 2-årig handlingsplan – kor det viktigaste er å få etablert ei robust offentleg etablerarrettleiing gjennom samvirke og partnarskap med heile det "offentlege Rogaland".

Vital Rural Area – et bygde- og næringsprosjekt under Interreg IVB Nordsjøprogrammet

Fylkesmannen er med i "Vital-prosjektet" både ved å gi en årlig støtte (i 3 år) på kr 50 000, men også som ressurs og medlem i styringsgruppa. I dette EU-prosjektet er det Finnøy kommune og Rogaland fylkeskommune som er norsk partner. Satsingsområda i prosjektet er folkehelse, stadsutvikling og næringsutvikling.

Økologisk storfeprosjekt (BU-støtte kr 100 000)

Ei offensiv satsing på å auka produksjonen av økologisk mjølk og storfekjøt. Er eit samarbeid mellom landbrukssamvirket, Norsk landbruksrådgiving og fylkesmannen. Ei viktig satsing som vonleg sår haldninga og peiker på muligheiter. For resultatsoppnåinga så langt er svak.

Regionalt Utviklingsprogram

Arbeidet i regionalt partnarskap har prioritet. 63% av løvvde BU-midlar frå fylkesmannen i 2009 gjekk til ulike prosjekt i Regionalt Utviklingsprogram (Fylkesplanen sitt årlege handlingsprogram).

4H Rogaland

4H Rogaland er i stadig vekst; Per 31.12.2009 hadde 4H Rogaland 1769 registrerte medlemmer. Dette er ei auke på 57 frå 2008 og tilsvarer ei medlemsvekst på 6,4%.

Medlemsgruppene per 31.12.2009: (Tal i parentes frå 2008)

- 1507 (1420) i alderen 9-21 år.
- 173 (161) klubbrådgjevarar.
- 50 Arrangementsmedlem.
- 39 (47) Alumnar.
- I tillegg er 11 (12) skoler med i 4H via SFO.

Per 31.12.2009 var det 47 (45) registrerte klubbar i Rogaland. Grytenuten 4H og Vennskap 4H blei starta opp.

Inn på tunet

Om informasjonsarbeid ovafor kommunar, andre offentlege etatar, Inn på tunet – Rogaland og ovafor enkeltbønder;

- Avrunding av samarbeidsprosjektet mellom Inn på tunet – Rogaland, NBG og Bondens Marknad
- Delteke i oppbygginga og oppfølginga av eit nytt RUP-prosjekt kalt "*Inn på tunet – Kvalitetssikring og formidling*".

Landbruksavdelinga og fylkeslegen har delteke i ressursgruppa rundt prosjektet, og fmla har vore prosjekteigar Inn på tunet – Rogaland sin viktigaste samarbeidspartner i prosjektarbeidet så langt.

- Det blei i vår lagt ned mykje arbeid i ein søknad til KIL/KSL-Matmerk om utvikling av eit fagskuletilbod til IPT-bønder og personale innan helse- og sosialetaten med interesse for grøn omsorg/inn på tunet. Søknaden blei ikkje innvilga i denne omgang.
- Landbruksavdelinga har også vore koplingspunktet mellom inn på tunet næringa og prosjekt "*Hest i næring*".
- Landbruksavdelinga har vidare delteke i planlegginga av storkonferansen om "*Grønt arbeid. Garden som arena for arbeid, aktivitet og meistring*." Denne konferansen var planlagt arrangert hausten 2009, men blei utsett til 13.01.2010.
- Landbruksavdelinga v/Bjørn S. Berg har i 2009 vore landbruksavdelingane sin representant i det nasjonale Inn på tunet utvalet til Norges Bondelag. Berg har også delteke på nasjonal IPT-konferanse i Ålesund, samt internasjonal "Farming for health"-workshop i Pisa i Italia. BSB har også delteke på eit møte i FAO (som representant for Norges Bondelag) i Roma om status for FAO sitt arbeid med tilleggsnæringer i landbruket.

Næringsmessig satsing på hest

Fylkesmannen i Rogaland har gjennomført eit treårig utviklings- og tilretteleggingsprosjekt, 2007-2009. Føremålet med prosjektet har vore å stimulera og motivera bønder til å sjå på hestehald som ei inntektskjelde gjennom utleige av stallplassar, ulike former for ridning, produksjon og sal av kvalitetshøy til hest osv. Vidare har vi arbeidd med å fjerna flaskehalsar og leggja til rette for infrastruktur slik at hestehaldet kan gi inntekter for brukarane, og slik at ridning og andre aktivitetar med hest kan føregå utan konfliktar med andre brukargrupper. Det har vore eit RUP-prosjekt og blitt finansiert med midlar frå Rogaland fylkeskommune, kommunar og Fylkesmannen.

På vår heimeside finst det mykje informasjon om prosjektet. Som døme nemner vi at Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning på oppdrag for Fylkesmannen har gjort ein økonomisk analyse på fire hestebruk i Rogaland. Konklusjonen er at hest kjem godt ut økonomisk samanlikna med andre produksjonar i landbruket.

Andre saker

- Høy til hest (BU-støtte kr 50.000), Norsk Landbruksrådgivning Rogaland
- Bruk av hest i psykiatrien og i sosialt helsearbeid (BU-støtte kr 19.000), Inn på tunet Rogaland
- Kulturgardane i Gudbrandsdalen- studietur (BU-støtte kr 45.000), Studietur for etablerte og nye tilbydarar innan bygdeturisme, spesialproduksjon av mat, jakt, fiske, aktivitetar i naturen, handverk, kunst og kultur.
- Utvikling av turveg frå Bærheim til Skjæveland (BU-støtte kr 83.000), Saman med Sandnes kommune og Rogaland fylkeskommune
- NM i saueklipping og ullhandtering i Ølen (BU-støtte kr 10.000), Ølen Sau og Geit

Prosjektsatsingar - Verdiskaping og CO₂-binding i Rogalands-skogane

Som ei oppfølging av Handlingsplan for skogbruket i Rogaland, vedtatt av fylkestinget, har partnarskapet gått saman om ei treårig satsing på hovudutfordringane for skognæringa i fylket. Fylkesmannen er prosjekteigar. Det skal bl.a. utarbeidast strategiar og tiltak for auka avverking, bioenergi og kortreist tømmer. Kommunikasjonsstrategi og kompetanseheving i alle ledd er også ein del av satsinga.

Lokale matspesialitetar

I Rogaland er det truleg omlag 100 produsentar som driv med spesialproduksjon av mat. Volum, omsetning og lønsemd er diverre ukjend. Produksjonen er spreidd over heile Rogaland, men det ser ut til at hovudtyngdepunktet ligg i Ryfylke. Der finns det om lag 50 produsentar. Årsaka til at Ryfylke kjem godt ut, kan vere at dei har vore flinkare til å melde inn, men vi har ei formeining om at Ryfylke er sterkest på lokalprodusert mat.

Det er totalt 21 gardsmatutsal i drift pr. juni 2009. Desse er lokaliserte: Dalane 3, Jæren 8, Ryfylke 4 og Haugalandet 6. Dei aller fleste utsala har fleire tenester.

Utfordringar

For å kunne ta ut ein meirpris, må produkta tilførast verdiar som historie, opplevingar, bruken av råvarer, synleggjering, personifisering/identifisering av produsentane. Samstundes må produkt med særtrekk kunne bevise/ vere truverdige at det er skilnad på smak, innhald osv. gjennom auka satsing på forsking.

Produsentane har ofte matforedling som tilleggsnæring til ein ordinær produksjon. I tillegg til kunnskap om tradisjonell produksjon, må produsentane kunne dekke fleire fagområde innan foredling, økonomi, marknadsføring og sal. Det er vanskeleg å vere god på alle felta, derfor bør fleire produsentar danne samarbeidsløysingar for å kunne effektivisere produksjonen. Auke i produksjonsvolum er spesielt ønskeleg. Større volum og betre leveransedyktigheit sikrar gjenkjøp.

- Usikker inntening basert på for lite produksjonsomfang
- Manglande kunnskap om samanheng mellom pris/volum/omsetning/resultat
- Manglande samarbeid og kunnskap om organisering, merkevareoppbygging, logistikk, avtaleverk,
- Maktar ikkje å utnytte potensialet i lokal marknad/lokalt næringsliv (bevisstgjering omkring lms og tilgjenge til bensinstasjonar, ferjar, restaurant, butikk osv)
- Rogaland ligg for lågt samanlikna med resten av landet når det gjeld bruken av merkeordningar for lms gjennom KSL – Matmerk, som Spesialitet og NYT NORGE
- Manglar rettleiingssenter og utnytter ikkje potensialet ved utdannings- og forskingsinstitusjonane (vgs, Måltidets Hus osv)
- For låg endringsvilje basert på forsking
- For liten vilje til å bruke ressursar på marknadsføring/profilering

Spesialitetar

Rogaland har 4 godkjende spesialitetar; Finnøy Sirevåg, Aronia, Jærosten og Iskremgarden. På landsplan er det totalt godkjend 180 produkt. Rogaland har ingen med beskytta nemning.

Arbeidet med å få fram fleire produkt under KSL-merkeordningar er viktig og må vidareførast. Skilnadene mellom dei ulike ordningane må kome tydeleg fram, samt kriteria som ligg til grunn. Potensialet er så absolutt til stades, men skal tal godkjenningar aukast trengs det meir ressursar.

Ei undersøking viser at 35% av respondentane hadde hørt om spesialitetsmerke. Kunnskapen om lokale matspesialitetar har auka dei siste åra som skuldast ei auke i tal kjøpesterke forbrukarar, med over gjennomsnitt interesse for mat og maten si historie. Likevel er gruppa med prisbeviste forbrukarar stor og den har ikkje blitt redusert den siste tida.

Føremonane med spesialitetar er å hente ut meirpris og auka omsetning. Basert på erfaringar så langt, tyder på at så skjer. Det er vesentleg for ei slik satsing at det kan leverast eit minstevolum. Viss ikkje, klarer produsenten ikkje å innfri forventningane hos forbrukarane.

Sal og distribusjon

Ei utfordring for lokalmat-satsinga er at marknaden etterspør lite. Det er salsappartatet som må arbeide for å gjere produkta kjende for butikkane/innskjøpsleiarane. Det oppstår diverre store svinn ved sal av lokale matspesialitetar. Grunnen er at dette er ferskvarer, og då blir det set særlege krav til kvalitet og haldbarheit, og det er ikkje alltid like lett å få til.

Merkur-prosjektet (merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkar i regionane) har tre mål;

- Legge til rette for at eit kvalitativt godt tenestetilbod i distrikta kan opprettholdast gjennom vidareutvikling og styrking av eksisterande servicetilbod.
- Sikre lokalbefolkingen i distrikta tilgang på ein daglegvarebutikk på eller like i nærleiken av heimstaden.
- Bidra til å auke forståinga for daglegvarebutikken sin betydning for lokalmiljøet.

Sju utkantbutikkar har fått utviklingsstøtte gjennom Merkur i 2009.

To sentrale distributørar for lokal mat er: Tor Hodne's eftf. AS som er tilslutta organisasjonen Norske SpesialGrossister, og Matgrossisten Vest. I tillegg kjem 21 gardsmatutsal i Rogaland.

Organisering

Nokre av produsentane er medlemmar i Hanen, tidlegare Norsk Bygdeturisme og Gardsmat. Pr i dag har dei 32 medlemmar i Rogaland. Årsakene til at så få er medlemmar, er mellom anna därleg effekt av samanslåing i 2005, organisatoriske utfordringar og for vase medlemsfordelar. Bondens Marked i Rogaland er lagt på is, hovudårsaka er for få produsentar som er interesserte i å delta på marknadsdagane.

Det er over tid utvikla seg fleire regionale nettverk så som Ryfylkemat, Rett frå Dalane, Matfatet Jæren og Finnøy produkter. Desse nettverka er svake og har ingen solid økonomi. Ein av grunnane er at produsentane har for ulik produksjonsvolum og ulike mål. Fellesnemnaren er ikkje tilstades. Det trengs felles problemstillingar og relativt like store produsentar, for å luka i slike formelle nettverk. Det er viktig med tanke på samanslutningar å vektlegge kva som er formålet med å slå seg saman.

Samanslåingar som profilerer Rogaland som matproduksjonsregion, er lite utbredt. Det finns mange gode varer, men det er ikkje alltid tilstrekkeleg produksjonsvolum eller god distribusjon tilstades. Formell eigarform for samarbeidet bør vurderast. Til dømes BA skaper ikkje like mykje eigarskap blant medlemmane som AS.

Mat-, kultur- og reiselivsnæringa blir prega av for mange små organisasjoner og nettverk. For mykje av tida og ressursane i prosjekta blir brukt til de same arbeidsoppgåvene som oppdatering av lister, kontaktar, kurs osv. Betre koordinering blir etterlyst. Det har ikkje vore tid og ressursar nok til å arbeide vidare med tanken om eit felles forum for nye næringar (servicefunksjonar).

Kompetanse

Måltidets Hus er ein viktig dynamo i forskinga på mat, forbrukartrendar mm. Fylkesmannen legg merke til at arbeidet med lokale matspesialitetar ikkje blir prioritert høgt nok (enno) av Måltidets Hus. Vi har sett at det matfaglege miljøet ved Rygjabø vgs på Judaberg i Finnøy kommune har kraft og vilje til å endre arbeidsoppgåvene for å tilpasse seg utviklinga i samfunnet og i marknaden. Dei satsar riktig og er med på å underbygge intensjonane med Måltidets Hus,- på ein blå-grøn og praktisk profil. Rygjabømiljøet er ikkje ein konkurrent til Måltidets Hus, heller eit viktig supplement.

Fylkesmannen erfarer at det er behov for ein eining som kan arbeide langsiktig med utvikling av nye produkt basert på lokale råstoff og vidareforedling av desse. Inklusiv arbeidet med kvalitetssikring og merkeordningar. Tidlegare har dette vore ein del av oppgåveløysinga til Fylkesmannen, men med det sterke engasementet ved Finnøy næringshage kan deler av dette arbeidet med fordel overførast til næringshagen, eventuelt Måltidets Hus.

Fylkesmannen ser at det er eit stort behov for utvikling av produkt og pleie av nettverk som inneheld noko meir enn berre mat. Da tenker vi spesielt på natur, historie og kultur i knytt til matopplevelingar. Koplinga mat, kultur og reiseliv er interessant og det er aukande interesse for denne type produkt. Men vi klarer ikkje å hente ut potensialet som ligg i dette skjeringspunktet. Finnøy næringshage har i tillegg til matfagleg kompetanse, og reiselivskompetanse.

Prosjektet Smaken av Ryfylke har minst to sider ved seg; både mat og reiseliv. I det nedlagte meieriet er det etablert foredlingsliner som kan brukast til utprøving av produkt. Det blir no arbeida med å få heile Ryfylke med i prosjektet. Nedslagsfeltet er langs Nasjonal Turistveg Ryfylke. Dette er krevjande då det er mange prosjekt allereie som omhandlar mat og reiseliv i Ryfylkeregionen. Det set krav til sterkare styring av prosjekta og fokus på måloppnåing.

Vi vil spesielt nemne mat- og kulturmiljøet i Suldal der distriktskonsulenten er med. Her arbeider dei aktivt med å kople hotell med bygdeturismen og lokale matspesialitetar (Mo laksegard, Energihotellet, Ryfylke fjordhotell, Lakseslottet på Lindum, Fjellmat frå Suldal m. fl.).

Gjennom Arena-prosjektet Innovativ Fjordturisme og NCE Tourism – Fjord Norway blir det sett inn større ressursar på kvalitet, temapakking, marknadsføring og booking. Vi har tru på at dette vil føre til at fleire tilbydarar følger opp satsinga som destinasjonsselskapa og enkeltverksemder deltar i. Utfordringa blir å skape forankring i heile verdikjeda, liten som stor. Bygdeturismeverksemndene blir fort små og ”ubetydelege”. Vi må sikre at dette prosjektet blir tufta på lokal identitet, sær preg og at innsatsen blir retta mot ”berekriftige”-reiseopplevelingar. Lokale ressursar som mat- og kulturopplevelingar må bli set i ei miljømessig fornuftig ramme og landbruksektoren er ein sentral aktør i ei slik satsing.

Fylkesmannen arbeider aktivt med Næringsprosjektet Nasjonal turistveg Ryfylke og med Kulturgardar. Vi har gjennomført møte/kurs/studieturar (t.d. Ei i handa, Kulturgardane i Gudbrandsdalen) og etableraroppfølging.

Smaken av Ryfylke (RUP-sak, BU-støtte kr 200.000,-)

Finnøy Næringshage AS ønsker å styrke samhandlinga og arbeidet med å danne felles møteplassar, produksjonsstader, kompetansearenaer, FoU-arenaer osv i Ryfylke. Formålet med prosjektet er å bygge eit kraft- og kompetansesenter innan blå og grønn matproduksjon i Ryfylke, først og fremst for lokal mat og nisjeproduksjon. Prosjektet vil bli kobla opp mot merkevareprosjektet Ryfylke i regi av Ryfylke IKS.

Innovativ Fjordturisme (RUP-sak, BU-støtte kr 100.000,-)

Prosjektet er 3-årig og blei starta opp i august 2007. Prosjektansvarleg er Innovasjon Norge og prosjektleiinga er lagd til Fjord Norge AS. Målet er å styrke Fjord Norge-regionen si attraksjonskraft ovafor kortferiemarknaden gjennom auka samhandling, kvalitetssikring og produktutvikling hos reiselivsaktørane i regionen. ARENA-prosjektet har i løpet av 2009 fått statusen NCE Tourism Fjord-Norway.

Studietur til Kulturgardane (RUP-sak, BU-støtte kr 100.000,-)

Kulturarven som utgangspunkt for næringsutvikling. Målet til fylkesmannen har vore å bruke /foredle/ nyte kulturarven til næringsutvikling på bygdene. Det var bakgrunnen for å arrangere ein studietur til Kulturgardane i Gudbrandsdalen. Nær 30 entusiastiske deltakarar frå heile Rogaland dro til Gudbrandsdalen i 17. – 19. mars. Målet for turen var å undersøke og få innsikt i organisasjonsmodellar og nettverk, inspirere og få gode råd.

Norwegian center of Expertise Culinology (RUP-sak, BU-støtte kr 100.000,-)

NCE er eit program for modne klynger, i dette tilfellet matklynga i Rogaland. Målet er å utløyse berekriftige innovasjonar som gir auka konkurransekraft og attraktive arbeidsplassar i heile landet. NCE – Culinology blir finansiert av SIVA, Innovasjon Norge og Forskningsrådet med kr 5 mill.pr. år i 10 år. Den regionale partnarskapen og andre partnarar går inn med tilsvarande summar som rein støtte eller eigeninnsats.

Kompetansenettverket for småskala matprodusentar

Kompetansenettverket for småskala matprodusentar for Rogaland og Agder blir leia frå Måltidets Hus, nærmere bestemt Nofima. Dette er ei løysing som ikkje fungerar optimalt. Fylkesmannen meiner det no er rett tid for å sjå på avtalane på nytt. Kan arbeidet bli leia og gjennomført på ein meir aktiv måte? Vi meiner at svaret ligg i ein

sterkare regional styring av ressursane. Både i 2007 og 08 blei ikkje alle måla nådd. Måla som gjeld besøksordninga blir langt på veg oppfylde. Rollen som inspirator og mobilisator (kontakt med produsentane) har langt frå fungert godt. Marknadsføringa av NAVet har vore for dårleg og tilfeldig.

Matkontakt

Fylkesmannen har tidvis hatt ein matkontakt i prosjekt- eller fast stilling. Heile 3 personar dei siste fem åra. Det seier noko om kor mykje tid som går med til opplæring, kompetanseheving, nettverksbygging osv. Verst går det ut over produsentnettverket. Matkontaktane tar med seg mykje verdifull kunnskap og kompetanse ut av Fylkesmannen. Arbeidet med mat blir derfor haltande og for fragmentert, stadig vekk blir produsentane introduserte for "nye" satsingar.

Vi ser eit sterkt behov for ein matkontakt som kan støtte arbeidet ved Måltidets Hus, Rygjabø med fleire. Arbeidet må bli relatert til motivasjon og mobilisering. Samstundes må det arbeidast aktivt med nettverksbygging; kanskje bør *Smaken av Rogaland* løftast fram som ein meir samlande eining. Satsingane har ein tendens til å bli for spede (lever så lenge det er offentleg støtte).

Ein av distriktskonsulentane har fungert som matkontakt siste halvdel av 2009.

Jærert

Fylkesmannen ga støtte til eit forprosjekt i 2008 og har vore tett på arbeidet med å sikre eksistensen og produksjonen av jærerta. Det er Jærmuseet som saman med Norsk landbruksrådgivning og nokre eldsjelar som har stått for planlegginga og gjennomføringa av prosjektet. Det blir no arbeida med å få erta på ei sortsliste, samt å sikre produsentar og danne ei kommersiell produsentgruppe som kan vidareføre arbeidet i eit hovudprosjekt.

Spesielle saker

Aktørane bak Suldalsskinka fekk midlar til eit designprosjekt og skinka blei i haust lansert slica. Ei ny spekepølse av hjort er blitt lansert. Det blir arbeida med 2 slakterikonsept i Suldal, eit for villsau og eit kombinert for småfe og vilt.

Kva skjer med Ryfylkemeieriet på Sand? Fylkesmannen bidreg for å få på plass nye interesser for osteproduksjon.

To frå Rogaland deltok på ein studietur i ølbrygging til Nederland og Belgia.

Fylkesmannen har saman med kompetansenavet og Innovasjon Noreg arrangert ein Speed-date for lokale matprodusentar. Deltakarane var godt fornøgd med arrangementet. Ei oppfølgar kjem våren 2010.

I Dalane har det blitt arrangert 3 mobiliseringsmøte med tema fisk. Diverre var det låg interesse blant grunneigarane.

På Haugalandet blir det arbeida med to produksjonslokalar, eitt innan kjøtforedling og sal og eitt innan meieri i tillegg til etablering av eit nytt kjøkken for matservering/tillaging. Vidare er det relativt stort fokus på å styrke kjøtfeproduksjonen og hjorteoppdrett/-vilt gjennom ulike tiltak. I eit samarbeid mellom Nortura, Haugaland villsaulag og Fatland AS blir det arbeida med å etablere varemerke "villsau".

Reiseliv

Nokre av tilbydarane er medlemmar i Hanen, tidlegare Norsk Bygdeturisme og Gardsmat. Pr i dag har dei 32 medlemmar i Rogaland. **Hanen** har etter fusjoneringen 12. april 2009 med Norsk Innlandsfiskerlag ca. 600 medlemar på landsplan og er det største marknadsbransjenettverket i Norge. Fusjonen betyr at innlandsfiske blir knytta opp til turisme og mat, og oppnår dermed ei forsterka kopling mellom desse.

Utfordringar

Dei største utfordringane er knytt til lønsemd, heilskaplege tilbod og kompetanse. Tilbydarane har behov for auka synleggjering av eksisterande produkt, meir samarbeid om pakking og etablere fleire heilskaplege tilbod. Både marknads- og tilbydarsida etterspør kvalitetssystem. Behovet for auka kompetanse er stort innan økonomi- og marknadssegmentet.

Samarbeidet NBG/BM/IPT

Det tre-årige prosjektet *Sekretariatsfunksjon for NBG, IPT og BM* blei avslutta i 2009. Bakgrunnen for prosjektet var eit behov for å avlaste organisasjonane og leiarane i organisasjonane med trivielle oppgåver i tillegg ønska Fylkesmannen å frigje oppgåver innan mat, reiseliv og grøn omsorg. Det er eit ønskje om å etablere eit forum som kan dekke fellesoppgåver for fleire mindre organisasjonar og nettverk.

Distriktskonsulenten har vore aktivt med i arbeidet med eit VRI-program Kultur og næring *Cultural products Based on Place Branding in Ryfylke*. Dette handlar om å gjere Suldal meir attraktiv for turistar og innbyggjarar gjennom mobilisering av ressursar, initiere og utvikle, samt å danne ei kommunikasjonsplattform.

Gjennom Båtprosjektet har distriktskonsulenten vore med på fleire møte som støttespelar og mobilisator med tanke på auka gjesteplassar og auka verdiskaping innan båtturismen.

Distriktskonsulentane i Ryfylke har bidrige med mykje innsats inn mot prosjektet Næringsprosjektet Nasjonal Turistveg Ryfylke. Dette er relatert til utsiktsrydding, utarbeiding av kart over turstigar/stoppstader, skilting og auka bruk av lokal mat. ”Ei i handa”-konseptet har fokus på lokal mat som kan serverast på møte, i kioskar og på ferjar. Både kokkar og produsentar har vore med på møte og i utviklinga av produkta.

Perfect Day (RUP-sak,BU-støtte kr 100.000,-)

Fylkesmannen har vore med i arbeidsgruppa for Perfect day. Dette er eit tiltak i regi av destinasjonsselskapet Region Stavanger. Målet er å styrke Rogaland som destinasjon ved å formidle på best mogleg måte vår spektakulære natur, framifrå matproduksjon og mattradisjonar.

Reiseruter (BU-støtte kr 120.000,-)

NBG har meget gode nettsider kor alle medlemmar blir presenterte. Reiseruter blir utarbeida og Rogaland er i gang med å lage ei forlenga ”reisesløyfe” i fylket. Organisasjonen skal og oppdatere og legge inn ny tekst på eksisterande og ny ruter, samt oppdatere listene over medlemsbedrifter. 20 nye attraksjonar og bilete vil bli lagt inn. Dette tiltaket vil samarbeide med eit anna og større program - næringsprosjektet Nasjonal turistveg Ryfylke om kurs, seminar og møte. NBG Rogaland har fått kr 120.000 fra Fylkesmannen til dette arbeidet.

Vindavegen (RUP-sak, BU-støtte kr 100.000,-)

Vindafjord Reiseliv vil med dette tiltaket etablere ”Vindavegen”, en felles marknadsføringsplattform for ulike tilbydarar innan reiselivet. Målet er å heve den generelle kvaliteten på dei ulike tilboda og gjere dei meir tilgjengelege. Det skal skje mellom anna gjennom auka kunnskap om språk og marknadsføring, skilting av turløyper og å utvikle fleire arbeidsplassar.

Sjå Haugalandet (RUP-sak, BU-støtte kr 200.000,-)

Prosjektet er no over i ein hovudprosjektfase og ansvaret er flytta frå destinasjonsselskapet til Haugaland landbruksrådgivning. Hovudmålet er å etablere samarbeidsstrukturar som skal utvikle kulturlandskapet.

Likestilling

Kjønnsfordelinga i landbruket har i alle tider vore mest i favør av menn, men det er snakk om en aukande del kvinner i næringa i den siste tida, sjølv om auken er beskjeden. I 1999 var del kvinner i Rogalandslandbruk ca 11 % mens i 2006 var dette ca 13 %. I fylket var det relativt store skilnader mellom regionane; på Jæren var del kvinner i perioden 1999 til 2006 rundt 10 %, mens i Dalane lå dette på ca 17 % i same periode. Største auke i del kvinner i næringa var i Ryfylke kor det steig med heile 3,6 prosentpoeng til 14,9 % i 2006. Ser vi på del kvinner på landsnivå, så låg den i 1999 på ca 12,9 % og i 2006 på 13,6 %. Det som er interessant å leggje merke til er at absolutt tal kvinner i Rogalandslandbruk helde seg næraast stabilt mellom 1999 og 2006, mens i landet totalt var det ein tilbakegang i absolutt tal kvinner i landbruk i same periode på 28%. Absolutt tal menn på landsnivå ble redusert med 31%. For Rogaland er absolutt tal menn redusert med 24%.

Fylkesmannen har ikkje arbeida aktivt med tiltak for å styrke tal kvinner i landbruket i 2009. Det har i løpet av dei siste åra blitt etablert minst 10 kvinnelege faggrupper i Sør-Rogaland, kvar på 10 kvinner. Måla til gruppene er å styrke fagkunnskapen til og å sikre aktiv deltaking frå kvinnene på gardsbruka. Det er viktig å få auka medvit om kva for ein ressurs kvinnene er på garden. Kvinnene treng og å få meir sjølvstilling. Kvinnene har ofte solid kompetanse, men stolar ikkje heilt på seg sjølv og sine meininger. Generelt overlatar kvinnene altfor ofte styringa og avgjerda som vedrøre gardsdrifta til mannen. Gjennom faggruppene håper vi at dei blir meir aktive både på garden og i organisasjonslivet. Fylkesmannen meiner det er en riktig måte å arbeide på for å sikre høgast mogleg del kvinner i landbruket. Under Agrovisjon 2010 vil Fylkesmannen saman med kvinnegruppene arrangere ein regional samling for ”Damer som bur på gard”.

Aktører tilknyttet Ipark, mellom anna Mat- og naturinkubator og Prima innovasjon, arrangerte Kvinnovasjon på Måltidets Hus i desember. Heile 140 kvinner deltok på samlinga der fleire vellukka kvinnelege leiarar fekk fortelje om si verksemd i tillegg til eit fagleg føredrag.

Mobilisering

Fylkesmannen har tilsett 4 distriktskonsulentar der både Innovasjon Norge og kommunane er med på finansieringa. Oppgåvane deira er knytt til mobilisering og etableraroppfølging innan nye næringar. Oppsökjande kontakt og arrangement i distrikta er eit nyttig reiskap for å informere om moglegheiter som finnест i matproduksjon. Samarbeid med produsentnettverk kan resultere i utarbeiding av nye prosjekt gjennom BU-midlar eller VSP-mat programmet og stimulere til endå meir næringsutvikling på sikt.

Vår erfaring er at det er viktig å legge vekt på «tidleg fasen». Kven er gründeren og kva vil ho/han arbeide med? Tidleg kontakt med salsleddet samt ei tidleg rolleavklaring er og viktig og vesentleg for graden av suksess. Det er ønskeleg å teste produkta i marknaden, før de store investeringane skal gjerast. Spørsmålet er om uttesting av nye produkt bør koplast tettare på sals- og distributørleddet?

Produktutvikling kan og løysast ved å ta utgangspunkt i eit ønska produkt, og så finne produsent og foredlar. Mykje er avhengig av å finne og få tak i dei som vil og kan. I mobiliseringsarbeidet bidrar Fylkesmannen sine distriktskonsulentar sterkt. Å mobilisere fleire produsentar er ikkje ei lett oppgåve. Landbruksforvalting i kommunane bør vere meir involverte i arbeidet med å finne aktuelle produsentar.

Beskrive samarbeidet og resultater i arbeidet med styring av førstelinetenesten på landbruksområdet i kommunane

Eit aktivt og målretta samarbeid med kommunane har klar prioritet. Fylkesmannen legg vekt på involvering av kommunane i mange ulike samanhengar - det vere seg i utabeidingar av strategiar for næringsutvikling, økologisk landbruk, regionplanar, kompetanseutvikling og meir avgrensa prosjektarbeid. Fylkesmannen held årleg 2 - 3 møter med jord- og skogbrukssjefane samla - kor utviklingsarbeid og utfordringane i næringa er sentrale tema. Og så er det i tillegg også slik at den daglege kontakten mellom fylkesmannen og kommunal landbruksforvalting i sum kanskje er den viktigste. Fylkesmannen prioriterer tett kontakt med kommunane og er medviten å i vareta rolla som kompetansesenter for landbruksbasert næringsutvikling.

Ei stor satsing i Rogaland er Skape.no - etablerarsenteret for Rogaland. Skape.no har lagt bak seg ein 3-årig prosjektperiode og 2009 var som siste prosjektår spesielt viktig; målet for 2009 var å få med heile Rogaland - det vil seie alle 26 kommunane direkte eller via deira regional utviklingsorgan. Og resultatet er 100% positivt. Skape.no har no fått med heile Rogaland - og skal køyre sine aktivitarar rundt i heile fylket. Kan hende er dette det viktigaste resultatet av "kommuneprosjektet" i Rogaland. Etablerarrettleiing er eit svært viktig arbeid innan satsing på næringsutvikling. Åra 2010 og 2011 skal det arbeidast etter ein omforent handlingsplan. Det mest sentrale blir å teste skikkelig ut gode måtar for Skape.no å arbeide i heile Rogaland (finne "Rogalandsmodellen" for skape.no). Meir om kommuneprosjektet under kap 25.

Mange kommunar har "outsourca" arbeidet med landbruksbasert næringsutvikling (LNU) til regionale utviklingsaktørar. Dette er både på godt og vondt. Kommunane kan lett fraskrive seg ansvaret for LNU - og dei regionale organa kan på si side for "ta landbruket for gitt" og ikkje som ei ordentlig næring. Fylkesmannen er medviten dette i sitt arbeid og involverer også aktivt regionale aktørar, næringshagar og nettverk.

Mykje utviklingsarbeid blir knyta til prosjekt. Prosjekt forankra i Regionalt utviklingsprogram eller berre hos fylkesmannen eller Innovasjon Norge. Prosjektkompetanse er svært viktig. Fylkesmannen arrangerte i 2009 2-dagars kurs i PLP (prosjektleiarprosessen) - og responsen var svært god. Dei 22 kursplassane blei fullt opp 2 dagar etter annonsering. Og her deltok i hovudsak dei regionale utviklingsorgana og nokre enkeltkommunar. Kurset fekk god evaluering og ein får på slike kurs også etablert nye nettverk og ikkje minst snakka om landbruket sine utfordringar og omstillingssbehov.

Vi nemner også i denne rapporteringa det 3-årige prosjektet "Auka produksjon i sauehaldet i Rogaland", som starta opp 1.oktober 2009. Prosjektet sine hovudaktivitetar er på kompetanse, men resultatmålet er å auke tal sau og avdrått.

21.4 Verdiskapingsprogrammene

Vediskapingsprogramma, prosjekt i Rogaland

- Bionergiprogrammet kr 2 115 000 (13 saker)
- Trebasert innovasjonsprogram kr 50 000 (1 sak)
- Verdiskapingsprogrammet for mat kr 5 507 000 (13 saker)
- **Totalt kr 7 672 000 (27 saker)**

Verdiskapingsprogram for mat

Dei fire distriktskonsulentane som er tilsett hos fylkesmannen utgjere førstelina i arbeidet med VSP Mat, jamfør avsnittet om mobilisering. Det er eit visst samarbeid mellom distriktskonsulentane, Fylkesmannen, Innovasjon Noreg og kompetansenettverket. Ettersom Fylkesmannen ikkje har ein fast matkontakt ved avdelinga medfører det at vi har liten innsikt i arbeidet med søknadene til VSP-mat. Det er et sterkt behov for å styrke det matfaglege samarbeidet, spesielt mot Måltidets Hus og dei innovative miljø på Ullandhaug.

Fylkesmannen er direkte involvert som prosjektansvarleg i satsinga *Auka produksjon i sauahaldet i Rogaland 2009 – 2012*. Verdiskapingsprogrammet for mat har gitt årleg tilsagn på kr 500 000 for kvart av dei 3 åra. Satsinga som er eit samarbeid mellom slakteria Prima as, Fatland as og Nortura SA, har som resultatmål å auke sauetalet med 5% og avdråtten med 15%. Prosjektet starta opp 1.oktober 2009 og har fått god mottaking. M.a. er det grunn til å vente større aktivitet i bygging av sauahus.

Resultatområde 22 Miljøtiltak i landbruket

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Beskrive kort sentrale miljøutfordringer i fylket, samt prioriteringer og tiltak Fylkesmannen har gjennomført i regionalt miljøprogram.

Dei viktigaste miljøutfordringane i Rogaland er i stor grad sammanfallande med dei målsettingane som kjem fram i Nasjonalt miljøprogram:

- ivareta prioriterte kulturlandskap
- ivareta biologisk mangfold
- ivareta kulturhistoriske miljøer og kulturminner
- sikre tilgjengelighet og friluftslivsverdier
- hindre avrenning til vassdrag
- hindre utilsiktet spredning av plantevernmidler og sikre en god avfallsinnsamling”

I Rogaland meiner vi det er særleg grunn til å framheve utfordringa vi har i forhold til avrenning til vassdrag. Dette sett i samanheng med den store dyretettheten som er i Rogaland, særleg på Jæren. I enkelte område fører dette også til manko på godkjent spreieareal.

Vidare meiner Fylkesmannen det er viktig å arbeide målretta med å ivareta prioriterte kulturlandskap og biologisk mangfold. Dei største utfordringane i dette arbeidet er, gjengroing grunna mindre beitedyr/endring i beitemønster i enkelte område og intensiv drift med oppgjødsling og evt nydyrkning i andre område.

Ei stor anna miljøutfordring er i Rogaland er å sikre tilgjengeleight og friluftsverdiar. Dette gjeld særleg i område med stor befolkningstetthet rundt dei store byane. Mange bustadområde har lite friområde. Gjennom å legge til rette for ferdsel i landbruksområda, vil ein kunne synleggjere landbruket si multifunksjonelle rolle. Turstiar i landbruksområde vil også kunne bidra til at areala får verdi for fleire grupper og dermed blir mindre attraktive som utbyggingsområde.

Rogaland hadde i perioden 2005 – 2009 mange ordningar i Regionalt miljøprogram. Vi meiner derfor miljøprogrammet i Rogaland har vore relativt målretta mot viktige miljøutfordringar. Ved revidering av miljøprogrammet i 2009, vart det derfor gjort forholdsvis få endringar. Det største endringa var at ordninga ”Tilskot til ugraskontroll og avfallshandtering” vart tatt ut. Denne utgjorde i 2008 om lag 4,5 millionar kroner. Ordninga satt fokus på eit viktig miljøtema, men ordninga var truleg for generelt utforma til at ordninga førte til ny miljøaktivitet.

I 2009 vart det også innført 3 nye ordningar i Regionalt miljøprogram: Nye tilskotsordningar:

- Tilskot til fuglerike biotopar. Gjennom denne ordninga er det plukka ut enkelte avgrensa område som omfattar strandline i våtmarksreservat og u gjødsla lynghei og naturbeitemark som grenser inn mot reservat der beiting vil vere positivt for verneføremålet. Dei uplukka områda omfattar også område inne i våtmarksreservat der det pr dato etter verneføresegnsene er lov å gjødsle, og tilgrensande gjødsla beite der opphør av gjødsling og styrt beiting vil vere positivt for å redusere avrenning og trygga/heva det biologiske mangfaldet.
- Tilskot til drift av jordbruksareal på bruk Littlehamar, Klungtveit, Mokleiv, Lali og Hamrabø i Suldal. Bakgrunnen for dette er at desse brukha har store kulturlandskapskvalitetar, både biologiske og kulturhistoriske verdiar. I tillegg er areala tungdrivne. Dette område kan også vere aktuelt i neste runde av utval av verdifulle kulturlandskapsområde i landbruket.
- Tilskot til parkeringsplassar som ligg i tilknyting til turstiar som får tilskot gjennom Regionalt miljøprogram.

Gjennom desse endringane meiner vi at miljøprogrammet i Rogaland er ytterlegare målretta mot område med store biologiske verdiar. Dei nye ordningane har vorte godt mottatt i 2009. I tillegg er enkelte satsar for eksisterande ordningar for å ivareta område med store biologiske verdiar auka noko frå 2008 til 2009.

I 2009 har Fylkesmannen utarbeidd ein treårig avtale. Føremålet med avtalen er i redusere næringsavrenninga frå landbruket, først og fremst fosforavrenninga. Avtalen er tenkt som ei prøveordning og gjeld i første omgang berre om lag 100 grunneigarar i nedslagsfeltet til Skas –Heigre i Sola, Sandnes og Klepp kommune. Gjennom avtalen vil grunneigar/drivar forplikte seg til å gjennomføre ei rekkje miljøtiltak over ei 3 – års periode. Avtalen gir rett til å søkje tilskot gjennom Regionalt miljøprogram for beiteareal. Dersom vi får 100% tilslag, vil ordninga utgjere om lag 1,5 millionar kroner i 2010. Avalen har vore utarbeidd i samarbeid med prosjektgruppa, Aksjon Jærvassdrag og landbruksforvaltninga i dei aktuelle kommunane. Avtalen vil gjelde frå og med 2010.

Dei ordningane det vart brukt mest pengar på i 2009 var:

Tilskot til bratt areal (fulldyrka areal og innmarksbeite): kr 7,2 millionar kroner.

Vedlikehald av turstiar: kr 4,5 millionar kroner til Andre ”store” ordningar er skjøtsel av lyngareal (lyng/naturbeitemark som er registrert i naturbasen med A eller B – verdi) totalt om lag kr 2,2 millionar kroner. Vidare vart det brukt om lag 1,6 millionar kroner på ”forureiningsordningane”.

Tilstand og utvikling for forureining fra landbruket i vassområdet som er valt ut i første planperiode.

Figgjovassdraget er plukka ut som pilotområde i implementeringa av EU sitt vassdirektiv. Vassdraget er delt inn i 5 sonar; Figgjo Indre, Limavatn, Figgjo Midtre, Figgjo Nedre og Skas Heigre. Nedslagsfeltet i Figgjo er dominert av landbruksdrift. Eit intensivt jordbruk av nasjonal betydning. Jordtala i nedslagsfeltet er høge og ligg jamt over P-AL 15. Nedslagsfeltet er dominert av grasproduksjon, derav lite open åker.

Det er viktig å påpeike den store utbyggingsaktiviteten i nedbørsfeltet for Figgjo. Rv. 44 er under stadig utbygging og går i store delar av nedbørsfeltet til Figgjo. Dette medførar avrenning frå andre sektorar enn landbruk. Det kan vere vanskeleg å påvise kva som faktisk kjem frå landbruk. Her er det behov for ytterlegare utgreiningar.

Aksjon Jærvassdrag har lenge jobba for frivillige tiltak i landbruket for å betre vasskvaliteten på Jærvassdraga. Eit ledd i dette arbeidet er prosjektet frivillige tiltak i landbruket, som er eit spleislag mellom Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Jærkommunene. Vasskvaliteten i Jærvassdraga har hatt ei positiv utvikling, men dei siste åra har det stagnert litt.

Tiltak utført for å betre vasskvaliteten

Det har dei siste åra skjedd ei positiv endring i gjødslingspraksisen i Rogaland. Fleire nyttar gjødsla tidleg i vekstsesongen, og mange har gått inn på pilotprosjektet miljøvenleg gjødselspreiing. Nesten heile Figgjovassdraget er lagt inn under pilotordninga (på grunn av manglande midlar er ikkje Klepp med). I tillegg til rett bruk av gjødsla er det mindre bruk av mineralgjødsel med fosfor. Bøndene nyttar no i større grad rein nitrogengjødsel. I Figgjo er det etablert 3 mil med ugjødsla randsonar, 34 reinseparkar.

Fylkesmannen er aktivt i gang med tiltak i vassdraget for å møte dei krava og tiltaka som er set opp i tiltaksprogrammet. Gjesdal blei i 2009 trekt inni pilotprosjektet for miljøvenleg gjødselspreiing, samt at det skal i 2010 vere eit auka informasjonsarbeid med å etablere fleire ugjødsla randsonar og redusere på bruken av

mineralgjødsel med fosfor for heile vassdraget.

I Skas Heigre er Fylkesmannen i samarbeide med prosjektet frivillige tiltak, forsøksringen på Jæren og bondelaget i gong med eit pilotprosjekt som går på gjødsling. Hausten 2009 blei det utarbeida miljøavtaler som ein ønskjer at bøndene frivillig skal støtte opp om. Intensjonen er å redusere avrenninga frå landbruket utan at det skal gå utover produksjonen. Arbeidet med å få bøndene til å skrive under er allereie i gong, og så lang møtt med positive tilbakemeldingar frå næringa.

Figgjo nedre tar i mot mykje av avrenninga frå Skas Heigre. Dersom pilotprosjektet med miljøavtalen viser seg å ha ein effekt vil ein i neste omgang vurdere innføring av dette i Figgjo nedre også.

I avtalen blir bøndene pålagt ugjødsla randsonar, forbod mot haustpløying, forbod mot bruk av mineralgjødsel med fosforinnhald på jord med P-AL>10, ta prøvar av husdyrgjødsla dei nyttar, samt gjødsla ut frå normane Bioforsk anbefalar (utan omsyn til jordtal da det ikkje er gjennomførbart her i fylket).

I tillegg er Bioforsk i samarbeid med forsøksringen i gong med avrenningsprøvar i Skas Heigre-feltet kor ein skal sjå på samanhengen mellom jordtal, vassprøvar og grøftevatn.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2008 etter søknadsomgang 2007 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Gjengroing	Avrenning til vassdrag	Kulturminneverdier	Tilgjengelighet og friluftsverdier	Verdifulle kulturlandskap	Plantevernmidde	Avfallsinnsa
FMRO	7862835	1537274	1232000	4001484	4193186	0	4780400
Sum	7862835	1537274	1232000	4001484	4193186	0	

22.4 Økologisk landbruk

Status og utfordringar - økologisk landbruk

Rogaland er framleis på jumboplass i det økologiske landbruksnorge og 0,7% av det totale jordbruksarealet i Rogaland var i 2009 godkjent som økologisk. Rett nok auka tal økologisk godkjende primærprodusentar med 6 i 2009 slik at totaltalet no er 64. Godkjent økoareal var i 2009 på 7 097 daa, ein auke på 10,3%. I tillegg kjem 1 499 daa i karens. Når det gjeld tal verksemder godkjende for økologisk foredling/import/omsetnad er totaltalet no 60 verksemder, ein nedgang på 6. Dette til trass, ligg Rogaland bra an i høve til tal godkjende verksemder godkjende for handtering av økologisk mat.

Rogaland sökte om status som føregongsfylke innan økologisk veksthusproduksjon utan å bli prioritert. Det er i handlingsplanen og munnleg av tilsette ved LMD signalisert at ein søker å premiere dei fylka som lukkast med satsing på økologisk landbruk. I Rogaland er det sterkt behov for å halde på med generell informasjons- og mobiliseringsaktivitet for sterkare forankring og satsing på økologisk landbruk, utan at ein kan forvente raske resultat. Satsing på økologisk landbruk må vere langsiktig, og det bør vere rom for å ikkje vere "best i klassen".

Handlingsplan for økologisk landbruk i Rogaland gjeld fram til 2015 og måla i planen er;

- 150 bruk med økologisk sau innan 2015
- 100 bruk med økologisk mjølk innan 2015
- 15 % økologisk tomatproduksjon innan 2015
- 100 storkjøkken/restaurantar med kjøkken godkjend for handtering av økologisk mat innan 2015

Det er satt saman ei ressursgruppe for handlingsplanen med sentrale aktørar innan økologisk landbruk. Gruppa har hatt eit møte i 2009. Landbruksavdelinga arrangerte studietur for ressursgruppa til Biofach 2009 i februar. Biofach blir arrangert årleg i Nürnberg, Tyskland, og er verdas største handelsmesse innan økologisk mat. For 2009 disponerte Fylkesmannen, landbruksavdelinga kr 425 000 til oppfølging av planen. Midlane blir delt ut etter søknad. Frist for søknad var i 2009 15. februar. Tabell viser fordeling mellom ulike prosjekt. Arbeidet med økologisk landbruk er lagt til laget for Bygdeutvikling, kor ein person arbeider i 80 % stilling med økologisk landbruk.

Sau: Vi skulle i utgangspunktet tru at sauehaldet var den enkleste produksjonen å legge om til økologisk. Men vi konstaterer at haldningane innan sauehaldet tilseier at dette ikkje er ein enkel veg å gå. Rein fagleg (og sakleg) går dei viktigaste (mot-)argumenta på avlingsreduksjon ved omlegging, større arealkrav, usikker og variabel meirpris frå slakteria. I tillegg kjem kjenslene tydeleg fram – at det konvensjonelle sauehaldet vi i dag har i seg sjølv bør

definerast som naturproduksjon og økologisk. Men Rogaland som sauefylke nr 1 bør ha ambisjon om å få opp eit robust økologisk sauehald. Avgjerande for å greie det er at det blir ein reell vilje i heile verdikjeda.

Mjølk/storfe: Vi gå no inn i siste året av det 3-årige økologiske mjølk-/storfeprosjektet i regi av landbruksamvirket, Norsk landbruksrådgiving og fylkesmannen. Tålmod er truleg det viktigaste stikkordet her; det går seint – men vonleg blir det sådd nokre frø, skapt større bevisstheit og ikkje minst auka kompetansen i rettleatingsapparatet.

Veksthus: Det har blitt satsa sterkt regionalt for å utvikle gode og effektive løysningar på økologisk veksthusproduksjon. Det har resultert i at fleire av dei tradisjonelle veksthusprodusentane er interesserte i å starte med økologisk. Hovudutfordringa i 2009 har vore manglande sal/ hindringar frå gartnar til butikk som har gitt store økonomiske tap for gartnerane. Hovudutfordringar innan veksthusproduksjonen er å få til sterkt nok vilje og sterke nok avtaler i heile verdikjeda. Ein tomatprodusent vil gå ned i avling og han vil ha det same tilskotssystemet som for konvensjonell produksjon. Difor må tomatgartnaren i dag ha høgare pris i marknaden. Vi erfarer at bilete ikkje er så enkelt. Difor har det vore ein del turbulens i 2009. 2 tomatprodusentar og 1 agurkprodusent som har levert økologiske varer i 2009 og også (gjennom eige prosjekt) fått ekstra oppfølging både i frå Bioforsk Vest Særheim og Finnøy Næringshage. 2 av desse blir med i eit heilekjedeprosjekt saman med Coop i 2010.

Om satsinga innan ”Økoløft i kommuner”

Stavanger og Sandnes kommune deltek i eit 2-årig prosjekt ”Økoløftet” saman med 50 andre kommunar over heile landet. Målet er å auke bruken av økologisk mat i eigne einingar, og der igjennom bidra til å få opp den økologiske omsetninga og produksjonen til 15% innan 2020. Målgruppene er skular, barnehagar, kantiner og sjukeheimar. Fylkesmannen landbruksavdelinga er med i styringsgruppa.

Kva blei oppnådd?

- Kantine Stavanger: 40% økologisk
- Kantine Sandes: 30 % økologisk (auka drastisk med brød)
- Barnehagar: minst 10 satsar på økologisk mat – nokre har stor andel (30-60%)
- Skular: 6 skular og SFOer i Stavanger satsar. Gosen skule har 70%.
- Storkjøkken i Stavanger: Innført fleire nye øko-produkt i 2009, vidareførast i 2010)
- Betre kontakt mellom aktørane

Midlar nytta på økologisk i 2009;

- | | |
|----------------------------|-------------------|
| • Frå Handlingsplanen (HP) | kr 425 000 |
| • Indratte midlar frå HP | kr 24 750 |
| • BU-midlar | kr 425 500 |
| • Totalt | kr 875 250 |

22.5 Tre og miljø

Aktivitet i hove til auka bruk av trevirke og satsing på bioenergi - status og utfordringar

Vi viser også i år til rapportering under 21.2, 21.3, 21.4 og 25.3. Hovudutfordringa er framleis at berre ein svært liten del (og mindre no enn før) av tømmeret blir foredla i fylket. Dermed går vi glipp av mesteparten av den verdiskapinga tømmeret kunne gi.

Sjølve nettverksprosjektet for auka bruk av tre blei avslutta i 2008, men ringverknadene medførte at Bygdesagforeninga i fylket fekk sett i gong eit forprosjekt for utgreiing av produksjon av massivtre-element i Rogaland. Fleire arkitektkontor har etterspurt lokalproduserte massivtreelement. 12 bygdesager har gått saman om å engasjera Norsk Treteknisk Institutt, som skal levele sluttrapport vinteren 2010. Uavhengig av utfall har prosessen i dette arbeidet medført nettverksbygging som elles ville vore vanskeleg å få til.

Det har elles vore seminar og førebuing til stifting av Rogaland Treforum i januar 2010. Dette saman med at fylkeskommunen gjennom Handlingsplan for skogbruk skal legge større vekt på lokal trelast, vil medverka til større bruk av kortreist og miljøvennleg trelast

Hovudutfordringane for auka bruk av bioenergi er manglande lønnsemd. Rogaland har god tilgang på flis, men det er svært få kjøparar. Lokalt produsert bioenergi er framleis under hardt press frå andre energikjelder som olje, gass og elektrisitet. Det er også stor import av ved til fylket. I fleire kommunar er det no likevel dels i gong og dels under oppstart fleire bioenergianlegg. Eit nytt biovarmeanlegg starta opp i Hjelmeland; det varmar opp skole, gymsal og eit hotell. Fylkesmannen har elles tatt initiativ til og er aktiv deltakar i prosjektet "Rein energi – bioenergisatsing i Rogaland". Dette er eit treårig prosjekt som avsluttast i 2009. Prosjektet har vore finansiert gjennom eit samarbeid i regionalt utviklingsprogram og med Vestskog BA som prosjektansvarleg.

Fylkesmannen har tatt initiativ til og står som prosjektansvarleg for det treårige partnarskapsprosjektet "Verdiskaping og CO₂-binding i Rogalands-skogane". Prosjektet starta august 2009. Delar av dette prosjektet skal fokusere på bioenergi og kortreist tømmer.

Fylkesmannen medverkar til ei viss koordinering av arbeidet med bioenergi og auka bruk av trevirke, men vi har siste tre åra hatt lite kompetanse og svært lite ressursar å setja inn i dette arbeidet.

Fylkesmannen er elles ein motivator og dialogpartner i arbeidet med oppfølging av Levande Skog og Forskrift om berekraftig skogbruk.

Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Fylkeslandbruksstyrets arbeid

I 2009 var det 81 saker til behandling i Rogaland fylkeslandbruksstyre. I tillegg blei 20 saker behandla administrativ etter fullmakt frå styret.

Av styresakene var 39 såkalla "særlovsaker" – vesentleg etter jordlova, konsesjonslova og odelslova; av desse var det 7 klagesaker over delingsvedtak etter jordlova, 6 klagesaker over bupliktsvedtak, 4 klagesaker over konsesjonsvedtak, og 6 klagesaker med omsyn til konsesjonsvilkår.

Styret behandla ein søknad om odelsfrigjering og to klagesaker av slik art. Det blei gjort 2 vedtak om overprøving av delingsvedtak etter jordlova etter § 35 i fvl., 3 klagesaksvedtak i så måte og eitt vedtak om overprøving av omdisponeringsvedtak. Elles ein klagesak etter landbruksvegforskrifta, ein over driftseiningsvurdering etter jordlova, ein over prisvurdering etter tvangsfullbyrdingslova, ein klagesak nydyrkning og ein for omdisponering etter jordlova.

Av dei 20 fullmaktssakene var 9 saker førsteinstansbehandling etter jordlova: 6 saker var driftseiningsvurderingar og 3 saker var delingsbehandling. I tillegg hadde vi 12 konsesjonssaker i første instans.

Særlege problem knyta til kommunane sin praktisering av regelverket

Etter at myndigheita i første instans i det alt vesentlege blei lagt til kommunane i 2004, er vi noko utsikre på i kva grad kommunane har fulgt gjeldande regelverk og retningsliner for praktiseringa. I stor grad har vi med erfarte, lojale jordbruksjefar blitt underretta om dei mest kontroversielle vedtaka, og vi har jevnleg vedtak for overprøving etter reglane om dette i forvaltningslova. Særleg har vi eit inntrykk av at prisvurderinga etter gjeldande rundskriv om dette for konsesjonssaker m.m. blir sett til side. Vi har til dømes pr. i dag to slike saker til vurdering. Kommunane har også ei utfordring med omsyn til buplikta. Fleire kommuner gjorde kort tid før lovendringane, som trådde i kraft 1. Juli 2009, vedtak om å oppheve 0-grense-forskrifta si, og kan nok i ettermidd se det vanskelig å gjeninnføre slik når dei no har erfart at langt fleire småbruk kan ervervast konsesjonsfritt etter aukinga av arealgrensene i lova. Dette vil nok særleg vere ei utfordring for Ryfylke – ikkje for Jæren. Fylkesmannen har også eit inntrykk av at det er aukande press for frådeling av kårhush.

Resultatområde 24 Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Forvaltningskontroll

Utvælg av 6 kommunar for kontroll i 2009 har blitt gjort i samarbeid med tilsynsutvalget i etaten. Dette var kommunane Rennesøy, Sola, Randaberg, Hjelmeland, Lund og Hå.

Erfaringsgrunnlaget i 2008 samt risikobasert vurdering var grunnlag for områder for kontroll i 2009. Dessutan ville vi sjå nærmere på ulike forvaltningsrutinar for å auke kommunane sin bevissthet om nytteverdien av gode kvalitetssystem.

I tillegg til å gå inn på formelle tilhøve ved tilskotshandsaminga la vi også i 2009 vekt på å kontrollera kommunen si forvaltning av produksjonstilskot og avløysarordninga ved sjukdom. Dessutan har det blitt retta fokus på kommunen si rolle som mynde i høve til foryngelsesplikten skogbruk. Dessutan kommunen sine rapporteringsrutiner som gjeld landbruksareal i Kostra.

Resultat frå kontrollen blir i rapport synt som avvik og merknad. Samla for alle kommunane blei det gjort 12 funn relatert til avvik. Fylkesmannen ba om tilbakemelding frå kommunane om korleis dei ville følgje opp avvika. Kommunane gir i sine svarbrev melding om at praksis vil bli endra slik at forvaltninga for fremtida blir i samsvar med regelverket. Vi legg dermed til grunn at avvika er blitt lukka

Samla sett kan vi ikkje sjå at dei avvika som er funne er av ein slik karakter at endrar bildet av ein ”oppegåande” kommunal landbruksforvaltning i Rogaland. Føremålet med merknadene å auke kommunen sin bevissthet som gjeld metodisk tilnærming innan ulike tema. Spesielt i så måte er kommunen sin rolle som tilsynsmyndighet.

Husdyrkonsesjon- svin og fjørfe

Med bakgrunn i opplysningar i Leveranseregisteret for slakt blei det sendt ut brev til 28 produsentar med slaktekylling, fem med slaktegris og ein med kombinert svinehald. Breva galdt den såkalla 15%-regelen om at det er lovleg å produsera inntil 15% over konsesjonsgrensa/tildelt konsesjon det eine året mot at produksjonen blir redusert tilsvarende året etter. Vidare hadde vi etter denne bestemmelsen fem saker på slaktekylling med økonomisk reaksjon på i alt kr 45.591, derav to klagesaker som blei sendt over til Statens landbruksforvaltning. Dessutan var det ei sak på slaktegris med ein økonomisk reaksjon på kr 38.400.

Det kan og nemnast to saker på kombinert svinehald med fysisk kontroll på brukar der konklusjonen var at svineproduksjonen på begge brukar var lovleg og innafor 2.100 konsesjonseiningar.

Erstatning etter offentlege pålegg på husdyr

I 2009 var det eit nytt utbrot av klassisk skrapesjuke i ein sauebuskap på Karmøy. Det forrige utbrotet i Rogaland i 2006 var også på Karmøy.

Det blei utbetalt erstatning i to saker på klassisk skrapesjuke (utbrot 2006 og 2009) og ei sak på salmonella (storfe), og i sum utgjorde dette kr 2.035.120.

Landbruksvikarordninga

Det er no etablert landbruksvikarordning gjennom avløysarlaga som ein fast ordning. Kommunane har såleis ikkje lengre ansvar for ordninga. Status syner at alle avløysarlaga i fylket benytter seg av ordninga. Dette tilsvarende 22 stillingar, og utbetaling av støtte på om lag 4 millioner kroner.

Rapport for kontrollarbeid

Det er sendt inn eige skjema for dette direkte til SLF fordi det ikkje er mogleg å få dette skjemaet inn i årsrapporten.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2008 - antall

Klagebehandling

Embeter	Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
FMRO	1	0	0	3	1	2
Sum	1	0	0	3	1	2

Embeter	Produksjonstilskudd	Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger				
		Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget
FMRO	45	2	6	4	1	1	26	3	3
Sum	46	2	6	7	2	3			

Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

KOMPETANSEENTER FOR KOMMUNANE PÅ LANDBRUKSOMRÅDET

Kurs og opplæring av kommunal landbruksforvaltning.

Fylkesmannen arrangerer fleire kurs kvart år som er retta mot tilsette i kommunal landbruksforvaltning. Mellom anna har vi kvart år ein konferanse som går over 2 dagar der målgruppa er tilsette i kommunal landbruksforvaltning og tilsette i Landbruksavdelinga. Denne kallast fylkessamling for landbruksforvaltninga. Dei siste åra har vi og invitert kommunale og fylkeskommunale politikarar til det som vi kallar "Landbrukspolitisk konferanse". Hovudtema fyrste dagen var landbruket si utvikling i forhold til finanskrisa, matkrisa og klima. Andre dag hadde ein to fylkesdelplanar på dagsorden saman med faglege samlingar om nyt klima, landbruksvegar, dyretragediar, miljøvennleg gjødselspreiing, GIS i skogforvaltinga og Inn på tunet. Det var om lag 150 deltakrar på heile konferansen. Noko som visar at landbrukspolitisk konferanse er blitt den store samlinga for alle som har har og bør ha interesse for landbruket.

Kompetansegivande studium

I 2009 gjennomførte vi eit kompetansegivande studium for kommunane. Studiet hadde namnet "Prosjektrella nærings- og bygdeutvikling". Dette ble arrangert i samarbeid med landbruksavdelingane hos fylkesmennene i Hordaland, Aust- Agder og Vest-Agder. Kurset ga 10 eller 15 studiepoeng om ein tok eksamen. 24 personar fekk plass på studiet. Nokre stod på venteliste utan å få plass. De fleste som deltok var tilsette i landbruksavdelingane i kommunane. Nokre jobba innan næringsutvikling i kommunane og nokre frå fylkesmannen si landbruksavdeling. Dette var positivt for å få til ei nærmare kopling mellom næringsutvikling og landbruk i kommunane. Dette var det siste studiet av ein rekke på 3.

Samling for nyttilsette

I desember 2009 arrangerte vi samling for nyttilsette i landbruksforvaltninga i kommunane. Formålet med denne samlinga er å presentere landbruksavdelinga og våre oppgåver i høve til kommunane i tillegg til at vi går kort gjennom ulike lovar, forskrifter og regelverk. I år var 3 personar frå kommunane på eit slikt informasjonsmøte.

Ymse samlingar, kurs m.m. kor kommunane har vore blant målgruppa:

- 2 tilskotssamlingar for dei som jobbar med tilskotsforvaltning. Tema var vanndirektivet, kommunane som tilsynsmyndighet, ugras, driftsfellesskap og gardskart.
- 1 fag og inspirasjonssamling for økologisk landbruk
- 2 fagsamlingar for skog. Tema: ungskogpleie og utfordringar i kystskogbruket.
- Fleire informasjonssamlingar om skogfond
- 1 ugrasseminar
- 2 kurs i GIS med om programmet winmap og programmet GIS line
- Kurs i bruk av digitale jordsmonndata
- Kurs i gardskart: Modul 5
- 1 seminar om miljø- og kulturlandskapsarbeidet i landbruket.
- 2 større samlingar med plan- og bygningslovopplæring.
- Prosjektleiarprosess (PLP)kurs

Nettside (Heimeside)

Vi legg vekt på å bruke nettstaden www.fylkesmannen.no/rogaland aktivt for å nå ut med aktuell og oppdatert informasjon. I 2009 har vi hatt 2 nyhendebrev "Land og bruk – nyt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland" der målet er å gje målretta informasjon til dei som er tilsette i landbruksforvaltninga i kommunane i Rogaland. Nyhendebrevet blir lagt ut på nettstaden til fylkesmannen. I tillegg er det laget nokre faktaark som er lagt ut på heimesida for å informere om nokre fagtema som næringsutvikling, SMIL/NMSK, jordlov m.m.

Gardskartprosessen

Fylkesmannen støtter opp om gardskartprosessen i kommunane og rettleiar kommunane etter behov. I 2009 har det blitt arrangert to kurs i bruk av programvare for å oppdatera AR5, samt eit kurs i arealklassifisering. I tillegg har Fylkesmannen kontakt med kommunane som er inne i gardskartprosessen fleire gongar i året. Ved behov reiser fylkesmannen ut og deltar på møter med bønder i samband med oppstart av gardskartprosessen i kommunen.

Kommunane blir ofte forseinka i prosessen. Dette har to hovudårsaker. For det fyrste så startar dei opp arbeidet for seint. Ei anna viktig årsak i mange kommunar er mangel på GIS kompetanse i kommunane. Kommunane har ofte få eller ingen personar som kan oppdatera AR5 på grunn av behalde og rekrutteringsproblematikk for denne type stillingar.

LANDBRUKSPOLITISK DIALOG MED KOMMUNANE

Landbrukspolitisk seminar er ein samling der hovudmålsettinga er å skape større engasjement for landbruket hos både politikare og forvaltning i kommunane.

2009 var det året vi opplevde å i større grad enn tidlegare få gjennomslag for deltaking frå politikarane. Vi fekk KS med som med arrangør og dei formidla programmet ut gjennom sine kanalar. Dette førte til at nokre kommunar stilte med heile formannskap eller planutval. I løpet av seminaret var det lagt opp til debatt om ”Står den sjølveigande bonde for fall”. Noko som skapte engasjement.

I 2009 arrangerte vi eit dialogmøte jord- og skogbruksansvarlege i kommunane der nokre tema som kommunane ønsket seg vart tatt opp og diskutert. Hovudtema var statsbudsjettet 2010 og nye særlovar i landbruket.

Haustmøte for Rogaland landbrukselskap vart arrangert i november. Der vart aktuelle landbrukstema tatt opp og diskutert. Tilstades var: bondeorganisasjonane, landbruksorganisasjonar og landbruksforvaltninga på statleg- og kommunalt nivå. Møtet skapar møteplassar mellom forvaltinga og bondenæringa.

Fylkesmannen har elles eit omfattande samarbeid og dialog med kommunane på alle saksfelt som høyrer under embetet.

Utviklingen i kommunanes kapasitet og ressursbruk

Ved overføring av landbrukskontora til kommunane pr 1.1.1994 hadde kommunane i Rogaland totalt 70,05 årsverk innan landbruksforvaltninga. Tal pr. 1.1.2009 viser at det no er 54,33 årsverk i kommunal landbruksforvaltning. Det har i løpet av desse 15 åra vore ein nedgang på 15,72 årsverk i kommunal landbruksforvaltning i Rogaland. Dette tilsvarer ein reduksjon på 22 % i perioden 1.1.1994 til 1.1.2009.

Konsekvensen av lågare kapasitetet kan ein sjå i enkelte kommunar som lang sakshandsamingstid og til dels dårlig kvalitet på sakshandsaminga. Dette er observert delvis gjennom forvaltningskontrollen som er gjennomført i kommunane og i dei sakene Fylkesmannen får til handsaming frå kommunane.

Samarbeid med KS regionalt

Kvart år har ein eit møte mellom KS regionalt der vi diskuterer molege felles satsningar og kursing av kommunene. I 2009 var det 2 møter eit i januar og eit i november. I tillegg var det eit møte i november mellom KS sentralt, KS regionalt, Innovasjon Norge i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og fylkesmannen ved landbruksavdelinga. Målet var å informere om avtalen mellom KS og LMD og få til eit eller fleire mulige fellesprosjekt overfor ein eller fleire kommunar innan landbruksbasert næringsutvikling. Det ble avtalt å jobbe vidare med noko innan bioenergi og Inn på tunet. Fylkesmannen vil ta initiativ i 2010 til å jobbe vidare med ei felles prosjektsatsing.

Vi opplever at KS har ein åpenhet til å samarbeide, men at dei til nå har mangla ressurser regionalt til å jobbe nærmare med landbruksavdelinga. Det har vore positivt at dei er med som medarrangør på landbrukspolitisk seminar.

Bruk av midlar over kap. 1144 post 77

Kommuneretta arbeid

- Kurs i bruk av fagsystema, kr 2.896,58
- Kurs i GIS-modul, kr 444,39
- Dialogmøte med jord- og skogbruksansvarlege i kommunane, kr 4.116,25
- Kurs tilskotsforvaltning - januar, kr 17.362,00
- Kompetansegivande kurs Prosjektretta næringsutvikling, kr 28.101,80
- Fylkessamling - 2-dagers konferanse for landbruksforvaltninga, kr 31.073,25
- Samling RMP/SMIL, kr 841,00
- Fagsamling skog, kr 4.002,00
- Kurs Gardskart, kr 5.750,00
- Kurs tilskotsforvaltning - august, kr 2.362,00
- Kurs GIS, kr 1.865,00
- Opplæring nye skogbrukssjefer, kr 224,50
- Møte referansegruppe kursprogram for kommunene, kr 834,00
- Møte med nytilsette i kommunal landbruksforvaltning, kr 127,23

Sum kr 100 000,00

Prosjekt

Utviklingskostnader med studium/kompetansegivande kurs "Prosjektretta nærings- og bygdeutvikling" kr 150 000,00

Vassdirektivet

- Kartlegging av næringsinnhald i husdyrgjødsel i Figgjo-vassdraget, kr 10.635,00
- Reiser og kompetansetiltak, kr 9.533,90

Sum kr 2. 168,90

MILJØVERKEMIDLAR I JORDBRUKET OG DEI ØKONOMISKE VERKEMIDLA I SKOGBRUKET

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Rogaland fekk for 2009 5,87 mill. kroner til nærings- og miljøtiltak i skog, fordelt på 1,7 mill kroner til fordeling på kommunane og 4,17 mill kroner til forvaltning på fylkesnivå (inkl. midlar til kystsogbruket og tilleggsloyving på skogkultur). Løyvingane i kroner på dei ulike ordningane ser slik ut for 2009:

Ramme kommunane →	1 700 000 kr
Skogkultur →	1 930 123 kr
Førstegongstynning →	7 500 kr
Andre tiltak i skogbruket →	359 410 kr
Miljøtiltak i skog →	0 kr
Sum →	2 297 033 kr

Ramme stat →	4 170 000 kr
Taubane og hest →	529 576 kr
Skogsvegbygging →	2 069 945 kr
Skogbruksplanlegging →	500 000 kr
Skogdagsmidlar →	70 000 kr
Kystskskogbruket →	999 918 kr
Sum →	4 169 439 kr

Gjennom å tildele midlane for SMIL og NMSK i ein felles pott til kommunane, vil det vere naturlege svingingar alt etter prioriteringar i kommunane det enkelte år. Målet er balanse i fordelinga mellom tildelte midlar til SMIL og NMSK i løpet av fireårsperiodar. Dette har fungert godt fram til no, og vi synest det er uheldig i Rogaland at kommunane ikkje lenger har denne fleksibiliteten til å prioritere mellom ordningane, når ordningane frå og med 2010 blir delte. Når vi no gjer opp sluttrekneskapen midt i en fireårsperiode har vi trass alt balansert dette rimeleg bra med eit overforbruk i favør skog med berre 0,7 mill. kroner.

Rammer i utakt med behovet

Fylkesmannen vil, som i fjar, måtta peika på at ramma for bruk av midlar til skogkultur m.m. som skal fordelast til kommunane, ikkje gir rom for å stimulere til auka aktivitet. Dette blir ute i næringa lett oppfatta som dobbeltkommunikasjon, fordi vi elles registrerer eit sterkt politisk ønske om større investeringar i ny kvalitetsskog. Dei positive endringane i skogfondsordninga har i praksis liten effekt i skogreisingsfylka, og ein er difor heilt avhengig av gode og stabile tilskotsrammer for å få investert i kvalitetsskog og auka CO₂-binding.

Frå politisk hald er det også lova ei omfordeling av tilskot frå skogstroka til kystskskogbruket. Med store etterslep i skogkulturarbeidet og mest ei dobling av hogsten dei siste 2 åra, er det store utfordringar med å få løvvingane til å strekkja til. Landbruksavdelinga har saman med kommunane no starta ein ”Aksjon skogkultur” – der vi også ser på korleis ein kan få mest mogleg ut av dei tilskotskronene ein har disponibele. Vi har dei siste to åra hatt ein aktivitetsauke på skogkultur. I 2009 har vi hatt ein vesentleg større aktivitet i forhold til tildelt ramme sjølv med tilleggsøyving på 300 000 kr. ”Redninga” på kort sikt har vore omprioriteringar i kommunane frå SMIL til NMSK enkelte år. Med dette skott mellom desse to ordningane frå og med 2010, forsvinn denne ”nødløysinga”. Fokus framover blir å følgje opp den fine utviklinga på skogkultur. Det er difor spesielt uheldig at tilskotssituasjonen er så utfordrande.

Resultatområde 26 Jord- og landskapsressurser

26.1 Jordvern og kulturlandskap

Tiltak og utfordringar

”Jordverngruppa” leia av tidligare landbruksdirektør Jon Ola Syrstad, la fram rapporten ”Klimaskifte for jordvernet” 08.01.08. Rapporten foreslo ei rekke nye verkemiddel for å styre jordvernet og det samla areal- og ressursvernet. Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeslandbruksstyre har i hovudsak støtta desse forslaga.

Fleire av desse verkemidla har no blitt i verksett og utreda, mellom anna er jordvernet styrka i ny plan- og bygningslov frå 01.07.09. Det har likevel gått for knapp tid til å seie noko om kor vidt dette har ført til reelle endringar og om det framover blir tildelt tilstrekkelege ressursar i forvaltinga på regionalt og lokalt nivå, til å gjennomføre måla i lova. Ny plan-, og bygningslov er av miljøvernministeren omtalt som ”Det store planløftet”.

Regjeringa sitt forslag om varig vern av matjord som har vore på høyring i 2009, er støtta av både Fylkesmannen og Fylkeslandbruksstyret i Rogaland. Samstundes registerar Fylkesmannen at nesten alle kommunane i Rogaland, samt Rogaland fylkeskommune, som har hatt saka til politisk behandling, har vore negative til eit slikt verneforslag. Næringa sjølv ved til dømes Rogaland Bondelag har støtta forslaget. Forslaget har skapt stor interesse og debatt i lokale media, både for og i mot forslaget. Argumenta som er brukt i mot er redusert lokalt sjølvstyre, og det har gått fram av debatten at kommunane meiner at dei allereie har dei verkemidla som trengs for å ta jordvernomsyn i si planlegging. Fylkesmannen sitt inntrykk er like fullt at jordvernet, omsynet til kulturlandskap og areal- og ressursgrunnlaget generelt ofte ender nedst på prioriteringslista, både hjå kommunane, men også hos andre regionale statlege etatar.

Jordsmonnkartlegging på Jæren

Regional og kommunal forvaltning i Rogaland, i samarbeid med private aktørar, har kome langt i bruk av GIS og stadfesta informasjon. Samlikna med andre deler av landet og andre viktige landbruksfylke, er likevel ein svært avgrensa del av jordbruksarealet jordsmonnkartlagt i Rogaland.

Fylkesmannen i Rogaland søkte i 2008 Norsk institutt for skog og landskap om prioritering for jordsmonnkartlegging i 2009. Dette blei i møtekomme og om lag 18 km² blei kartlagt i Sola og Klepp i 2009. Kartlegging av om lag 10 km² vil bli gjennomført i Time våren 2010, men det er sterkt ønskje om at omfang og tempo i kartlegginga kan aukast.

Fylkesmannen oppfordrar departementet til å auke dei årlege ressursane for jordsmonnkartlegging. Slik kunnskap er avgjerande dokumentasjon for jordvernet i planarbeid og utbyggingssaker. Store deler av Jæren og resten av Matfylket Rogaland er framleis ikkje kartlagd.

Aktivitet og utfordringar i dialog med kommunane for å nå nasjonale mål for å ivareta jord- og kulturlandskapsressursane i eit langsiktig perspektiv

Overordna planer

Erfaringane til no har vist at gjennomføring av fylkesdelplanar som gir klare forpliktingar for arealbruk, er avhengig av ein styringsambisjon frå regional stat. Fylkeskommunen fremmar berre heilt unntaksvis motsegn, sjølv om kommune- eller reguleringsplan er i strid med fylkeskommunen sin eigen fylkesdelplan.

Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDPJ) er under revisjon. Dette planarbeidet tok pause i 2009 av kapasitetsårsaker på regionalt nivå, og fordi KVU for ”Transportsystem på Jæren – med hovudvekt på byområdet” måtte prioriterast og utarbeidast først. Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDPJ) skal på høyring i 2010.

Regionalt planarbeid er innafor stramme ressursar høgt prioritert hos Fylkesmannen. Her følgjer ein oversikt over pågående overordna og regionalt planarbeid Landbruksavdelinga deltok i 2009:

- Regionalplan for landbruk
- Revisjon av fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J)
- Fylkesdelplan for energi og klima i Rogaland
- Handlingsplan for skogbruket i Rogaland
- Interkommunal kommunedelplan ”Bybåndet sør” – Sandnes – Time – Klepp kommune
- Tverrforbindelse Ny Rv505 Jæren – E 39. Sandnes – Time – Klepp – Gjesdal kommune
- Transportkorridor Vest – Randaberg – Stavanger – Sola kommune
- Masterplan Sandnes Øst

Fylkesmannen, Landbruksavdelinga, har som mål å delta ved alle relevante fasar i pågående planprosessar etter plan- og bygningslova. Dialog og oppfølging av kommunane sitt arbeid med kommuneplanar, og deltaking i regionalt planarbeid har til nå vore høgt prioritert. Aktiv deltaking og tidleg tydeleg formidling av nasjonale og regionale målsettingar for jordvern, kulturlandskap og den samla areal- og ressursforvaltninga, har hatt stort fokus i vårt arbeid.

Pga av ressursituasjonen for planarbeid ved Landbruksavdelinga og embetet, er vi tvungen til å redusere dialogen med kommunane og deltaking i regionalt planarbeid. Dette vil gå utover gjennomføring og gjennomslag for dei nasjonale måla for m.a. jordvernet.

For regionalt planarbeid vil deltaking i arbeid med store samferdselsprosjekt bli nedprioritert i 2010 og framover.

Dette er nødvendig men ikkje ønskeleg, særleg fordi samferdselsutbygging i vår region er ei viktig årsak til omdisponering og nedbygging av matjord. Det kan elles og nemnast at Rogaland fylkeslandbruksstyre hausten 2009 reiste kritikk til Fylkesmannen i Rogaland og Statens Vegvesen i regionen, om manglende samordning om jordvern og samferdsel i utbyggings – og samferdselssaker. Nedprioritering av dette pga ressursårsaker er difor bekymringsfullt.

Dispensasjonar og spreidde tiltak i LNF-område og kjerneområde landbruk

2009 syner omrent same tal dispensasjonar etter plan- og bygningslova innanfor LNF-områda, samanlikna med 2008 (NB! Dispensasjonar i strandsona og verna område kjem i tillegg). Tal dispensasjonsvedtak i kommunane som er påklage av Fylkesmannen i LNF -områda, er halvert samanlikna med 2008 (Påklaga dispensasjonar i strandsona og verneområde kjem her også tillegg til dette). Hovudårsaka til dette er etter vår vurdering færre dispensasjonsvedtak i kommunane med høgt konfliktståande og klårt i strid med nasjonal politikk. Ei anna korrigende årsak er ressurssituasjonen hos Fylkesmannen - knappe ressursar førar til at lista for å påklage dispensasjonane blir lagt høgare enn tidligare.

Dispensasjonar i LNF-område etter § 15 i plan- og bygningslova eller § 1-9 i ny plan- og bygningslov (utanom strandsona og verneområde):

- **2009:** 173 saker – 21 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 15 i plan- og bygningslova eller etter ny planlov § 1-9
- **2008:** 178 saker – 42 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 15 i plan- og bygningslova
- **2007:** 237 saker – 39 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 15 i plan- og bygningslova

Handtering av dispensasjonssaker i LNF-område er arbeidskrevjande for Fylkesmannen og gir eit ”høgt støynivå” i media og lokalpresse. Over tid og i sum representerer desse enkeltsøknadene om tiltak utanom stadbunden næring eit inngrep i jordbrukslandskapet der konfliktane med landbruksnæringa gradvis kjem til syn, og på ein måte der landbruksinteressene ofte vil måtte vike. Det utgjer og framleis ein trussel og utfordring knytt til måla om sikring av kjerneområde landbruk, og høve til å drive ein kostnadseffektiv produksjon i desse områda. I tillegg gir det negative konsekvensar med fragmentering av kulturlandskapet.

Fylkeslandbruksstyret

I 2009 var det 81 saker til handsaming i Fylkeslandbruksstyret. I tillegg var det 20 delegasjonssaker og fleire referatsaker. Av dei ”ordinære” sakene til styret var 38 reine arealsaker (dispensasjonssaker eller regulerings- og kommuneplanar). Dei resterande sakene samt delegasjonssakene hører inn under resultatområde 23 ”Eiendoms- og bosettingspolitikken”. Hovudinntrykket er at styret i stor grad har følgd opp nasjonal politikk og lagt avgjerande vekt på vedtekne regionale og kommunale planer. I 2009 var det ingen saker der Rogaland fylkeslandbruksstyre ikkje følgde opp innstilling om motsegn frå Landbruksavdeling, og difor vart sendt SLF.

Rogaland fylkeslandbruksstyre valde den 16.10.09 å sende ei pressemelding om at styret ikkje var nøgd med samarbeidet mellom Fylkesmannen og Statens vegvesen i saker som gjeld samferdsel og jordvern. Denne kom på bakgrunn av ei rekke reguleringsplanar Fylkeslandbruksstyret hadde hatt til handsaming og som ende med motsegn på grunn av manglende ivaretaking av jordverninteressene. Fylkeslandbruksstyret syntes etter kvart at det var synd at fleire kommunar blei sittande med motsegn til planar for viktige trafiksikringstiltak som til dømes gang- og sykkelveg dei ville ha gjennomført, av di to statlege etatar ikkje vart samde. Utfordringar knytt til jordvern og samferdsel er også omtalt under pkt. 26.1 Samfunnsplanlegging.

Utvale kulturlandskap i jordbruket

I Rogaland er områda Hodne – Vikevåg, Helland – Bø og Førsvoll – Austbøheim på Rennesøy plukka ut til å vere ved i utval av verdifulle kulturlandskap i jordbruket. Ved arbeid med utval av områda, var områda på Rennesøy eit klart førsteval. Dette mellom anna fordi store delar av området var rangert som nr 1 i Rogaland i Nasjonal Kartlegging av kulturlandskap på 90 – talet. Vidare låg det allereie føre ein forvaltningsplan der biologiske og kulturhistoriske verdiar i området var godt dokumentert. I tillegg til den dokumentasjonen som allereie låg føre, er det gjort ein god del tilleggsregisteringar.

Dei utplukka områda omfattar om lag 9500 dekar. Rennesøy kommune er i gang med ny gjennomgang av marksalsgrensene. Det er derfor ikke mulig å oppgi arealfordelingen eksakt. Rundt regnet består området av om

lag 5000 dekar lyng, 1150 dekar gjødsla beite og 460 dekar fulldyrka areal. Resten ca 3000 dekar er vann, myr, fjell i dagen og annet utmarksareal.

I tillegg har Rennesøy kommune arbeidd aktivt med å få grunneigarane interessert i å ta vare på kulturlandskapsverdiane over mange år, og det er dei siste åra løyvd ein god del SMIL – , og RMP - midlar i området. Kommunen har også arbeidd aktivt for å legge til rette for turstiar i området.

Dei utplukka områda er dominert av kystlynghei, men tørrbakkar, enger og lauvtrelundar i den varme sørvesthelling ned mot fjorden. Det største trusselen i området har vore gjengroing ved at lyngareala ikkje har vore i bruk. I nokre mindre delar av området er utfordringa knytt til gjødsling. Det finst fleire sjeldne og sårbarer artar, t.d. klokkesøte som vert utkonkurrert ved stor tilførsel av gjødsel. Det er derfor utarbeidd ein skjøtselsplan m/kart for kvar enkelt eigedom der områda som ikkje skal gjødslast er markert. Skjøtselsplanen seier også noko om anbefalt beitestrykk i lyngheimråda.

På bakgrunn at skjøtselsplanane forutsett noko endring i driftsopplegget, særleg med omsyn til gjødsling, er det gjennom avtalene lagt opp til at det vert betalt ut årleg tilskot til drift om lyngheimråda. I tillegg vert det betalt ut årleg tilskot til innmarksområde som i dag vert gjødsla, men som etter skjøtselsplanen ikkje lengre bør gjødslast. Årleg tilskot vil utgjere om lag kr 300.000,- pr år.

Resten av midla frå tilskotspotten frå ”Utvalgte kulturlandskap i jordbruksoppdraget” vil verte nytta til restaureringstiltak. Den største aktiviteten vil vere knytt til skjøtsels av lyngheia, oppsett av gjerde, sviing og rydding av einer m.m. Det vil også i 2010 vere behov for å ruste opp turstinettet noko. Sidan turstiane vart etablert for rundt 5 år sidan, har det vore stor turtrafikk i området. Vidare er det behov for restaurering av enkelte bygningar. Når det gjeld konkrete tiltak i område viser vi også til innsendt rapport til SLF januar 2010.

Avgang dyrka og dyrkbar jord i Rogaland

860 daa dyrka jord og 578 daa dyrkbar jord vart omdisponert i Rogaland i 2008 – totalt 1438 daa, jf. KOSTRA tal frå SSB. Kvaliteten på innrapporteringa er som kjent varierande.

Utanom nemnde tal kjem i tillegg den bruk av dyrka og dyrkbar jord landbruksoppdraget si eiga bygjeverksemd utgjer. I eit aktiv landbruksfylke som Rogaland utgjer dette betydelege areal, som det i dag ikkje eksisterer noko oversikt eller rapportering på. Tal frå ein kommune i Rogaland, Hå, i følgje ei kartelegging kommunen sjølv har gjort, viser at 50 til 70 daa jordbruksjord blir nedbygd av driftsbygninga kvart år. Omdisponering av dyrka jord til anna enn landbruk etter plan-, og bygningslova og jordlova, i følgje KOSTRA tal for Hå, var i 2008 32 dekar.

Rogaland har gode planverktøy, god dialog mellom regional stat og primærkommune og erfaring med å løyse saker lokalt, sjølv om konfliktnivået knytt til jordvern er vedvarande høgt. Det er lite som talar for at konfliktnivået vil bli lågare framover. Særleg samferdselsutbygging for veg gir som konsekvens nedbygging av store jordbruksareal i beste klimasone, særleg på Jæren, men og andre delar av Rogaland.

26.2 Samfunnsplanlegging

Utfordringar og aktivitetar for å sikre landbruksoppdraget sine arealinteresser

Innførte krav om planprogram og konsekvensutredning skal sikre ei betre vurdering og dokumentasjon av landbruksinteresser i samfunnsplanlegginga. Erfaringane til no er at dette i varierande grad blir følgt opp av kommunane. Dei store bykommunane og kommunane i sentrale strøk, har kompetanse, kapasitet og vilje til å følgje opp dette. For dei mindre kommunane er dette langt meir utfordrande. Konkrete døme på dette i 2009 var høyring av kommuneplan for Suldal og Vindafjord, to viktige landbrukskommunar i Rogaland, som ikkje tilfredsstilte minstekrava i lova om konsekvensutgreiing, inkludert for landbrukstemaene.

Dersom ein ønskjer seg ein nasjonal politikk for å sikre jordvern og kulturlandskapsomsyn, er dette avhengig av ein politisk vilje til nasjonal styring. Erfaringar knytt til enkeltsaker etter jordlova og plan- og bygningslova, og plansaker elles, har vist at jordvern ofte ikkje betyr nok for lokalsamfunnet, til at jordverninteressene blir sikra tilstrekkeleg. Interessene i å vekse like mykje som nabokommunen og omdisponera areal til bustad, næring og vegprosjekt får i staden gjennomslag.

Jordvern og samferdsel

Store samferdselsprosjekt er kanskje ei av dei største utfordringane for jordvernet og landbruksoppdraget sitt

ressursgrunnlag i Rogaland. Det er ei rekke store prosjekt under planlegging. Transportkorridor vest gjennom Sola, Stavanger og Randaberg, utviding av E39 gjennom Randaberg fra 2 til 4 felt, omkjøringsveg rundt Åkra i Karmøy kommune og sykkelstamveg frå Forus til Stavanger er berre nokon av dei større prosjekta som er planlagt i kjerneområde landbruk og som er i konflikt med nasjonale jordverninteresser.

Fylkesmannen deltek i ulike prosjektgrupper og underveis i planlegginga så langt det lar seg gjere under dei knappe ressursane som finst for planarbeid på embetet. Det er også stor grad av deltaking i dialogmøte o.l underveis i reguleringsplansaker av større eller mindre art knytt til samferdselstiltak. Slik deltaking ser nå ut til å måtte nedprioriterast, jf omtale av dette under *kap 26.1 Overordna planar*.

Den nasjonale areal- og landbrukspolitikken blir av oss formidla heilt i frå starten. Likevel opplever Fylkesmannen ofte å vere aleine på tilstrekkeleg vektlegging av dette underveis. Både kommunane og Statens vegvesen syner i liten grad å ta innover seg den nasjonale arealpolitikken, til tross for auka fokusering på temaet til dømes i NTP 2010-2019 kapittel 12.1.5 ”Mål om kulturminner, kulturmiljø og landbrukets arealressurser”. Vi viser også til MD si godkjenning av Fylkesdelplan for samferdsel i Rogaland 2008-2019 den 16.06.09, der departementet uttalte: ”*Departementet savner en bredere omtale av mulige arealkonflikter knyttet til samferdselstiltak og mener derfor at hensynet til dyrka mark, kulturlandskapet og biologisk mangfold burde være mer synligjort.*”

Det er tidkrevjande og til dels frustrerande å forsøke å formidle dei klare føringane som gjeld for areal- og ressursforvaltinga i nokon av dei beste jordbruksområda i landet, når resultatet gong på gong er desse premissa ikkje vert teke omsyn til når planen blir endelig utforma.

Fylkesmannen opplever at prosjekta og planprosessane ofte har ein eigen ”tyngdekraft” som er vanskeleg å endre, sjølv med tydeleg involvering frå Fylkesmannen. I tillegg blir Vegenormalane frå Statens Vegvesen nytta på ein rigid og lite fleksibel måte som gjer ein dialog om løysingar mellom statlege sektorstyresmakter utfordrande, til tross for at det går fram av Håndbok 017 at vegenormalane skal kunne nyttast på ein fleksibel måte.

Fylkesmannen vil syne til at regjeringa ved Samferdselsdepartementet sjølv har understreka at jordvern skal vere eit hovudpremiss ved alle samferdselsprosjekt. Dette er avgjerande for at ein skal nå det nasjonale målet om halvering av den årlege omdisponeringa av dyrka jord innan 2010. Målet om å arbeide for å redusere avgangen av dyrka jord til samferdselstiltak er stadfesta i pkt 5.3.2. i St.meld. nr 26 (20062007) ”Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand”.

Vi vil vidare peike på at Riksrevisjonen i sin rapport om berekraftig arealplanlegging og arealomdisponering i Noreg (Dokument nr. 3:11 (20062007)), side 47, syner til at 84 % av Noregs fysiske nedbygde areal* er vegar og anna samferdsel. Bygningar utgjer 16 %.

* ”Areal som er forseglet eller dekket av harde flater”

Tiltak og utfordringar

Rette samferdselsprosjekt som kan gi ei ny utviklingsretning for by- og tettstadsutbygginga kan også vere gode jordvernprosjekt for å dreie utbygginga over på mindre produktive areal. Erfaringane til nå på Jæren er likevel at omdisponeringar i kommuneplanar og mangel på statleg finansiering av vedtekne samferdselstiltak, framleis gir som konsekvens at hovuddelen av veksten skjer vest på Jæren. 10 år etter at fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J) har ein oppnådd mykje på meir effektiv arealbruk, fortetting og transformasjon, men framleis skjer i hovudsak utbygging i vest på Jæren i dei beste jordbruksområda. Realisering av utbygging i austre deler på mindre produktive areal som er eit hovudgrep i FDP- J, ligg langt fram i tid.

Ved planlegging og konsekvensvurdering av samferdselstiltak har i dag verna naturområde, våtmarksområde, kulturminne (og i visse saker private hagar) ofte eit større vern enn dyrka jord av nasjonal verdi. Eit varig vern av matjord i dei viktigaste pressområda kan bidra positivt til å styrke landbruket sine interesser i slike saker.

Av di eit av hovudproblema er at Fylkesmannen opplever at Vegenormalen vert nytta på ei veldig lite fleksibel måte, er det eit forslag frå Fylkesmannen i Rogaland at LMD, MD, og Samferdselsdepartementet tek ein gjennomgang av praksis for bruk av Statens Vegvesen sine Vegenormalar med tanke på at desse kan og bør praktiserast på ein særskilt og anna måte i ”nasjonalparkar for matproduksjon” (kjerneområde landbruk), som for eksempel på Jæren. Fylkesmannen har forstått at desse utfordringane er dei same i mange andre fylker også, og då synes det å vere hensiktsmessig med ei overordna tilnærming, framføre at kvart enkelt embete og vegdistrikt skal kjempe mot kvarandre i enkeltsaker.

Fylkesmannen er også spent på korleis situasjonen kring store samferdselstiltak vert no når hovudtyngda av vegnettet er overførd til fylkeskommunen framføre Statens vegvesen. No blir situasjonen den at fylkeskommunen i mange tilfeller både løyver pengar til samferdselsprosjekt, har planleggingsansvaret for dei, samt er regional planstyresmakt som skal uttale seg til vegprosjekta. Fylkesmannen har ei viss uro for at det i større grad enn tidligare blir opp til Fylkesmannen å kontrollere at det blir tatt tilstrekkelig omsyn til areal- og ressurspolitikken i desse prosjekta, av di det vil vere vanskelig for planeksjonane hjå fylkeskommunane å fremje motsegn til ein plan for eit vegprosjekt som fylkeskommunen ved samferdselsseksjonen har ansvar for, og som det same Fylkestinget har løyvd pengar til.

Jordvern, kulturlandskap og Universell utforming (UU)

Universell utforming er eit viktig nasjonalt mål i planlegginga. Fylkesmannen i Rogaland arbeider aktivt for å nå dei nasjonale og regionale målsettingane for dette.

Landbruksavdelinga vil peike på at krav til UU, ved tilrettelegging og utbygging av nye ferdselstiltak i landbruks- og naturområde, som til dømes turvegar og tilrettelegging for ferdsel på landbruksvegar i kulturlandskapet, kan gi eit press om auka arealforbruk, og val av løysingar som gir fragmentering og därleg arrondering av landbruksområde. Val av løysingar og grad av tilrettelegging kan også gi betydelege inngrep i kulturlandskapet.

Vi vil peike på at det framleis må vere legitimt å velje løysingar og grad av tilrettelegging, der omsynet til arealforbruk og jordvern blir balansert mot omsynet til Universell utforming.

Vernesaker med landbruksinteresser

Det har ikkje vore planarbeid knytt til større vernesaker med landbruksinteresser i Rogaland i 2009.

Geovekst og Noreg digitalt

Det er ein stor utfordring å oppretthalda GIS kompetansen i embetet. Personar med GIS kompetanse er mangelvare i regionen. Dette medfører stor gjennomtrekk i desse stillingane og kompetansenivået er vesentleg svekka i løpet av året. Stillingen som GIS koordinator sto vakant i heile 2009, men ein person blei tilsett i slutten av året og tiltrer i februar 2010.

Internettportalen www.temakartrogaland.no blei drifta på eit minimumsnivå ved hjelp av ekstern konsulenthjelp i 2009. Denne vil bli avvikla i 2010 og bytast ut med ein ny portal. Dette skjer i samarbeid med Statens Kartverk, Fylkeskommunen og fleirtalet av kommunane i fylket.

Fylkesmannen dreg stor nytte av dataene som blir henta inn gjennom Geovekstsamarbeidet. Det er heilt naudsynt å ha oppdaterte kartdata i Fylkesmannens arbeid med dei forskjellige forvaltningsområda. I beredskapsarbeidet er GIS brukt som verktøy til blant anna å vurdera konsekvensar av eventuelle brot på dammane me har i fylket. GIS blir aktivt brukt i samband med utbrot av dyresjukdomar. I arbeidet med vassdirektivet er GIS heilt avgjerdande for å kunne få ein oversikt over dei forskjellige vassdraga og kva utfordringar ein har i det enkelte vassdrag. I jordvernarbeidet er dataene frå Geovekst og AR5 svært viktige for å redusera konsekvensane av den kraftige utbygginga i fylket. GIS blir brukt til å presentera konsekvensar av forskjellige utbyggingsalternativ. Generelt i PBL saker er oppdaterte geodata avgjerdande for å kunne gjera gode vurderingar utan å måtte reisa ut på dei aktuelle lokalitetane. I miljøforvaltinga er det svært viktig å ha viktige biotopar og andre objekt i GIS verktøy for å kunne driva ein rasjonell forvaltning. Det er i 2009 satt i gang arbeid med å oppdatera vegnettet for skogsbilvegar. Dette er eit viktig tema å ha oppdatert i samband med skogbrannar, redningsaksjonar og andre situasjonar der utsyrkingskjøretøy skal kunna rykka ut så raskt som mogleg. Det er også viktig å prioritera arbeidet med å digitalisera andre temadata frå alle fagfelt for å kunne dra nytte GIS verktøya fullt ut.

GIS blir også brukt aktivt for å illustrera forskjellane i dei forskjellege delane av fylket. Til dømes med befolkningsutvikling og utviklingstrendar i landbruket. GIS presentasjonar gjer i mange tilfelle eit betre biletet enn til dømes tabellar. Dermed blir sakene betre opplyst og presentasjonen vil få betre gjennomslagskraft.

Ressursrapportering

Landbruksavdelinga hadde i 2009 totalt 1226 vekeverk. Av desse er 238 vekeverk eksternt finansiert.

Resultatområde	FMRO	Sum
----------------	------	-----

1510 Fagdep. 1510 Fagdep.

Resultatområde 21	553	553	0
Resultatområde 22	166	166	0
Resultatområde 23	63	63	0
Resultatområde 24	165	165	0
Resultatområde 25	154	154	0
Resultatområde 26	125	125	0
Sum:	1226	0	1226

Kunnskapsdepartementet**Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet****31.1 Tilsyn og oppfølging av regelverk**

Vi viser til eigen rapport om det nasjonale tilsynet. I tillegg er det ført tilsyn som følgjer:

I 2009 vart det ført tilsyn med tre kommunar på området tilpassa opplæring og spesialundervisning. I eit av tilsyna vart også regelen om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder inkludert. I to av kommunane vart det gitt to avvik, i ein tre.

Det er vidare gjennomført tilsyn med to kommunar retta mot elevane sitt psykososiale miljø, jf. § 9a-3, hausten 2009. Tilsyna gav to avvik i ein av kommunane.

Det er også ført tilsyn med ein kommune om vaksne sin rett til grunnskoleopplæring (inkl spesialundervisning). Det vart gitt tre avvik.

Det er gjennomført skriftleg tilsyn med tre kommunar. Tema for tilsynet var korleis kommunane følgjer opp minoritetsspråklege elvar sine rettar til særskilt språkopplæring og om skoleeigar har eit system for å ivareta dette. I ein kommune vart det gitt eitt avvik, i to kommunar to.

Ved alle tilsyn der det er gitt avvik, har skoleeigar fått ein rimeleg frist til å melde frå om korleis avviket vert følt opp. Alle har svart innan fristen. Tre kommunar har frist for å sende melding om at avvika er lukka til ulike datoar i 2010.

Fylkesmannen har også avslutta tilsynet med ein kommune knytt til kravet om at kvar skole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. Kommunen hadde etablert fire såkalla ressurseiningar med to skolar i kvar eining. Tilsynet vart i 2008 gjennomført som eit skriftleg tilsyn, og i slutten av 2008 gav Fylkesmannen varsel om pålegg på bakgrunn av at kommunen ikkje hadde sannsynleggjort at to skolar hadde ei forsvarleg leiing etter § 9-1 i opplæringslova. Kommunen lukka avviket, og det vart såleis ikkje gitt pålegg om retting.

Dette året har det også vore naudsynt å følgje opp tilsyn frå 2008. I ein kommune, Eigersund, var ingen av avvika det var sendt varsel om lukka. Tilsynet var retta mot tilpassa opplæring og spesialundervisning. Det vart gjennomført eit nytt tilsynsbesøk i kommunen. Det vart konkludert med tre avvik og sendt varsel om pålegg. Endeleg rapport vart sendt like over nyttår 2010 og konkluderte med pålegg om retting av to avvik.

Oppfølging med Rogaland fylkeskommune etter tilsyn med opplæring i institusjonar etter barnevernslova der det vart gitt 4 avvik, er av kapasitetsmessige omsyn utsett til 2010 (og er no i gang).

Resultatet av ein omfattande kontroll i 2008 av årsrekneskap 2007 for dei private skolane vart sendt til skolane i 2009 saman med oppsummering av kontrollen for årsrekneskap 2008. Grunnlaget for kontrollen var eit skjema med i alt 46 kontrollpunkt som galdt dei formelle krava til årsrekneskapen. Resultat av kontrollen vart presentert på ei samling for alle privatskolane i juni 2009 der 38 personar frå 17 privatskolar deltok. Resultata er også oversendt til Utdanningsdirektoratet. Alle skolane hadde brot på dei formelle krava; varierande frå 2 til 19 brot, i gjennomsnitt 6 brot per skole eller på kvar femte kontrollpunkt. Fleire av deltakarane på samlinga gav uttrykk for at det var nyttig med ein slik oversikt over krava til årsrekneskap for privatskolar.

Vi nemner også her at det vart gjennomført ei kartlegging i alle kommunane sin praksis med å omdisponere inntil 25% av timetalet i fag. Kartlegginga vart gjennomført ved at kommunane vart bedne om å svare på spørsmål og å sende inn dokumentasjon. Alle kommunane har svart. Kartlegginga viser at ordninga blir lite nytta, og at ho oftast

blir nytta feil der ho er nytta. Tilbakemeldinga til kommunane er gitt i eige brev frå Fylkesmannen den 10.12.09.

Vi nemner elles at ein av medarbeidarane har vore med i ei arbeidsgruppe i Utdanningsdirektoratet for å førebu det nasjonale tilsynet i 2009.

Val av tilsynsobjekt er gjort i tråd med føringar frå Utdanningsdirektoratet og på bakgrunn av risiko- og vesentlegvurdering. Vurderingane er gjorde med utgangspunkt i m.a. KOSTRA og GSI, erfaringar frå klagebehandlinga, resultat på nasjonale prøvar (jf. 31.5), eksamens- og standpunktakarakterar, elevundersøkinga, inntrykk gjennom førespurnader og kontakt pr. telefon og e-post, oppslag i aviser og andre media.

Resultat frå tidlegare tilsyn har også vore med i vurderingane saman med eit visst omsyn til når det var gjennomført tilsyn sist. For tilsyn med kommunane er det dessutan tatt omsyn til samordning med anna tilsyn frå Fylkesmannen.

Tilsyna i 2009 er planlagde og gjennomførte med utgangspunkt i tilgjengelege ressursar i avdelinga. Eitt planlagt tilsyn med opplæring av ungdom og vaksne i fengsel vart utsett til hausten 2010 fordi Rogaland fylkeskommune arbeider med ei større omlegging av fengselsopplæringa. Det er vanskeleg å vurdere om tilsynsarbeidet samla sett er tilstrekkeleg, men graden av avvik ved gjennomførte tilsyn kan indikere at skoleeigarane framleis har for låg kunnskap om lovverket og for dårleg forvaltningspraksis. Dette treng ikkje innebere at elevar ikkje får oppfylt rettane sine, men vi er framleis urolege for mellom anna rettar knyttte til reglane § 2-8, kap 5 og §9a -3. På bakgrunn av erfaringane med tilsynet knytt til minoritetsspråklege elevar sine rettar etter § 2-8, har vi valt å vidareføre arbeidet i 2010 med tilsyn i fire kommunar. Vi har vurdert at det er nødvendig å gjennomføre intervju for å kome "tettare på", og vi vil derfor bruke systemrevisjon som metode.

For å spisse merksemda mot temaet for det landsomfattande tilsynet i 2010, valde vi å setje fokus på elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø og mobbing på utdanningskonferansen vår i november 2009. Konferansen fekk tittelen "Saman om mobbing", den eine dagen handla om regelverket og den andre om praktisk arbeid mot mobbing. Om lag 150 deltok. Vi nemner også at dei to foreldrekonferansane som vi arrangerer i samarbeid med KS og FUG, hadde fokus på læringsmiljøet til elevane dette året.

Ved nokre tilsyn vart det etter førespurnad frå kommunen gjennomført samling for alle rektorer, PPT, m.fl. i tilknytning til sluttmøtet med gjennomgang av regelverk og lovforståing på tilsynsfeltet. Etter vårt skjøn er slike samlingar svært nyttige - deltakarane er motiverte og "læringsutbytet" godt fordi gjennomgangen blir relatert til deira eigen praksis. Vi har elles deltatt med innlegg og foredrag etter ønskje frå kommunar, m.a. om skoleeigarrolla og kva den inneber på opplæringsfeltet. Av kapasitetsomsyn vart det ikkje arrangert eigne regelverksamlingar med tema knytte til tilsynsaktiviteten dette året. Det skal gjennomförast fire slike samlingar i 2010. Hausten 2009 vart det prioritert å gjennomføre heildagsamling om den nye vurderingsforskrifta.

Avdelinga har hatt relativt stor utskifting av personale i løpet av 2009, med vakanse i utskiftingsperiodane. Det er uråd å rekruttere personale som kan delta i tilsynsarbeid straks, og for ei lita avdeling er det krevjande å bygge nødvendig kompetanse. Den samla belastninga gjer at effektiviteten i arbeidet blir redusert, og også tilsynsaktiviteten blir berørt av dette.

Når det gjeld ressursbruk, viser vi til punktet om ressurskartlegging og til tidlegare innsendt rapport etter det nasjonale tilsynet.

Tilsynsoversikt utdanningsområdet

	Tilsynsobjekt	Tema/Myndighetskrav	Avvik	Merknad	Pålegg	Metode	Kommenter
FMRO	Haugesund kommune	Opplæringsloven § 2-8, særskilt språkopplæring for elever fra språklig minoriteter og §13-10 om kommunen har et forsvarlige system	Avvik 1: Haugesund kommune har ikke et forsvarlig system for å ivareta minoritetsspråklige elevers rettigheter og tilfredsstiller ikke kravene til forsvarlig saksbehandling i forhold til disse elevere	Ingen merknader	<input checked="" type="checkbox"/>	Brevtilsyn	Kommunen lukka avviket etter at vasel om enkeltvedtak blei sendt 2.06.09
		Minoritetsspråklige elevers rettigheter, jf. § 2-8 i opplæringsloven.	Avvik 1: Lund kommune tilfredsstiller ikke kravene til forsvarlig saksbehandling i				

FMRO	Lund kommune	Tilsynet skal kontrollere om skoleeier oppfyller lovens krav i denne regelen, og om skoleeier har et forsvarlig system for å ivareta dette, jf. opplæringsloven § 13-10 andre ledd.	forhold til elever som kan ha rett til særskilt norskopplæring, morsmålsopplæring og/eller tospråklig fagopplæring. Avvik 2: Lund kommune har ikke et forsvarlig system for å ivareta minoritetsspråklige elevers rettigheter.	Ingen merknader <input checked="" type="checkbox"/>	Brevtilsyn	
FMRO	Tysvær kommune	Spesialpedagogisk hjelp, tilpassa opplæring og spesialundervisning	Avvik 1 Tysvær kommune sikrar ikkje at alle vedtaka om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning er i samsvar med krava i opplæringslova og forvaltningslova. Avvik2 Tysvær kommune sikrar ikkje at alle sakkunnige vurderingar er i samsvar med krav i opplæringslova.	Ingen merknader <input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	
FMRO	Strand kommune	Tema for tilsynet er minoritetsspråklige elevers rettigheter, jf. § 2-8 i opplæringsloven. Tilsynet skal kontrollere om skoleeier oppfyller lovens krav i denne regelen, og om skoleeier har et forsvarlig system for å ivareta dette, jf. opplæringsloven § 13-10, 2. ledd.	Avvik 1: Strand kommune tilfredsstiller ikke kravene til forsvarlig saksbehandling i forhold til elever som kan ha rett til særskilt norskopplæring, morsmålsopplæring og/eller tospråklig fagopplæring. Avvik 2: Strand kommune har ikke et forsvarlig system for å ivareta minoritetsspråklige elevers rettigheter etter opplæringsloven § 2-8, jf. § 13-10,2. ledd.	<input checked="" type="checkbox"/>	Brevtilsyn	
FMRO	Suldal kommune	Tema for tilsynet var tilpassa opplæring og spesialundervisning, jf. opplæringslova § 1-3 og	Avvik nr. 1: Suldal kommune sikrar ikkje at dei sakkunnige vurderingane er i samsvar med krav i opplæringslova Avvik nr. 2: Suldal kommune har ikkje etablert eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova knytt til tilpassa opplæring og spesialundervisning blir oppfylte	Ingen <input checked="" type="checkbox"/>	Systemtevisjon	

FMRO	Forsand kommune	Tema for tilsynet var tilpassa opplæring og spesialundervisning, jf. opplæringslova § 1-3 og	Avvik 1 Forsand kommune sikrar ikkje at dei sakkunnige vurderingane er i samsvar med krav i opplæringslova Avvik 2: Forsand kommune sikrar ikkje at det blir fatta enkeltvedtak i samsvar med krav i opplæringslova og forvaltningslova Avvik 3 Forsand kommune har ikkje etablert eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova knytt til tilpassa opplæring og spesialundervisning blir oppfylte	ingen merknader	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon
FMRO	Bjerkreim kommune	Tema for tilsynet er elevane sitt psykososiale miljø, jf. § 9a-3 i opplæringslova. Tilsynet skal kontrollere om skoleeigar oppfyller lova sine krav i denne regelen, og om skoleeigar har eit forsvarleg system for å ivareta dette, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.	Avvik 1: Bjerkreim kommune sikrar ikkje at oppmodingar frå elevar eller foreldre om tiltak som gjeld elevane sitt psykososiale miljø, blir behandla etter reglane om enkeltvedtak i opplæringslova og forvaltningslova. Avvik 2: Bjerkreim kommune har ikkje eit forsvarleg system for å vurdere om krava i opplæringslova knytt til elevane sitt psykososiale miljø blir oppfylte.	Ingen merknader	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon
FMRO	Bokn kommune	Tema for tilsynet er elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø, jf. § 9a-3 i opplæringslova. Tilsynet skal kontrollere om skoleeigar oppfyller lova sine krav i denne regelen, og om skoleeigar har eit forsvarleg system for å ivareta dette, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.	Ingen avvik	Ingen merknader	<input type="checkbox"/>	Systemrevisjon
			Avvik 1: Kommunen sikrer ikke at den sakkynndige vurderinga for elever under opplæring inneholder			

FMRO	Strand kommune	Tema for tilsynet er voksnes rett til grunnskoleopplæring og spesialundervisning, jf §§ 4A-1	omfang av spesialundervisningen. Avvik 2: Kommunen sikrer ikke at det utarbeides sakkyndig vurdering for alle som har behov for det. Avvik 3: Strand kommune har ikke et forsvarlig system for å avdekke, vurdere og følge opp om kravene i opplæringsloven som gjelder voksenopplæring blir fulgt.	Ingen merknader	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon Avvik 1 og 2 er lukka. Frist for lukking av 3. avviket er 7.5.2010
FMRO	Sandnes kommune	Forsvarlig ledelse, oppl.l. § 9-1	Ingen avvik	Ingen merknader	<input checked="" type="checkbox"/>	Det ble gitt varsel og pålegg. Kommunen rettet seg etter pålegget og varslet ble trukket tilbake Skriftlig tilsyn og møter

31.2 Klagesaksbehandling

Det er ikkje store endringar i klagesaksbehandlinga i avdelinga i 2009. Total sett er det ein lita auke i talet på klager.

Tidligare har talet på klagesaker som gjeld spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp gått ned, men for 2009 ser vi ein auke i talet på slike saker. Dette gjeld både innanfor grunnskolen og barnehagen, men auken er størst når det gjeld spesialpedagogisk hjelp. Det er eit par kommunar som skil seg ut.

Enkelte saker kan krevje fleire vekeverk. Fleire saker enn før er kompliserte, mangefull forvaltningspraksis frå kommunane gjer at det kan gå lang tid før vi får klagene og kompleksiteten aukar ofte jo lengre tid det går. Resultatet i mange saker blir at kommunen sitt vedtak blir oppheva og saka sendt tilbake fordi saka ikkje er opplyst godt nok til at Fylkesmannen kan fatte endeleg vedtak. Til dømes må det utarbeidast ny sakkunnig vurdering, eller kommunen manglar grunngjeving for kvifor dei avvik frå den sakkunnige vurderinga.

Det er ei prioritert oppgåve å behandle klagesakene på utdanningsfeltet så raskt som råd, sidan desse sakene mest alltid gjeld individuelle rettar for barn, unge og voksne.

Det har vore ein auke i saksbehandlingstida. Det blir sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli lenger. I 2009 vart slik melding sendt i 15 klagesaker (dei fleste knytte til spesialundervisning) etter opplæringslova. Dette skuldast både vakansar, stor utskifting av personell og kompliserte saker.

Antal klager på standpunktakarakterar i fag er nesten ikkje endra frå 2008 til 2009. Tala for alle typar klagar på standpunktakarakterar er innafor det som må reknast som normalt for fylket. 73% av klagerane fekk medhold og saka blei sendt tilbake til skolen for ny vurdering. Hovedgrunnen var at grunngjevinga for karakteren ikkje godt nok kunne knyttast til eleven si målopnåing i forhold til kompetanseområla.

Fylkesmannen har utarbeidd rettleiar for behandling av klage på standpunktakarakterar. Dette er gjort i samarbeid med fylkesmennene i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Agderfylka. Rettleiaren blir årleg oppdatert ut frå erfaringar frå siste årets klagebehandling, endringar i lovverk og forskrift, samt klargjeringar gjorde av Utdanningsdirektoratet. Rettleiaren blir publisert på nettsidene til Fylkesmannen, og er mykje nytta av skolar med ungdomstrinn.

I tillegg til rettleiaren, arrangerer Fylkesmannen årleg samlingar for skoleleiarar der m.a. aktuelt regelverk om standpunktakarakterar og erfaringar frå siste års klagebehandling er tema. For å gjere samlingane lettare tilgjengelege, blir det arrangert ei samling i nordre og ei i søre delen av fylket. Dei aller fleste skolane med ungdomstrinn sender representantar til desse samlingane.

		Type klage	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Sum
FMRO	Klage i grunnskolen	Skoleplassering	2	20	22
FMRO	Klage i grunnskolen	Skoleskyss	2	11	13
FMRO	Klage i grunnskolen	Spesialundervisning	29	4	34
FMRO	Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder	Spesialpedagogisk hjelp	29	1	30
FMRO	Klage i private skoler	Spesialundervisning	1		1
FMRO	Klage i grunnskolen	Utsatt skolestart		1	1
FMRO	Klage i videregående opplæring	Inntak på særskilt grunnlag	3		3
FMRO	Klage i grunnskolen	Morsmålsopplæring		2	2
FMRO	Klage i grunnskolen	Orden og atferdskarakter	2		2
FMRO	Klage i grunnskolen	Psykososialt miljø	1		1
FMRO	Klage i grunnskolen	Grunnskoleopplæring for voksne	1		1
FMRO	Klage i videregående opplæring	Innakt til VGO for voksne		1	1
FMRO	Klage i videregående opplæring	Innakt til VGO	3		3
FMRO	Klage i grunnskolen	Lokalgitt eksamen		12	12
FMRO	Klage i grunnskolen	Fritak for norsk sidemål	1	2	3
FMRO	Klage i grunnskolen	Søknad om permisjon		1	1
FMRO	Klage i grunnskolen	Standpunkt-karakterer	109	27	136

31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Vi har følgt opp kommunar og private skolar med rettleiing og tildeling av passord i innsamlingsperioden. I ettertid har vi undersøkt tal som har vore tilsynelatande urimelege og retta opp desse. Reviderte tal er lagde inn i GSI.

Vi har gitt bidrag til vidareutvikling av GSI ved å delta på samlingar og samarbeide med arbeidsgruppa for utviklinga av GSI. Vi har sendt inn forslag og vurdert arbeidsgruppa sine forslag til endringar og forbetringar.

I 2009 hadde vi ikkje samling med skoleeigarane av di det var svært få som var nye i dette arbeidet. Rettleiinga har skjedd pr. telefon og epost. Vi har besøkt ein kommune og gjennomgått GSI med skoleeigar og skoleleiarar på oppmoding frå dei.

Utval av tala for Rogaland er presenterte på våre nettsider og media har publisert deler av dette materialet. Tal og analysar frå GSI er nytta aktivt som grunnlag for tilsynsarbeidet.

På oppmodig frå Forvaltningsavdelinga kontrollerer vi kommunar som har oppgitt ekstra klassar på grunn av språkdeling, og som Fylkesmannen bereknar skjønnstilskott for.

I 2009 hadde vi 14 skolar på lista frå Utdanningsdirektoratet over skolar som såg ut til å bryte Stortinget sine føresetnadjar om gruppstorleik. Det var stort sett feil i rapporteringa eller at avvika var mikroskopiske. Dette vil bli rapportert innan 1. april i eigen rapporteringsmal.

Det er nytta om lag 50 dagsverk til arbeidet med GSI fordelt på to medarbeidarar. Ein av dei nyttilsette medarbeidarane i avdelinga har god statistikk-kompetanse, og vi trur avdelinga kan bli enno betre når det gjeld arbeidet med og bruken av statistikk. Vi vurderer ressursar og kompetanse i avdelinga til dette arbeidet som god.

31.5 Eksamens og nasjonale prøver

Eksamens

3 medarbeidarar har deltatt i Utdanningsdirektoratet sine eksamensmøte og i opplæringa i nytt prøveadministrativt system, PAS, og nytt prøvegjennomføringssystem, PGS.

Vi har gjennomført møte om sentralt gitt eksamen og deltatt i møte om lokalt gitt eksamen både i sør - og nord - fylket.

Vi har arrangert sensoropplæring for 76 sensorar i norsk og har gjennomført fellessensur for grunnskoleeksamen i norsk for fylka Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland.

Vi har deltatt i eit eksamensmøte arrangert av fylkeskommunen, orientert om sentralt gitt eksamen, og gitt hjelp og rettleiing i samband med lokalt gitt eksamen.

Fylkesmannen har gitt brukarstøtte til skoleeigarar i PAS og PGS. Vi har tildelt tilgang og brukarroller til skoleeigarar, prøveansvarleg ved skolane og sensorar.

Vi har gitt hjelp med å registrere fagpersonar, med å melde på kandidatar og med å registrere resultat. Vi har tatt imot spørsmål, meldingar frå skolane om behov når det gjeld utviklinga av PAS og PGS og feilmeldingar som vi har vidareformidla til Utdanningsdirektoratet.

Ved tilsyn i kommunar og i fylkeskommunen er valet av tilsynsobjekt gjort m.a. på bakgrunn av resultat på nasjonale prøvar og eksamens- og standpunktakarakterar. Informasjons- og vurderingsarbeid knytt til resultat frå nasjonale prøvar og eksamens- og standpunktakarakterar blir også etterspurt i intervjuet.

Ressursbruk

Det blei brukt 260 dagsverk til arbeidet med eksamen og 28 dagsverk til nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar i 2009. Talet på dagsverk brukt til eksamensarbeid har gått ned frå 2008 til 2009. Dette på grunn av at innføringa av nytt prøveadministrativt system og nytt prøvegjennomføringssystem ikkje har ført til så stor arbeidsbelastning i 2009 som i 2008.

Nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar

Fylkesmannen har gitt brukarstøtte og følgt opp skolane i bruken av PAS og PGS. Vi har mottatt feilmeldingar og formidla desse vidare for å finne løysingar. Informasjonsarbeidet om nasjonale prøvar har i stor grad gått direkte til skolane, og det er blitt mindre arbeid med nasjonale prøvar og gjennomføringa av desse hos Fylkesmannen. Det er likevel framleis behov for noko rettleiing. Tidsbruken til arbeid med nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar har likevel auka litt frå 2008 til 2009. Årsaka er innføring av kartleggingsprøve i rekning i vidaregåande opplæring. Vi har deltatt i samlingar med Utdanningsdirektoratet om nasjonale prøvar. Vi har informert om prøvane, om gjennomføringa og om resultata, på nettsida vår.

Gjennomføringa av nasjonale prøvar er komen i god rytme og er nå meir eller mindre problemfri med unntak av tidvis tekniske problem. Fylkesmannen følgjer opp arbeidet med nasjonale prøvar gjennom informasjon, opplysning om tidsfristar etc. Tidsbruken i 2009 er 5 dagsverk + 22 dagsverk til brukarstøtte i PAS/PGS. Som nemnt ovanfor er resultat frå nasjonale prøvar brukt ved førebuing av tilsyn, og også ved informasjon og ressursfordeling ved tiltak som t.d. kompetanseutvikling i lesing.

Risikovurdering i samband med resultata av nasjonale prøvar og eventuelle val av tilsynsobjekt i samband med dette, er ført på resultatområde 31.1 Tilsyn. Dette gjeld og tidsbruken.

31.8 Koordinering av sensur for sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkesmannen har gjennomført fellessensur for vidaregåande opplæring våren 2009 i 33 ulike fagkodar med til saman 244 sensorar. Vi gjennomførte klagesensur for vidaregåande opplæring sommaren 2009 etter ei rulleringsordning med Fylkesmannen i Hordaland i 64 ulike fagkodar med til saman 48 klagenemndsmedlemmar fordelt på 19 klagenemnder. Fellessensuren for hausteksamen blei gjennomført i 8 fagkodar med til saman 38 sensorar. Talet på dei sensurerte prøvesvara og eksamensstatistikken ligg i PAS.

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embedet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?	X		

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkeltpørver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleiere med høy andel elever med fritak
	Det er relativt færre elevar i Rogaland som har fritak enn			Fylkesmannen har

2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltagelse på nasjonale prøver	landsgjennomsnittet. På 5. steg er Rogaland 0,2 under landsnivå i engelsk, 0,4 under i lesing og 0,1 under i regning. På 8. steg er Rogaland 0,3 under landsnivå i engelsk, likt med landsnivå i lesing men 0,1 over landsnivå i regning.	Det er tre kommunar som har relativ høg andel fritak.	Variasjonane kan vere tilfeldige, men det kan og skuldast gal tolking av regelverk. Andelen i desse kommunane er imidlertid gått ned frå førre året.	gitt informasjon på nett om reglane for fritak i tillegg har vi bede dei som har mange fritak om å se ekstra på rutinar og rett tolking av lovverk. Det er som sagt mykje mindre fritak i år enn i fjor.
--	---	---	--	--

31.7 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen forvaltar to tilskotsordningar på grunnskoleområdet; kap 225 post 64 Grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak og kap 225 post 66 Leirskoleopplæring. I tillegg har Fylkesmannen kontrolloppgåver når det gjeld kap 225 post 60 Tilskot til landsliner og kap 225 post 65 Tilskot til språklege minoritetar i vidaregåande opplæring.

Fylkesmannen har i 2009 utbetalt tilskott til grunnskoleopplæring for 239 barn og unge i asylmottak mot 247 i 2008. Desse elevane hadde 972 månadar i opplæring mot 731 månadar i 2008. Det er i alt utbetalt 6,5 mill kr mot 4,6 mill kr i 2008. Gjennomsnittleg tal på månadar i opplæring har auka frå 3 til litt over 4.

Fylkesmannen har gjort ein formalia- og rimelegkontroll av søknadene frå kommunane om tilskott til grunnskoleopplæring. Det er henta inn liste over bebuarar i mottak frå UDI og desse er samanlikna med søknadene. I rapporteringa for 2.terial 2009 blei stikkprøvekontrollane våre dokumenterte. Stikkprøvene førte til at nokre av søknadene blei korrigerte. Elevtalet kommunane søkte om tilskott for låg godt innafor talet på bebuarar, jf. listene frå UDI.

Det var i alt 4943 elevar på leirskole i 2009 mot 4967 året før. Talet på elevar som reiser på leirskole har vore stabilt dei siste tre åra. 8,4 % av elevane i grunnskolen har deltatt på leirskole dei siste åra. Desse elevane var i 2009 organiserte i 286 grupper mot 252 året før.

Kommunane sine søknader med elevlister er gjennomgått. Det er henta inn faktura eller uttale frå nokre av leirskolane som viser at kommunen har hatt leirskoleopphold der.

Resultatområde 32 Opgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

32.2 Kompetanseutvikling

Etterutdanning

Samarbeidsrådet (KS, Fylkesmannen, representantar frå kommunale nettverk, Utdanningsforbundet, universitet og høgskolar) samarbeidde om grunnlag for tildeling av etterutdanningsmidlar for 2009. Dei nasjonale føringane lå til grunn for arbeidet, og det vert sett opp regionale kriterium for behandling av søknadene.

Alle kommunane fekk tilskott til etterutdanning i 2009 i tråd med føringane frå Utdanningsdirektoratet. 26 av 27 kommunar fekk midlane direkte. Suldal kommune fekk midlane indirekte ved at dei var med i eit samarbeidsprosjekt med Sauda kommune. Midlane til Suldal og Sauda kommunar blei utbetalt til Sauda kommune.

Fylkesmannen har tildelt kr. 14 553 000,- til etterutdanning, og kr. 7 181 000,- til fag- og yrkesopplæring i 2009.

Vidareutdanning

10 kommunar og fylkeskommunen har totalt 55 lærarar som går på frikjøpte studieplassar og har i tillegg fått

tilskott til 7 lærarar som tar studier innan 'andre fagområde' skuleåret 2009/2010. 2 private skolar har totalt 2 lærarar på frikjøpte studieplassar. 3 andre private skolar har fått tilskott til kvar sin lærarar som tar andre studier.

Oppslutninga rundt den nye strategien for vidareutdanning var svært variert i Rogaland. 16 av kommunane sørkte ikkje om studieplassar. Nokre sökte om ein plass, og nokre få sökte om mange studieplassar. Rogaland har samla berre nytta 57 av 135 frikjøpte studieplassar.

Rapportering

Alle skoleeigarar som fekk tildelt tilskott til kompetanseutvikling i 2008, har rapport på bruk av midlar til kompetanseutvikling.

Alle skoleeigarar får brev frå direktoratet om rapportering for etter- og vidareutdanningsmidlar for 2009. Fylkesmannen legg informasjonen ut på sine heimesider. Den nye rapporteringsportalen er opna for skoleeigarane.

Riksrevisjonen har gjennomført revisjon hos FM Rogaland på dette området og funne alt i orden.

Etterutdanning i lesing 2008:

6 kommunar deltok: Klepp (10 skolar), Sokndal (6 skolar), Finnøy (2 skolar), Forsand (1 skole) Strand (3 skolar) og Hå (6 skolar).

421 lærarar var påmelde til etterutdanning i lesing i 2008.

I tildelingsbrevet til desse kommunane gjorde vi greie for rapporteringskravet og at det ville kome retningslinjer om rapportering frå Utdanningsdirektotratet. Vi har ikkje motteke slik info frå UDIR og det er dermed ikkje rapportert på kor mange lærarar som har gjennomført etterutdanninga, men det er vår oppfatning at stort sett alle som var påmelde i 2008, gjennomførte i 2009.

Vurdering

Samla ressursbruk i avdelinga i 2009 var på 80 dagsverk. Samarbeidet med partane i strategien gjennom Samarbeidsrådet og Skolefagleg forum har vore godt, men det er ei stor utfordring at haldninga til skoleeigarane i høve til strategien er så ulik. Samla sett er det trass i lågt tal studieplassar, grunn til å konkludere med at måloppnåinga vår er forsvarleg.

32.3 Skoleporten

Samlet ressursbruk for Skoleporten er 15 dagsverk. Kompetansen i arbeidet med Skoleporten vurderes som god.

Vi har utført brukarstøtte og rettleiing pr. telefon/e-post. Data frå Skoleporten blir nytta i stor grad både ved tilsyn og ved henvendingar frå media og andre som vil vite noko om tilstanden /data frå skolen.

Ved publisering av resultat frå nasjonale prøver, er det stor aktivitet i Skoleporten og vi har i den perioden meir aktivitet på rettleiing og informasjon.

Særskild Rapportering	JA	NEI	Spesifiser dersom avvik	Øvrige kommentarer
1. Har embetet oppdatert brukerstøtte- og veiledningsfunksjon?	X			
2. Benytter embetet Skoleporten på en formålstjenlig måte i tilsynsarbeidet?	X			
3. Brukes Skoleporten i lokal kvalitetsvurdering?	X			

4. Innspill fra embetet til forbedringer av Skoleporten:

Nye data i Skoleporten bør legges ut raskere. Det er oftest "gamle" tall.

32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

Det har ikkje vore eigne oppdrag på dette området i 2009 (jr. dynamisk VP)

32.5 Tiltak innen tilpasset opplæring og spesialundervisning – kap 230.01

Fylkesmannen har gitt informasjon og rettleiing om tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp til PPT, skoleleiarar, rådgivarar, foreldre og representantar for brukarorganisasjonar pr telefon og e-post. Svært mange av dei førespurnadene vi får pr. telefon og e-post, gjeld informasjon og rettleiing på dette feltet. Oppdraget er elles blitt utført gjennom følgjande tiltak:

- Eit tilsyn med tema spesialpedagogisk hjelp, tilpassa opplæring og spesialundervisning
- To tilsyn med tema tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Eit oppfølgingstilsyn etter det nasjonale tilsynet i 2008 med tema tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Eit tilsyn der rett til spesialundervisning for vaksne (§ 4A-2) var inkludert
- Innlegg på ei samling i regi av NFU (Norsk forbund for utviklingshemmede)
- Innlegg på ei samling for tilsette i barneverntenesta
- Innlegg på to nettverksamlinger for barnehagetilsette (§ 5-7)
- Deltaking i ei vidareføring av prosjektet "Dei utfordarnade barna"- ny prosjektperiode for 4 kommunar
- Spesiell oppfølging og møte med PPT og kommuneleiinga angåande ei elevsak knytt til det spesialpedagogiske området

Etter Fylkesmannen si vurdering har vi hatt god måloppnåing i høve oppdraget på dette resultatområdet

Resultatområde 38 Tilsyn og forvaltning på barnehageområdet

38.1 Tilskuddsforvaltning

- Kvalifisering av personell:Kvalifisering av personell er eit prioritert tiltak, og midlar knytt til Kompetanseløftet er i hovudsak nytta til dette tiltaket. Mange kommunar i Rogaland satsar på å kvalifisera personar som allereie er tilsett i kommunen.
- Desentraliserte høgskulestudiar:Fylkesmannen i Rogaland har og i 2009 tildelt stimuleringsmidlar til Universitetet i Stavanger for å utvikla ei nettbasert løysing for fjernundervisning/desentralisert sjukepleiarutdanning.
- Vidareutdanning for personell med vidaregåande opplæring: Rogaland fylkeskommune, kommunar i Rogaland og Fylkesmannen i Rogaland etablerte i 2007 ei ny fagskoleordning, som kjem i tillegg til andre fagskoletilbod som er tilgjengelige i Rogaland. Denne ordninga vart vidareført fram til sommaren i 2009 da Helsedirektoratet tok over finansieringa av dette tiltaket.
- Vidare- og etterutdanning for høgskoleutdanna personell: Fylkesmannen i Rogaland har i 2009 og oppfordra kommunane til å satsa på vidareutdanning, og det er gjevet tilskot til mange av desse tiltaka i kommunane.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2009 hatt ein del kontakt med både private og offentlege fagskoletilbydarar i høve at Helsedirektoratet no har lagt til rette for direktefinansiering.

86.4 Investeringstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger

Fylkesmannen i Rogaland har gitt råd til Husbanken Region vest om prioritering av prosjekt på budsjettet for 2009. Av Husbanken Region vest si budsjetttramme for 2009, var om lag 100 millionar kronar tiltenkt kommunane i Rogaland. Då det var stor sokarmasse frå kommunane i Rogaland og liten frå kommunane i Sogn og Fjordane, er det gitt tilsegn på om lag 118 millionar kroner til kommunar i Rogaland i 2009. I tillegg har Husbanken gitt bustadtilskot til 12 omsorgsbustadseiningar med heildøgns omsorg der det i utgangspunktet var søkt om investeringstilskot.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2009 delteke på tre felles samlingar med Husbanken og fylkesmannsembeta i Region vest for å avklara prioriteringar, fordeling og samarbeidsmåtar.

I tillegg har Fylkesmannen i Rogaland og Husbanken Region vest hatt felles møter med fire einskildkommunar om investeringstilskotet.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2009 hatt mykje arbeid med å klargjera for kommunane dei kriteriane som ligg til grunn for tildelinga av investeringstilskotet. Det har spesielt vore utfordrande å få forståing for at ein kommune med ein dekningsgrad betydeleg over 27 % og som søker om betydelige beløp fleir år fram i tid, ikkje allereie no kan prioriterast framføre kommunar som har dekningsgrad under 27 %.

Fylkesmannen i Rogaland og Husbanken Region vest arrangerte i mars konferansen ”Korleis utforme gode sjukeheimar og omsorgsbustader?”. Tilrettelegging for personar med demens, universell utforming, føresetnader for aktiv omsorg og eit godt kvardagsliv, mulighetene som ligg i ny omsorgsteknologi og styresmaktanen sine krav til ulike buformar, var tema som vart gjennomgått på konferansen. Viktigheita av godt samarbeid mellom ulike faggrupper i planleggingsfasen vart og understreka, og erfaringar frå prosjekt i kommunane vart presentert.

Fylkesmannen i Rogaland sende i august ut ein bokpakke til kommunane med litteratur og informasjonsmateriell om tilrettelegging for personar med demenssjukdom, og brev om føringar knytt til tilskotsordninga.

86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten

Etter initiativ frå Fylkesmannen i Rogaland oppretta Stavanger kommune i 2008 eit prosjekt for å rekruttera og behalda menn i helse- og omsorgstenesta. Prosjektet vart støtta med midlar knytt til Omsorgsplan 2015. Prosjektet er vidareførd i 2009 i ei litt ny form, og det er mellom anna inngått samarbeid med NAV for å rekruttera menn som kan ha interesse for å arbeida i helse- og omsorgstenesta.

Heile Helse- og sosialavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland arbeider kontinuerleg med problemstillingar knytt til kvalitetsforbetring og internkontroll i helse- og omsorgstenesta i kommunane, og me gir jamleg råd til kommunane om temaet. Fylkesmannen i Rogaland har i 2009 halde tre kurs for til saman fem kommunar om helse- og sosiallovgivinga.

Då Fylkesmannen/Helsetilsynet i Rogaland gjentekne gonger har avdekkja systematisk og alvorleg svikt når det gjeld dokumentasjon av sjukepleia i pasientjournalane i helse- og omsorgstenesta i kommunane, tok me i 2009

kontakt med Universitetet i Stavanger, Institutt for helsefag, for å arbeida med problemstillinga.

IPOS: sjå eige rapporteringspunkt.

Legetenester i sjukeheimar:

Fylkesmannen i Rogaland har i 2009 vore i kontakt med fleire kommunar når det gjeld gjennomføringa av vedtaka om lokal norm for legetenesta i sjukeheimar. Fleire kommunar melder at dei ikkje har greidd å nå måla dei hadde sett seg. Dei oppgjev både problem med å få avsett midlar til legestillingar i budsjetta og problem med å skaffa leger til stillingane, som årsaka til dette.

Ved rapporteringsfristen for lokal norm i 2008, melde fleire kommunar at dei hadde planar om å gjennomføre eit arbeid/foreta ei evaluering på området i løpet av 2008 og 2009. Dette er ikkje gjennomført hos alle som hadde slike planar.

86.6 Undervisningssykehjem/ Undervisningshjemmetjenester

Undervisningssjukeheim:

Fylkesmannen i Rogaland har eit nært samarbeid med begge undervisningssjukeheimane i fylket. Fylkesmannen i Rogaland sit i styringsråda til begge undervisningssjukeheimane, og me har elles hyppig og tett kontakt. Undervisningssjukeheimane arbeider begge med satsingsområda i Omsorgsplan 2015 og driv med forsknings-/fagutviklingsarbeid. I løpet av 2009 har to tilsette ved Stokka undervisningssjukeheim levert doktorgradsavhandlingar.

Begge undervisningssjukeheimane har i 2009 arrangert spredningskonferansar i samarbeid med Løvåsen hovudundervisningssjukeheim. Tema for konferansane var ernæring og tannhelse, og Fylkesmannen/Helsetilsynet i Rogaland deltok med foredrag på begge konferansane.

Undervisningsheimeteneste:

Fylkesmannen i Rogaland vurderte i mai søknadar om undervisningsheimeteneste frå kommunane i Rogaland, og ga råd til Helsedirektoratet om prioritering av søknadane.

Stavanger kommunen, som vart tildelt undervisningsheimetenesten i Rogaland, arbeider no med etablering og organisering av prosjektet.

Omsorg ved livets slutt og lindrande behandling:

Fylkesmannen i Rogaland har spreidd informasjon om moglegheita til å søke om tilskot til prosjekt om lindrande behandling til kommunane i Rogaland. Fylkesmannen ga i april råd til Løvåsen hovudundervisningssjukeheim og Fylkesmannen i Hordaland om tildeling av midlar til lindrande behandling til kommunane i Rogaland.

86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten

Fylkesmannen har arrangert kurs for ansatte i kommuner/NAV-kontor i vederlagsforskriften.

86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming

Statistikkdata for 2009 er oversendt Statens helsetilsyn innen fristen. Fylkesmannen mottok tilsammen 2625 enkeltmeldinger om skadeavvergende tiltak i nødssituasjoner i 2009. Fortsatt antar vi at dette tallt sannsynligvis er noe lavere enn den faktiske tvang- og maktbruken som foregår. Flere av de meldingene vi har mottatt er av en slik karakter at de indikerer tvangsbruk som er forholdsvis omfattende, og at dette har foregått over tid. Fylkesmannen tar i slike tilfeller kontakt med kommunen og henviser til spesialisthelsetjenesten med henblikk på å arbeide med saken gjennom andre løsninger eller ev. enkeltvedtak.

Det er fattet tilsammen 69 enkeltvedtak hjemlet i kap 4A. Fylkesmannen har ført stedlig tilsyn med 20 av disse i 2009. I 60 av 69 vedtak er det behov for dispensasjon fra utdanningskravet. Dette er bekymringsfullt, siden det er

mer regel enn unntak at slik dispensasjon må gis. Fylkesmannen tilbyr kortkurs i kap 4A eller veiledningsmøter for tjenesteyterne / ledere med mål om å heve den generelle kompetansen. Vi gjennomførte således 6 kurs og 18 veiledningsmøter i 2009. I samarbeid med NFU Rogaland fylkeslag arrangerte vi dagskonferanse om "ti år med sosialtjenesteloven kap 4A".

86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

Tre representantar frå Fylkesmannen i Rogaland deltok på Helsedirektoratet sin regionale IPLOS-konferanse i Stavanger i 6.5.2009, og ein bidrog med innlegg om Lov om pasientrettigheter kap. 4A.

Fylkesmannen i Rogaland har halde ved like område om IPLOS på nettstaden til Fylkesmannen, mellom anna med ny og oppdatert informasjon og lenker vidare til Helsedirektoratet. Fylkesmannen har per mai 2009 ein oppdatert oversikt over IPLOS-kontaktpersonar i kommunane i Rogaland.

Fylkesmannen er ikkje kjend med at det er kommunar i fylket som ikkje oppfyller krav vedrørande IPLOS.

Råd og rettleiing til kommunane når det gjeld IPLOS, er gitt på førespurnad. I møte med kommunane, det vere seg tilsynsbesøk, rådgjeving og andre møter, har IPLOS vore tatt opp der det har vore naturleg. Fylkesmannen har og etterspurd IPLOS-registreringar i klagesakshandsaming der det har vært naudsynt.

Fylkesmannen i Rogaland gjennomførde i november ei kartlegging av ordningar for å ivareta personvern og informasjonstryggleik i helse og omsorgstenestene i kommunane, og alle kommunane har no svara på denne.

Eit fleirtal av kommunane er kjend med retningsliner for datasikkerheit. Kartlegginga har vært ein "vekkar" då dei har sett at ting manglar, må gjerast tydelegare eller må dokumenterast. Dei fleste kommunane seier at dei vil arbeide vidare med informasjonssikkerheit i tida som kjem.

Resultatområde 87 Psykisk helse

87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene

Kommunal rapportering på psykisk helsearbeidsfeltet er samla og oversendt Helsedirektoratet innan fristen (IS-24/2008). 2009 var første året etter at opptrappingsplanen var ferdig og øyremeringa vert avslutta. Midla blei no ein del av rametilskottet til kommunane. På oppdrag frå Helsedirektoratet vert det gjennomført ei kartlegging i kommunane i fylket om korleis økonomien på området utvikla seg etter at øyremeringa forsvann. Av 26 kommunar var det 6 som rapporterte om nedskjeringar på feltet, mens eit stort fleirtal hadde anten ei ressursbruk svarandre til 2008 eller ei auke i ressursane. Informasjonane frå kartlegginga blei oversendt Helsedirektoratet innan fristen.

Omlag kr 3.5 mill blei i 2009 gjeven som fullmakt frå Helsedirektoratet til tilskott til videreutdanning for kommunalt tilsette med høgskolekompetanse i Rogaland. Studentane har i all hovudsak nytta vidareutdanningstilbodet ved Universitetet i Stavanger (psykisk helsearbeid for vaksne) eller Høgskolen Stord / Haugesund (psykososialt arbeid blant barn og unge). Fylkesmannen har vore medlem i kvalitetsnemnda for vidareutdanning ved Høgskolen Stord / Haugesund.

Intensjonane i psykisk helsearbeid synes i all hovudsak å bli fulgt godt opp i den einskilde kommune, sjølv om det er ei utfordring for fleire å halda oppe fokus på dette viktige arbeidet. Fleire tilsette med stadig høgare kompetanse gjer ein god jobb på feltet. Ei rekke gode og kreative løysningar er vidareførte eller starta opp. Det synes å vera ei utfordring for fleire kommunar å få til gode løysningar på boligområdet. Likeins er det framleis utfordringar når det gjeld å etablera smidigare samarbeidsløysingar mellom kommunar og spesialisthelsetenesta. Samarbeidsavtalar er på plass, og fleire av dei er under revisjon og evaluering. Arbeidet med individuell plan synest likeins å vera ei utfordring å få til på ein god og systematisk måte. Fylkesmannen har ikkje makta å følgja opp eigne mål for vitjing av einskildkommunar og -tiltak innan psykisk helsearbeidsfeltet i 2009, men har i hovudsak halde kontakten gjennom telefon eller epost.

Fylkesmannen har faste, kvartalsvise møter med brukarorganisasjonane. Her deltek også fylkeskoordinator for psykiatrifeltet i NAV. Fylkesmannen har i tillegg faste møter med NAV fylket.

Det er etablert gode og regelmessige samarbeidsfora mellom DPS, tilstøytande kommunar og Fylkesmannen i Dalane, Jæren, Sandnes og Haugalandet. I to av desse fora er også rusområdet inkludert og rusrådgjevar hos Fylkesmannen deltek.

Fylkesmannen har gjennomført dagssamling for kommunane i Helse Fonna - området og NAPHA på Stord hausten 2009. Samlinga blei arrangert i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland.

Resultatområde 88 Rusområdet

88.1 Alkoholloven

Fylkesmannen i Rogaland har behandlet 24 saker i 2009, hvorav fire var klagesaker og tre gjaldt søknad om statlig skjenkebevilling.

Klagesakene gjaldt:

- En klage på vedtak om skriftlig advarsel for brudd på alkoholloven.
- En klage på inndragning av skjenkebevilling.
- To klager på avslag vedr. søknad om skjenkebevilling.

De tre skjenkebevillingene som ble gitt gjaldt tre båter eid av Tide sjø AS

Fylkesmannen har ikke gjennomført kontroller utover de som er gjort av kommunen/ brannvesenet og som sendes til Fylkesmannen for kontroll.

Veiledningen overfor kommunene består for det meste i å svare på telefonhenvendelser. Fylkesmannen får noen henvendelser i måneden, men sjeldnere enn hver uke.

Ressursforbruk: ca 10 uker

88.2 Rusmiddelarbeid

Fylkesmannen har hatt informasjonsmøte for alle kommer inRogaland om de ulike tilskuddsordningene.

Det er etablert kompetansegruppe på rusområdet som har møter 4 ganger i året. Her deltar både kommuner, spesialisthelsetjeneste, UIS og Høgskolen Stord/Haugesund. Gruppa har medansvar for kompetetansetiltak rettet mot kommuner og felles mellom kommune og spesialisthelsetjeneste.

Fylkesmannen har invitert alle kommuner i Rogaland samt LAR Helse Stavanger, LAR helse Fonna og brukere til LAR samling/nettverk. Fokus har vært bedre samarbeid rundt og oppfølging av LAR brukere. (62 deltakere) Fylkesmannen bidrar i allerede eksisterende LAVnettverk og samlinger.

Fylkesmannen har i samarbeid med Jæren DPS arrangert kurs i fysisk aktivitet og rus for deltakere fra kommuner og spesialisthelsetjenesten (90 deltakere)

I samarbeid med Kompetansesenteret er det laget kompetanseplan for rusområdet og det har vært arrangert 2 grunnkurs/grunnopplæring rus for ansatte i kommunene i Rogaland. (150 deltakere)

Fylkesmannen har i samarbeid med kompetansesenteret bistått kommunene i arbeidet med ruspolitiske handlingsplaner.

Fylkesmannen har besøkt alle de 16 kommunene i Rogaland som har mottatt tilskudd til kommunalt rusarbeid, og har fulgt opp kommuner/instanser som har fått midler til etter og videreutdanning.

Fylkesmannen har bidratt i forhold til tidlig intervension og fokus veilederen "fra bekymring til handling" gjennom konferansen "Tidleg ute-kven tek ansvar?"(210 deltagere)Konferansen var samarbeid på tvers av ulike satsinger hos Fylkesmannen og alle instanser i kommunen som kommer i befatning med barn/unge ble invitert.

Fylkesmannen har anmodet kommuner om å søke kompetansetilskudd og fulgt opp disse.

I Rogaland er Haugesund kommune den eneste som er med i tillitspersonforsøket. Kommunen er fulgt tett opp og det er etablert samarbeidsmøter 4 ganger årlig mellom Fylkesmannen i Rogaland;Hordaland og Sogn og Fjordane og tillitspersonskommunene.

Fylkesmannen deltar i referansegruppe for videreutdanning rus ved UIS og Høgskolen Stor/Haugesund.

Rusrådgiver og psykiatrirådgiver deltar sammen i ulike rus/psykiatriske fora . Disse representerer både kommuner og spesialisthelsetjeneste.

Fylkesmannen har et nært samarbeid med brukere/brukerorganisasjoner både gjennom deltakelse på møter i HUSK og gjennom at brukere/pårørende inviteres til de ulike nettverkssamlinger og kurs. Spesielt på LARnettverk og boligsosiale nettverk har deltakelsen fra brukere(rus) vært god.

Rusrådgiver har samarbeidet om tema for NAVledersamling.

Fylkesmannen har i samarbeid med kompetansesenteret arrangert kurs om oppfølging av brukere med rusproblematikk for hjemmetjenestene i kommunen (130 deltagere)

Fylkesmannen har gjennom kurs og oppfølging av prosjektkommuner hatt fokus på individuell plan.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMRO	Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 75 og 86	45	113	45 113
Resultatområde 76 og 77	140		140 0
Resultatområde 81	184		184 0
Resultatområde 82	428		428 0
Resultatområde 83	45		45 0
Resultatområde 84 og 85	24		24 0
Resultatområde 87 og 88	0	60	0 60
Sum:	866	173	866 173

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

81.1 Planlagte tilsyn

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Rogaland gjennomførte 11 av dei 13 planlagte systemrevisjonar i 2009. Den totale arbeidsbelastninga på medlemmane i revisjonslaga er årsaka til at to av våre planlagte tilsyn ikkje blei

gjennomført som planlagt.

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Rogaland gjennomførte tilsyn med helse og sosiale tenester til barn som oppheld seg i barne- og avlastningsbustader i kommunane; Gjesdal, Suldal, Sandnes og Strand.

Tilsynet undersøkte om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar, at barn i barne- og avlastningsbustader får dekka sine behov for helse og sosial tenester. Det vart undersøkt om kommunane:

- Ivaretak barna sin rett til samvær med andre, har eit meiningsfullt daglegliv og deltar i fritidsaktivitetar under opphaldet
- Ivaretak barn med spesielle ernæringsbehov
- Yter pleie og omsorg tilpassa barna sin helsetilstand
- Har forsvarleg legemiddelhandtering
- Er fysisk tilrettelagt for barna

Tilsynet avdekkja svikt i alle kommunane på eit eller fleire av områda. Avvika var mellom anna grunna i desse forholda:

Bemanning, kompetanse og planlegging av tenestene

Utstrakt bruk av ufaglærte, mangefull opplæring, stor utskifting av personale og bruk av små stillingsbrøker gjer tenestene til barn i barne- og avlastningsbustader særleg sårbare. Manglande rutinar for kartlegging av barna og deira særlege behov, lite planlegging og tilrettelegging av opphalda forsterkar inntrykket.

Dokumentasjon og informasjon.

Informasjon som kommunane har om borna er ofte fragmentert, lite oversiktelege og tilgjengelege for dei tilsette som skal yte helse og sosiale tenester. Opplysningar mellom dei tilsette om barna og tenesteytinga blir ofte formidla munnlig og/eller nedtekna i handskrivne notat. Kommunane har i liten grad rutinar for kva som skal dokumenteras og korleis det skal gjeras.

Desse manglane kan gjera det vanskelig for dei tilsette å halda oversikt på spesielle behov og forhold knytt til det enkelte barn og innverknaden på tenesteytinga.

Legemiddelhandtering

Tilsynet avdekkja at kommunane ikkje sikrar forsvarleg legemiddelhandtering fordi dei brukar personell utan tilstrekkeleg opplæring eller kompetanse. Fleire kommunar hadde heller ikkje sikra at bustadene har tilstrekkelege rutinar for å kontrollera og følgja med på om legemiddelhandteringen er trygg. På området var det mangelfulle skriftlege rutinar for korleis ein skal sikra forsvarleg legemiddelhandtering

Internkontroll

Kommunane har framleis store manglar i sin internkontroll på sosial –og helseområdet. Nokre kommunar har ikkje ein fungerande internkontroll på området sjølv om dette har vore ei plikt for kommunane sidan 2003. Fleire stader var dei tilsette ikkje kjende med kravet om internkontroll eller om kommunen hadde slik oppføljing av deira arbeids- og ansvarsområde. Leiinga i kommunane hadde i liten grad plan for korleis ein skal føre internkontroll med helse- og sosiale tenester generelt og med barne- og avlastningsbustader spesielt.

Tilsyn med helse- og sosiale tenester til rusmiddelmisbrukarar som har fullført behandling i rusinstitusjon for sitt misbruk og/eller som vert lauslatne fra soning i fengsel

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Rogaland gjennomførte tilsyn med helse- og sosiale tenester til rusmiddelmisbrukarar som har gjennomført behandling i rusinstitusjon for sitt rusmiddelmisbruk og rusmiddelmisbrukarar som vert lauslatne fra soning i fengsel i 3 kommunar. Karmøy, Time og Stavanger ved Hillevåg og Hinna helse- og sosialdistrikt var kommunane som det vart ført tilsyn i.

Tilsynet omfattet planlegging og iverksetting av helse- og sosiale tenester til rusmiddelmisbrukarar som kjem attende til kommunen etter fullført behandling og/ eller etter endt soning i fengsel. Det omfatta m.a. om kommunen

- sikra at brukarane får naudsynt informasjon og rådgjeving om helse og sosiale tenester,
- følgjer opp, planlegg og set iverk naudsynte tiltak og tenester ved utskriving frå behandling og/ eller ved endt soning.
- om brukarane sin rett til medverknad og rett til individuell plan vart ivaretatt
- medverka til å skaffa bustad og evt. mellombels husvære.

I tilsyna var det særleg to områder som peika seg ut som problematiske for kommunane. Det eine var i høve til bustad, både mellombels og permanent. Her var det mangel på eigna bustader i rusfrie miljø og mellombels husvære som oppfyller krava om minstestandard. Det andre var arbeidet med å utarbeide og ta i bruk individuell plan i arbeidet med rusmiddelmisbrukarar.

Tilsynet avdekkja svikt i 2 av kommunane. Avvika omhandla:

- manglande rutinar som sikra at individuell plan (IP) vart gjennomført, evaluert og justert, evt. avslutta.
- manglande sikring av at det alltid vert fatta vedtak om praktisk bistand/ miljørarbeiderteneste, og at alle vedtak angir omfang, innhold og periode vedtaka gjeld for.
- manglande sikring av at dei husværa som kommunen nyttar mellombels har forsvarleg standard.

Det vart gjeve merknad i høve til at kommunen ikkje alltid sikra at rusmiddelmisbrukarar etter fullført behandling for sitt rusmiddelmisbruk vart tilbode bustad i eit bumiljø som ikkje var rusbelasta.

Tilsyn med kommunale helse-, sosial- og barneverntenester til utsette barn og unge i skolepliktig alder.

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Rogaland har gjennomført tilsyn med kommunale helse-, sosial- og barneverntenester til utsette barn i skolepliktig alder i tre kommunar. Sauda, Eigersund og Forsand var kommunane som det vart utført tilsyn i.

Tilsynet var ei vidareføring av det landsomfattande tilsynet initiert av Barne- og likestillingsdepartementet og Statens helsetilsyn i 2008. Tilsynet granska om dei tre kommunale tenestene ved behov samarbeida om å gje utsette barn rette tiltak og tenester til rett tid.

Tilsynet avdekkja svikt i to av dei tre kommunane. Avvika som vart gitt var som i 2008.

Nokre sentrale observasjonar kan oppsummerast slik:

- Fleire tenester manglar formelle samarbeidsarenaer for å fange opp dei utsette barna.
- Kommunen si leiing følgjer ikkje systematisk opp samarbeid mellom dei ulike tenestene.
- Manglande kunnskap om begrepet meldeplikt og kommunen si leiing har ikkje systemer som fangar opp kven som melder i kommunen.
- Store manglar i dokumentasjon av løpende tjenesteyting.

81.2 Områdeovervåking

- Fylkesmannen har formidla våre risikovurderinger knytt til tjenester for mennesker med psykiske lidelser til Statens helsetilsyn gjennom de årlege prioriteringsinnspill for 2011:
- Erfaringar frå systemrevisjonar, møter med kontaktpersonar i kommunene og samtalar med brukerorganisasjonane tilsier at tilsyn med samarbeid, samhandndling og kommunikasjon mellom 1.-2.

linjetjenesten bør vurderast.

- Våre erfaringar frå klagebehandling PHL § 4-4. tilsynsbesøk, kartleggingstilsyn, besøk i kommunale botiltak samt meldingar frå kontrollkomiajoene for psykisk helsevern tilslter at tilslsyn gjennomførast med rettighetsbegrensningar og tvangsbruk.
- Rapportering frå kommunana, telefonkartlegging jf. oppdrag frå Helsedirektoratet, munlege bekymringsmeldingar frå kontaktpersonar i kommunana samt erfaringar frå faste møter med brukerorg. om manglende oppfylling av intensjonana i Opptrappingsplanen i kommunane tilslter at vi vurderer at tilslsyn bør vurderast.

81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

Fylkesmannen har behandlet 217 klagesaker i 2009. I 36% av sakene var saksbehandlingstida under 3 mnd

81.4 Spesielle oppgaver etter sosialtjenesteloven kap. 4A

Statistikkdata for 2009 er oversendt Statens helsetilsyn innen fristen. Fylkesmannen mottok til sammen 2625 enkeltmeldinger om skadeavvergende tiltak i nødssituasjoner i 2009. Fortsatt antar vi at dette tallet sannsynligvis er noe lavere enn den faktiske tvang- og maktbruken som foregår. Flere av de meldingene vi har mottatt er av en slik karakter at de indikerer tvangsbruk som er forholdsvis omfattende, og at dette har foregått over tid.

Fylkesmannen tar i slike tilfeller kontakt med kommunen og henviser til spesialisthelsetjenesten med henblikk på å arbeide med saken gjennom andre løsninger eller ev. enkeltvedtak.

Det er fattet til sammen 69 enkeltvedtak hjemlet i kap 4A. Fylkesmannen har ført stedlig tilslsyn med 20 av disse i 2009. I 60 av 69 vedtak er det behov for dispensasjon fra utdanningskravet. Dette er bekymringsfullt, siden det er mer regel enn unntak at slik dispensasjon må gis. Fylkesmannen tilbyr kortkurs i kap 4A eller veiledningsmøter for tjenesteyterne / ledere med mål om å heve den generelle kompetansen. Vi gjennomførte således 6 kurs og 18 veiledningsmøter i 2009. I samarbeid med NFU Rogaland fylkeslag arrangerte vi dagskonferanse om "ti år med sosialtjenesteloven kap 4A".

81.5 Andre oppdrag

Se fortløpende rapporteringer til Statens Helsetilsyn

81.6 Hendelsesbasert tilslsyn

Fylkesmannen behandlet 5 tilsynssaker. I tre av sakene ble det ikke funnet nødvendig med tilsynsmessig oppfølging. I to saker har fylkesmannen funnet grunnlag for å følge kommunen opp slik at vedtak ble fattet og iverksatt i henhold til lovverket.

Resultatområde 82 tilslsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen

Sjå underpunkt

82.1 Hendelsesbasert tilslsyn

Helsetilsynet i Rogaland har i 2009 behandlet 127 hendelsesbaserte tilsynssaker. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid var 166 dager.

Helsetilsynet i Rogaland har mottatt 3 muntlige henvendeser fra politiet med spørsmål om etterforskning. Der er gitt 6 skriftlige tilrådinger til politiet om etterforskning.

Helsetilsynet i Rogaland har i 2009 ikke bedt politiet etterforske sak uten forutgående henvendelse fra politiet.

82.2 Planlagt tilsyn

Helsetilsynet i Rogaland gjennomførte 18 av 21 planlagte systemrevisjonar. Det blei gjennomført eit uanmeldt tilsyn med overbelegg på Stavanger universitetssjukehus og kartleggingen av barselomsorga inklusive helsestasjonanes rolle på bekostning av antallet systemrevisjonar. Videre bortfalt to felles helse-, sosial og barnevern tilsyn grunna arbeisdbalastninga på medlammene i revisjonsteamet (rapp pkt 81.1)

Tilsyn med legemiddebehandling i sjukeheim i Tysvær og Sola kommune

Tilsynet ble gjennomført som ein systemrevisjon og undersøkte om kommunen har lagt til rette for at helsepersonell som deltek i legemiddelbehandlinga ved sjukeheimen kan utføra sine oppgåver på forsvarleg vis.

Den individuelle plikta kvart enkelt helsepersonell har til forsvarleg yrkesutøving inngår ikkje i dette tilsynet. Det gjer heller ikkje det medisinskfaglege skjønnet som ligg til grunn for den legemiddelbehandlinga kvar einskild pasient får.

Tilsynet var særleg retta mot:

- Organisering av verksemda, fordeling av ansvar, oppgåver og mynde
- Kompetanse og personellstyring
- Tiltak for å legga til rette for god praksis og retta opp og å førebyggja svikt
- Leiinga si oppfølging av verksemda

Tysvær kommune: Nedstrandtunet aktivitet og omsorgssenter

Tilsynet avdekte to avvik frå krav i helselovgivinga:

1. Kommunen har ikkje sikra at Nedstrandstunet har eit forsvarleg system for vurdering av sjuheimspasientane sin legemiddelbruk
2. Kommunen har ikkje sikra at Nedstrandtunet har forsvarlege system for dokumentasjon av legemiddelbehandling av sjuheimspasientar.

Sola sjukeheim:

Tilsynet avdekte ingen avvik.

Tilsyn med tjenester til beboere i kommunal omsorgsbolig som har omfattende behov, Haugesund kommune:

Det vart avdekkja to avvik:

1. Kommunen sørger ikke for forsvarlig saksbehandling ved fornying av vedtak og sikrer ikke at det fattes vedtak eller beslutning om tildeling av støttekontakt og fysioterapi.
2. Kommunen sikrer ikke at tjenestemottakerne får forsvarlige tjenester i tråd med reelle behov, vedtak og plan for oppfølging.

Systemrevisjonar gjennomført i spesialisthelsetenesta:

Landsomfattande tilsyn med Sola DPS

Det vart funnet 3 avvik

- 1) Praksis på å avvise og gi avslag på søknader til poliklinikk og sengeposter samsvarer ikke alltid med bestemmelsene i pasientrettighetsloven ved at noen avvises og avslås på feil grunnlag.
- 2) Sola DPS har ikke tilstrekkelig styring med den utredning og behandling som foregår ved poliklinikken.
- 3) Journalene ved Sola DPS inneholder ikke alltid nødvendige og tilstrekkelig opplysninger

Landsomfattande tilsyn med Ryfylke DPS, Helse Stavanger

Det vart funnet 3 avvik:

- 1) Ryfylke DPS har ikke sørget for tilstrekkelig spesialistkompetanse.
- 2) Alle prosedyrer er ikke kjent for alle ansatte.
- 3) Det skrives ikke journal(notat) av behandler (lege eller psykolog) på alle pasienter som legges inn ved sengeposten.

Håndtering av avvik ved Stavanger universitetssjukehus, intensivavdelingen, post 1H

Det var funnet 1 avvik

- 1) SUS sikrer ikke at alle deler av systemet for håndtering av avvik fungerer som forutsatt.

Rehabilitering av pasienter med hjerneslag ved Helse Stavanger HF, Stavanger universitetssjukehus

Tilsynet vart gjennomført med regionalt team

Det vart ikkje funnet avvik eller merknader

Bruk av kontrolltiltak ved Frelsesarmeens Behandlingscenter i Stavanger

Det vart funnet 1 avvik

Det føres ikke protokoll i forhold til krav i kap 5 i forskrift om sosiale tjenester

Tilsyn gjennomført i petroleumsverksemda:

Tilsyn med beredskap og helse.

Tilsynet ble gjennomført som ein systemrevisjon med Petroleumstilsynet.

Formålet med tilsynet var å sjå til at førstehjelp, behandling og transport var i samsvar med regelverkskrava.

Tilsynet ble gjennomført på Oseberg A (Statoil) og West Alpha (Seadrill).

På Oseberg A ble det avdekt 1 avvik:

Opplæringen av sjukepleiarane er ikkje tilstrekkeleg sikra.

På West Alpha ble det avdekt 2 avvik:

Førstehjelpsutstyret i arbeidsområdene var nokon stader ikkje i orden, andre stader ikkje tilgjengeleg.

Det var ikkje gjort ein systematisk gjennomgang for å hindre uforenlege oppgåver i beredskapsorganisasjonen.

Tilsyn med legemiddelhandtering.

Det er gjennomført flere tilsyn med legemiddelhandtering.

Tilsynet blei gjennomført på Ekofisk 2/4K , Tor 2/4 E og på Bredford Dolphin.

Tilsynet på Ekofisk 2/4K , Tor 2/4 E avdekte 1 avvik:

Sjukepleiarane har adgang til å dele ut medikamenter utan at lege er rådspurt. Dette kan dei gjera utan personleg delegasjon til oppgåva.

Tilsynet på Bredford Dolphin avdekte 2 avvik:

Utdeling av legemidler blir ikkje registrert

Internkontrollen med legemidler er mangelfull.

Tilsyn med hygiene:

Det er utført en rekke tilsyn med tilrettelegging for hygiene som har avdekt at ein del eldre innretninger er prega av gamle materialer med til dels manglande vedlikehald. Dette gjer tilfredstilende reinhald vanskeleg å gjennomføre.

Petroleumstilsynet har bedt om innspill til samsvarsfråsegn (SUT) på 9 innretningar.

Petroleumstilsynet har bedt om innspill til vel 90 samtykkesaker.

82.3 Områdeovertakking

- Våre risikovurderingar knytt til tjenester for mennesker med psykiske lidelser er formidla til Statens helsetilsyn gjennom de årlige prioriteringsinnspill for 2011:
- Erfaringar frå systemrevisjonar, møter med kontaktpersonar i kommunene og samtalar med brukerorganisasjonane tilsier at tilsyn med samarbeid, samhandndling og kommunikasjon mellom 1.-2. linjetjenesten bør vurderast.
- Våre erfaringar frå klagebehandling PHL § 4-4. tilsynsbesøk, kartleggingstilsyn, besøk i kommunale botiltak samt meldingar frå kontrollkomiajøene for psykisk helsevern tilsier at tilsyn gjennomførast med rettighetsbegrensningar og tvangsbruk.
- Rapportering frå kommunana, telefonkartlegging jf. oppdrag frå Helsedirektoratet, munlege bekymringsmeldingar frå kontaktpersonar i kommunana samt erfaringar frå faste møter med brukerorg. om manglande oppfylling av intensjonana i Opptrappingsplanen i kommunane tilsier at vi vurderer at tilsyn bør vurderast.

82.4 Klager etter helsetjenestelovgivningen

Helsetilsynet Rogaland behandlet 100 rettighetsklager i 2009 hvor av 54 av disse var klage på rett til syketransport.

Gjennomsnittlig behandlingstid for klager på syketransport var 93 dager. For de andre sakene var gjennomsnittlig behandlingstid 59 dager.

Når det gjelder saker ettr pasientrettighetsloven kap 4A vises til særskilt rapportering om dette til Statens helsetilsyn.

82.5 Andre oppdrag

Se forløpende rapporteringer til Statens Helsetilsyn

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Avkjørselssaker etter vegloven

Fylkesmannen har ikkje behandla nokon klagesaker etter veglova i 2009.

Ressursrapportering

Resultatområde

FMRO

Sum

1510 Fagdep. 1510 Fagdep.

Resultatområde 91 og 92	0	0
Sum:	0	0

Utenriksdepartementet

Resultatområde 93 Apostiller

Arbeidsoppgåva aukar, i 2009 hadde vi 5760 apostiller. Dette er omlag 700 fleire enn i 2008.

Resultatområde 94 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Ingen saker i 2009

Ressursrapportering

Resultatområde	FMRO	Sum
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 93 og 94	14	14
Sum:	14	0

Kultur- og kirkedepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Årsrapport for tros- og livssynssamfunn i Rogaland, 2009.

Fylkesmannen utbetalte i overkant av kr. 4,8 millioner i statsstøtte til tros- og livssynssamfunn i 2009, dette er om lag 800 000,- kroner meir enn i fjor.

Det var i alt 57 trussamfunn som søkte om statstilskott i Rogaland i 2009. Av disse var det to trossamfunn som fikk avslag. Disse oppfylte ikke vilkårene for tilskudd på bakgrunn av manglende reknskap og årsmelding.

Islamske opplæringssenter er fortsatt det største av trossamfunnene i Rogaland. I 2009 hadde trossamfunnet 1419 medlemmer mot 1128 i 2008. Det er en auke på 291 medlemmer på eit år.

Stortinget vedtok våren 2009 en tilleggsbevilgning på 68 mill. kroner til demokratireformen i Den norske kirke. Som følge av at tilskuddet til tros- og livssynssamfunn skal tilsvare om lag statens budsjetterte utgifter til Den norske kirke, ble det kompensert tros- og livssynssamfunn for denne tilleggsbevilgningen. Trossamfunnene fikk derfor et tillegg til tilskuddssatsen på 18 kroner pr. medlem, som ble utbetaadt i desember.

Fylkesmannen melder om positive røynsler med at Brønnøysundregistra har overtatt arbeidet med medlemslister for trussamfunna, noko som i stor grad har forenkla og forbetra arbeidet med utbetaling av statstilskot.

Kultur- og kirkedepartementet har i inneværende år hatt en opprydding i dobbeltføringen av medlemskap knyttet opp mot Den Norske Kirke og Fylkesmannen håper å kunne se mindre dobbeltføringer ved neste års utbetaling av statstilskudd

I 2009 er det foretatt følgende registreringer:

Menigheten Kristen Tjeneste er gått fra å være en stiftelse til å bli registrert som trossamfunn. Menigheten har også fått vigselrett.

I tillegg har Fylkesmannen registrert namneendring for eitt trussamfunn: Kristkirken i Tananger har skifta namn til Kristkirken Sola.

I 2009 ble det foretatt 33 registreringer av pastor/forstanderbytte.

Resultatområde 96 Gravferdsloven

Vi har motteke 22 søknader om oskespreiing i 2009.

Av desse fekk:

6 avslag

10 vart godkjent

5 sendt i retur til søker då det vart søkt om oskespreiing i anna fylke enn Rogaland.

1 søknad vart trekt

1 søknad vart påklagd

Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

Vi har behandla 4 saker om søndagsopning i 2009. Alle har fått avslag.

Vi har også skrive brev til ein del næringsdrivande i tilfelle der vi er gjort merksame på tilfelle av søndagsopning som kan vera av ulovleg karakter.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMRO	Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 95, 96 og 97	21	21	0
Sum:	21	0	21

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

Fylkesmannen i Rogaland arbeider for å vere bevisst i sin løns- og personalpolitikk. Vi merker framleis eit stort press på lønnsnivået, framleis noko for høg turn-over (ca. 10%) og få søkjarar til mange av stillingane. Vi ser at vi må møte utfordringane med å beholde og rekruttere medarbeidarar med høgare lønn, noko som utarmar budsjetta våre.

Vi har ikkje rekruttert nye tilsette med nedsett funksjonsevne i 2009.

Vi legg vekt på å leggja tilhøva til rette slik at tilsette til ei kvar tid har ein best mogleg arbeidsplass både fysisk og psykisk.

Både AMU og leiargruppa har hatt fokus på sjukefråvert i 2009 og vi ser nedgang i det samla sjukefråveret frå 7% i 2008 til under 5% i 2009.

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2008	% 2008	Antall 2009	% 2009
FMRO	4	2,4	4	2,35
Sum	4	0	4	0

98.2 Kompetanseutvikling

Alle avdelingar avsette eigne midlar til kompetanseheving. Embetes personalplan har eit eige kapittel om kompetanse.

Vi har i liten grad tatt i bruk kompetaseplanar.

Meistring og trivsel var temaet på eit felles seminar for embetet.

Fordeling menn/kvinner i lederstillingar

Embete	Kunngjorte lederstillinger	% tilsatte kvinner	% tilsatte menn	Antall kvinnelige ledere	Antall mannlige ledere
FMRO	7	29	71	6	9

Fordeling av kompetansemidler

Embete	% kompetanse kvinner	% kompetanse menn	% under 50 år	% over 50 år
FMRO				

98.3 Medvirkning

Grunnlaget for medverknad og samarbeid i embetet finn ein Hovudavtala med vår eigen tilpasningsavtale, personalpolitiske retningslinjer og ein fast møtekalender (årshjul) for dei ”faste postane”.

Embetet har eit samarbeidsutval mellom toppleiing og hovudsamanslutningane. I tillegg til medverknad på embetsnivå, har dei fleste avdelingane eit fast opplegg på samarbeid i avdelingane.

I år har vi hatt ein felles opplæringsdag for tillitsvalte og leiarar.

Embetet har deltatt i prosjektet samarbeid og medbestemmelse i region sør.

Som ein del av dette prosjektet har vi også arrangert ein eigen samling for Rogaland.

98.4 Likestilling og likeverd

Innan embetet blir likestilling ivaretatt av, personalplanen, tilpasningsavtalen og lønnspolitikk.

Ei intern arbeidsgruppe har i oppgåve å leggja fram ein eit forslag om livsfasepolitikk.

Vi har også kvalitetsrutinar og prosedyrar for saksgang og tenesteveg i arbeidsmiljøsaker, samt rutine for varsling

Fylkesmannen har totalt sett rimeleg god balanse mellom kvinner og menn i arbeidsstokken, med ein overvekt av kvinner. Det er likevel store variasjonar avdelingane mellom. Dei siste åra har det vore sett særskilt søkjelys på lønnskilnader og talet på kvinner i leiande stillingar.

98.5 Føringer på IKT-området

Arbeidet med informasjonstryggleik vert følgt opp gjennom det daglige arbeidet.

FAD har tildelt Fylkesmennene midlar til eit felles tryggleiksprosjekt, dette er positivt og kosteffektiv arbeidsmetode. Tryggleiksprosjektet la i 2009 fram ein felles informasjonstryggleikspolicy med løysningsforslag .

Vi har innrapportert status på dette området.

Microsoft lisensar er kontrollert og rapportert.

Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Ingen rapportering i 2009, arbeidet har for det meste vore knytt til endringar av opplysningar

Ressursrapportering

Resultatområde	FMRO	Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 99	2	0	2
Sum:	2	0	2